

# **Årsrapport 2009**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 3
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 5
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 12
Kongehuset	Side 12
Miljøverndepartementet	Side 12
Landbruks- og matdepartementet	Side 16
Kunnskapsdepartementet	Side 30
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 44
Justis- og politidepartementet	Side 46
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 50
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 54
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 59
Statens Helsetilsyn	Side 74
Samferdselsdepartementet	Side 77
Utenriksdepartementet	Side 77
Kultur- og kirkedepartementet	Side 77
Fomyings- og administrasjonsdepartementet	Side 78

## Kapittel 1 - Om embetet

### 1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

Årsrapporten frå Fylkesmannen i Hordaland viser breidde og variasjon i oppgåvene med klagesaksbehandling, utøvande forvaltningsmynde, tilsyn og kontroll. Embetet legg stor vekt på kvalitet i saksbehandlinga og kort saksbehandlingstid. Det er viktig at brukarane opplever at det er tilfelle.

Fylkesmannsembetet er eit informasjonspunkt og arrangerer årleg 50-60 konferansar og seminar for kommunar, institusjonar, friviljuge organisasjonar og andre.

Fylkesmannen har eit særlig samordningsansvar for all offentleg forvaltning i fylket. Gjennom kommunemøte, regionmøte, konferansar, seminar og regionalt statsettleiarforum i Hordaland utøver vi dette ansvaret på ein aktiv måte.

Dei seinare åra har vore prega av høg økonomisk aktivitet og press på verna områder. Embetet har i 2009 hatt særskilt fokus på arbeidet med klagesaker etter Plan- og bygningslova og har nytta store ressusar grunna stor auke i saksmengde dei siste åra.

Folketal pr. 1. januar 2010 syner at Hordaland framleis veks meir enn landet samla, men det er store regionale skilnader. Omlandkommunar til Bergen har hatt opp til tosfra prosentvis vekst i folketalet dei siste fem åra, mens innlandskommunanen har hatt ein jamn tilbakegong.

Etter eit svært godt år i 2006 for kommuneøkonomien, fekk vi ei svekking for 2007 og særleg i 2008. Fylket har kommunar med store fond - desse fekk ein bratt nedtur. Vi ventar at tala for 2009 vil syne ei betring i gjennomsnitt, men at det framleis vil vere svakare enn 2006 og 2007.

Som nemnt i fjor er det eit uttrykk for den økonomiske ståa at stadig fleire kommunar innfører generell eigedomsskatt. I 2006 var det 26 kommunar med eigedomsskatt på verk og bruk, men berre fire kommunar hadde skatt på bustader med meir (egentleg fem, men ein kommune avvikla). Pr. 2010 er det 15 kommunar.

Bergen, Odda, Voss og Vaksdal kommunar har hatt slik skatt lenge. Såleis kan vi si at 75 - 80 prosent av innbyggjarane i fylket bur i ein kommune med generell eigedomsskatt.

Fylkesmannen legg vekt på tett samkvem med kommunane for ei best mogleg samhandling mellom kommune og stat.

### 1.2 Rapportering på ressursbruk

#### 1.2.1 Embetet som helhet

Rekneskapsresultatet for 2009 viste på kap. 1510 post 01 eit mindreforbruk på kr. 240 000. Tilsvarende resultat i 2008 var 2,8 mill kroner. Hovedårsaka til denne skilnaden er at det i fjor var lågare vakanse enn det embetet har hatt dei seinare åra.

Fagsystema på økonomiområdet er godt utnytta, og dette gjer at vi har god oversikt og styring over embetets økonomi gjennom året.

Departement	FMHO		Sum	
	<b>1510 Fagdep.</b>		<b>1510 Fagdep.</b>	
Kongehuset	9		9	0
Miljøverndepartementet	1329	131	1329	131
Landbruks- og matdepartementet	1194		1194	0

Kunnskapsdepartementet	573	200	573	200
Barne- og likestillingsdepartementet	375		375	0
Justis- og politidepartementet	200		200	0
Kommunal- og regionaldepartementet	639		639	0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	207	100	207	100
Helse- og omsorgsdepartementet	532	269	532	269
Statens Helsetilsyn	763		763	0
Samferdselsdepartementet	6		6	0
Utenriksdepartementet	15	0	15	0
Kultur- og kirkedepartementet	18		18	0
Fornyings- og administrasjonsdepartementet	4	0	4	0
Administrasjon	1108	0	1108	0
Embetsledelse	90	0	90	0
Sum:	7062	700	7062	700

### 1.2.2 Det administrative området

Område	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Embetsledelse (FM og ass. FM)	90	0	90	0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	45	0	45	0
Arkiv	435	0	435	0
Regnskap og lønn	203	0	203	0
Personal	112	0	112	0
IKT	135	0	135	0
Informasjon	23	0	23	0
Ekspedisjon/forværelse	155	0	155	0
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)			0	0
Landsdekkende oppgaver på administrativt område			0	0
Sum:	1198	0	1198	0

### 1.3 Andre forhold

#### Miljøtiltak

Fylkesmannen skal følge opp Handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlige innkjøp. Som eit ledd idette arbeidet vart embetet i 2009 kontrollmedlem i Grønt Punkt Norge AS, og vi stiller med dette krav til våre leverandørar om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eigen handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

Fylkesmannen i Hordaland har og ei sentral rolle som pådrivar og samordner i arbeidet med Knutepunkt Hordaland. Knutepunkta er etablert som prosjekt for å sikre større gjennomslagskraft for miljø og samfunnsansvar i offentlige innkjøpsprosessar, og skal vere ei fagleg støttetjeneste for offentlige verksemdar. Ass.fylkesmann er leiar for styringsgruppa i Knutepunkt Hordaland, medan den praktiske gjennomføringa er lagt til Innkjøpsavdelinga i Bergen kommune.

Internt i Statens Hus arbeider fylkesmannen saman med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingsystem. Vi har idag høg sorteringsgrad på avfall, og vurderer å innføre ei tredjeparts sertifisering tilpassa verksemda, til dømes Miljøfyrtårnet si ordning.

#### Innkjøp

Embetet har føremålstenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket i samband med innkjøp. I 2009 har det vore sett igang tiltak for å auke kompetansen på regelverket for offentlige innkjøp. Embetet har eigen innkjøpskoordinator som og er medlem av innkjøpsforum. Embetet har tatt i bruk Merzell KGV løysing, og vi har i fleire år hatt eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyning av offentleg sektor

Fylkesmannen i Hordaland har i 2009 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen og å rettleie kommunane i forvaltning og forståing av lovgrunnlag og økonomi for å styrke rettsikkerheita og bidra til en stabil kommuneøkonomi.

Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var klimautfordringar, ny Fylkes-ROS, Svineinfluensa, ny plan- og bygningslov, ny Naturmangfaldslov, NAV og forvaltningsreforma blant tema til føredrag og debattar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, og for 2009 har vi fortsatt arbeidet med tema som barn- og unges oppvekstmiljø, samfunnssikkerheit og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker nemnast. Kvar 14. dag blir det haldt internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidrar til samordning innerter og utetter.

Embetet deltar på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen deltar i regionstyret for Innovasjon Noreg, og deltek aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utviklingsplan og regional næringsutvikling.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte Fylkeskommunen og inviterte kommunar.

Fylkesmannen orienterar vidare kommunen om rettigheter og plikter på dei ulike saksfelt, og gir rettleiing generell sakshandsaming og bruk av lovverk for å sikra kvaliteten på sakshandsaminga.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har òg kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt og nytta KOSTRA i vår kommunikasjon med kommunane for å syne nytten. Det hjelper - dei fleste kommunar nyttar nå KOSTRA aktivt. Nokre kommunar er sårbare på personalområdet og har ved høve ikkje overholdt frist for rapportering av førebelse tall. Fylkesmannen i Hordaland har tatt dette opp med kommunane i brevs form og ved samlingar og møter.

Fylkesmannen har også i år utarbeid ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar. Rapporten strekk seg tilbake til 2004. I tillegg er det lagt ut 2008-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane.

Vi fordelte opphøveleg ordinære skjønnsmidlar til kommunane for 2009 med 132,4 mill av ei ramme på 130,3 mill. Det vart satt av kr. 4,2 mill til prosjektstønad (kr. 4,2 mill).

Fylkesmannen har gitt prosjektstønad til interkommunale prosjekt og til kvalitetskommuneprogrammet. Embetet har eit godt samarbeid med KS regionalt. Imidlertid er vær kompetanse i tilknytting til kvalitetskommuneprogrammet ikkje blitt etterspurt.

Fylkesmannen har på oppdrag frå Barne- og likestillings departementet (BLD) og the Council of the Baltic Sea States utarbeidet og avhelde i januar eit 4-dagars kurs i systemrevisjon som tilsynsmetode. Kurset var ein pilot som dei ulike landa kan følgje opp på eige hand.

Fylkesmannen har og ved to høve vore invitert til Europarådet i Strasbourg for å halde innlegg om tilsyn med barneverninstitusjonar.

Også i 2009 har Fylkesmannen vore engasjert av SFT og DN for å halde tilsynskurs og legge tilrette for landsomfattande tilsyn med kommunen som miljøvernmyndighet innan motorferdsle og mindre avlaupsanlegg.

Fylkesmannen har i 3 år vore vassregionmyndigheit for Hordaland og Sogn og Fjordane fylke i arbeidet med den første forvaltningsplanen etter vassforskrifta. 2 prøveområde er med i denne planen. Det er Stryn vassområde og Nordåsvannet vassområde.

Fylkesmannen leiar eit Forum for lokal luftforureining og støy i Bergen kommune. Her deltek dei regionale statsetatene og kommunale etater som har ansvar for desse områda.

Det har og vore avheldt tilsynskurs i regi av utdanningsavdelingene Troms, Norland og Finnmark i Tromsø. Kurset vart til i samarbeid med utdanningsavdelinga.

## 2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Dei komande omsorgsutfordringane vart tekne opp med kommunane i fleire kurs og møte. Rettleiing vart gjeven fortløpande og vi bruke nettsida til formidling av informasjon. Embetsleiinga har lagt tilrette for at arbeidet med Omsorgsplan 2015 skal framstå som ein heilskapleg plan. Det er godt samarbeid med KS og Husbanken. Verkeleggjering av målsettingane vil ta tid. Det er behov meir differensierte tenester, større fagleg breidd i tenestene og fleire tilrettelagde dagtilbod for personar med demenssjukdom.

Spesialisthelsetenestene og kommunane har inngått samarbeidsavtaler. Utfordringa er å få avtalane til å fungere godt nok i praksis. Det er møteplassar for drøfing og vidareutvikling av samarbeidet og fleire samhandlingsprosjekt er igang.

Helsetilsynet i Hordaland har ført tilsyn med kommunale helsetenester og spesialisthelseteneste. Ved fleire tilsyn vart det funne manglar ved styringa med tenestene og svikt i oppfølginga av krav i regelverket. Tilsyn blir følgde opp inntil eigar har retta opp feil og evaluert at tiltaka fungerer som føreset. Tenestetilboda til personar med psykiske lidingar og/eller rusproblem treng ytterlegare styrking. Erfaringane frå det landsomfattande tilsynet med distriktpsikiatriske senter er oppsummert i eigen rapport.

Det er gitt mykje opplæring i pasientrettslova kapittel 4A. Det blir også gitt rettleiing i høve til manglar og feil i vedtak som vi får tilsendt. Vi har gitt opplæring om tiltak for å førebyggje underernæring og ført tilsyn med korleis kommunane sørgjer for at pasientar får nødvendig mat og drikke.

I 2009 gjennomførte vi det andre av tre seminar om kjønnslemlesting og tvangsgifte. Seminara vert arrangerte i samarbeid med ressurscenter for vald, traumatisk stress og sjølvmordsføybygging og BUF-etat Hordaland.

Nasjonale satsingar i forkehelsepolitikken er formidla i forskjellige kurs og møte og på nettsidene våre. Vi er partnar i partnerskap for forhelse i Hordaland og deltek fast i arbeidsutvalet og folkehelsegruppa.

Vi følgjer med på rapportering og utvikling innan psykisk helsearbeid for barn og unge og vaksne. Det er for tidleg å vurdere om utviklinga av tenestene held fram eller stoppar opp etter at ordninga med øyremerkte tilskot fall bort. Det er meir å hente på tiltak for å sjå arbeid med psykisk helse og rusfeltet i samanheng.

## 2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

FM fylgjer opp sitt samordningsansvar når det gjeld dei ulike satsingane retta mot barn og unge gjennom tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, hovudsakeleg gjennom arbeidet i Samordningsgruppa for barn og unge sine oppvekstvilkår, og i Plangruppa, i saker knytta opp mot Plan- og bygningslova.

Embetsoppdraget blir drøfta og samordna, og tiltak foreslått og initiert, både innan embetet og overfor kommunane. Jfr. eiga årsmelding om dette.

Hovudutfordringa er å få sektorlovgivinga og dei ulike sektorvise løyvingane og satsingane til å bli ein del av den generelle planlegginga og samhandlinga ute i kommunane.

Dei ulike avdelingane hos FM fylgjer opp sektoransvaret og dei ulike satsingane når det gjeld barn og unge, gjennom informasjonsformidling, rettleiing og rådgiving, kurs og konferansar, møter med fagfolk i kommunar og institusjonar, gjennom foredragsverksemd og tilsynsverksemda. Tilsynsarbeidet utgjer hovudarbeidsområdet for dei ulike avdelingane.

Også i 2009 har det vore fokus på målet om full barnehagedekking. Dei siste kommunane kom i mål etter planen , og embetet har fylgt opp overfor dei siste kommunane i tråd med oppdraget.

Det blir no sett fokus på dimensjonering og vedlikehald av naudsynt kapasitet.

På ulike måtar har FM arbeidd med at kravet om kvalitet i barnehagen blir ivareteke hos barnehageeigarar og kommunane som har tilsynsmynde. Det, frf. St.meld. nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen.

Det er viktig å fylgje opp når det gjeld ambisjonsnivået til at kvaliteten i barnehagane skal vere høgt. Det gjeld både nok tilsette og krav til kompetanseheving både blant ufaglærte og førskolelærarar, og at det blir rekruttert nok førskolelærarar.

Det er blitt gjennomført kartlegging som avdekka at talet på dispensasjonar aukar i fylket.

Hordaland er eit stort barnehagefylke med mange private barnehagar. FM har eit omfattande arbeid med tilskottsforvaltinga..

Eit til dels uklårt regelverk og ofte små ressursar i kommunane til å utføre sin del av arbeidet, gjer at dette arbeidet blir svært tidkrevjande gjennomomfattande kontrollverksemd.

Det gjeld ikkje minst behandling av klagesaker når det gjeld reglane om likeverdig behandling.

Dessesakene er ofte omfattande og kompliserte og ekstra krevjande fordi rettstilstanden må avklarast under vegs.

Når tilskotta skal innlemmast i rammetilskottet til kommunane frå 2011, vil dette krevje eit stort informasjons- og rettleiingsarbeid.

Tilsynet med kommunane som barnehagemynde er blitt auka som fylgje av auka fokus på at krava i barnehagelova skal oppfyllest og såleis medverking til at kvalitetskrava blir etterlevd.

Tilsyn har vore hovudoppgåva for FM på utdanningsområdet.

Merksemda omkring tilsyn på utdanningsområdet generelt, og resultatet av dei tilsyna som har vore gjennomført, særleg dei nasjonale, har tydeleggjort skuleeigarane sitt ansvar for at grunnopplæringa er i samsvar med gjeldande lovverk og tilhøyrande forskrifter.

Det å utarbeide, gjennomføre og fylgje opp tilsyn etter ein felles metodikk, er krevjande både for tilsynsaktøren og- objektet.

Skuleeigarane gir i hovudsak positiv tilbakemelding, men ynskjer seg ei klarare kobling opp mot krav om og tiltak for auka kvalitet i opplæringa, og dermed fokus på læringsutbytte for elevane .

FM har fylgt opp dei ulike tiltaka for auka kvalitet i grunnopplæringa, jfr. St.meld. nr.31 (2007-2008) Kvalitet i skolen, på ulike måtar.

Tiltaka innan kompetansestrategien for vidare- og etterutdanning av lærarar blir koordinert i ei kompetansestrategigruppe, breitt samansett av dei ulike aktørane som både skal medverke til gode og relevante etter- og vidareutdanningstilbod og ei betre lærarutdanning.

FM arrangerte i 2009 på oppdrag frå og i samarbeid med KD, ein nasjonal likestillingskonferanse for fagfolk både frå barnehage- og utdanningssektoren. Svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane .

Når det gjeld det generelle arbeidet for å fremja likestilling, både mellom kjønn, etnisk likestilling og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne, tek FM opp tema i ulike fora og gjennom dialog med barnehage- og skuleeigar.

Dette gjeld bl.a. arbeidet med universell utforming som FM er engasjert i og mange ulike tiltak for å legge tilhøva til rette for ein inkluderande barnehage og skole.

## 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Miljøvernavdelinga har en samordnings- og koordineringsrolle på embetet i plansaker. Vi arbeider for å formidle og veilede i den nye plan og bygningslova. Saksmengda i 2009 auka ytterlegare.

Det er krevjande å finne nye rutinar for eigen sakshandsaming etter den nye lova. Dette er aktuelt for reguleringsplanar og dispensasjonssaker. I 2009 har vi handsama omlag 2800 plansaker, 2018 dispensasjonssaker og klagar på 332 vedtak. Vi har handsama 671 saker knytt til reguleringsplanar (både oppstart og uttale). Det vart fremja motsegn mot 131 planar. Utbygging i strandsona og manglande omsyn til leikeareal for barn og unge er dei vanlegaste grunnane. 45 saker knytt til kommune- og kommunedelplaner har vore til høring, ca halvparten er planprogram.

Det har lenge vore arbeid med ei eiga planleggingsside på vår nettside. Denne er nyleg publisert.

Fylkesmannen har medverka i arbeidet med Regional plan for småkraft i Hordaland, som er vedteke i fylkestinget. Vi er og med i arbeidet med regionale planar for Hardangervidda og for klimatiltak. Vi har leia arbeidet med prosjektet Landskap i kommunal planlegging og arrangerte nasjonal konferanse om landskap i Bergen i november.

## **2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

### **Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling**

Fylkesmannen si evne til nyskaping, entreprenørskap og nettverksbygging er avgjerande for at vi skal lukkast med å utvikle landbruket og bygdene våre. På desse felte er vi knytt opp til Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg i eit tett og forpliktande samarbeid på mange saksområde. Det regionale partnerskapet i fylket arbeider så langt mogleg saman for å fremje felles, regional næringspolitikk, og ønskjer med samordna innsats ein best mogleg effekt av verkemiddelbruken. Partnerskapet legg stor vekt på god samanheng mellom verkemiddelbruk og planar, mellom anna gjennom fylkesplan, regionalt utviklingsprogram (RUP), regionalt miljøprogram (RMP), og temaplanar innanfor næring(ar), klima osv. Partnerskapet kjem særleg til uttrykk gjennom den nye entreprenør- og etablerarportalen, [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no).

Det er starta opp eit tett samarbeid gjennom det regionale partnerskapet knytt til styrking av det kommunale næringsapparatet. Kommuneprosjektet" starta opp i 2008 og vart utvida i 2009 med KS og repr. frå regionråd. Det er oppretta samarbeidsavtalar mellom prosjektet og 15 kommunar. Kommunane skal sikre integrering / samarbeid mellom landbruk og det øvrige næringsarbeidet. 18 kommunar var i 2009 deltakarar på kompetansehevingstilboda. Kommunane som underskriver samarbeidsavtale, vert sertifisert og får eit kvalitetsstempel og kan nytte felles logo.

Fylkesmannen, Innovasjon Norge, NAV Hordaland, kommunal landbruksforvaltning, fagлага og Fagforum IPT i Hordaland utarbeidde regional handlingsplan for Inn på tunet for Hordaland for 2009 - 2012. Handlingsplanen skisserar utfordringa i dette arbeidet og dei mål og tiltak som skal til for å sette fokus på dette arbeidet og få på plass fleire gode og kvalitetssikra Inn på tunet tenester i fylket.

Fylkesmannen har ein viktig rolle i å støtte og følgjer opp nettverket Fagforum Inn på tunet i tillegg til informasjonsarbeid og kunnskapsformidling. I 2009 vart det lagt til rette for kurs Inn på tunet-tilbydarar og skular for å bidra til kvalitetssikring, nyetablering og vidareutvikling av eksisterande bruk av garden som pedagogisk ressurs.

Kontrolloppgåvene er organisert i ei kontrollgruppe, med deltakarar frå arealforvaltning (juristar) og frå dei ulike tilskotsområda (produksjonstilskot, regionalt miljøprogram og SMIL, velferdsordningane, skogordningane). To av deltakarane i gruppa er med på SLF sine kontrollsamlingar. Kontrollarbeidet er planlagt ut frå ein risikovurdering av ordningar, kommunar og kjennskap til einskilde føretak, og på føringar frå sentralt hald. Dette er samla i kontrollplan for 2009. I 2009 var det planlagt forvaltningskontroll i 8 kommunar og 8 føretakskontrollar. Kontrollarbeidet vart noko redusert grunna sjukdom. Av dei planlagte kontrollane vart det gjennomført forvaltningskontroll i 4 kommunar og føretakskontroll av eitt føretak. To av dei planlagte føretakskontrollane vart gjennomført som 5 %- kontroll av kommunen, med FMLA til stades. I tillegg deltok FMLA på 4 andre 5 %-kontrollar saman med to kommunar.

På forvaltningskontrollane vart det ikkje avdekka avvik som fører til endring av allereie utbetalt tilskot. I alle dei kontrollerte kommunane vart det gitt merknad på ulike forhold som burde bli betra, og tre av fire kommunar har gitt tilbakemelding på at rutinene er endra som følgje av kontrollen. I ein kommune vart berre delar av kontrollen gjennomført som planlagt, då ein del av dokumenta ikkje var tilgjengelege av ulike årsaker. Resten av kontrollen i denne kommunen vil bli gjennomført i 2010. På føretakskontrollen vart det gitt merknad om rutiner som burde



bli betra og dette skal no vere endra. Den eine 5 %-kontrollen førte til at føretaket trekte søknaden.

Fylkesmannen utarbeidd i 2009 strategiplan for skogbruket " Ta Hordalandsskogen i bruk" med plan for berekraftig forvaltning og utnytting av skogressursane. Den overordna målsetjinga i skogbruket i Hordaland i åra framover er:

- Eit Hordalandsskogbruk som sikrar at dei økonomiske skogressursane vert nytta til beste for både skogeigarar, verdikjeda og samfunnet
- Å driva eit skogbruk som ivaretek fleirbruksomsyn gjennom skogsdrifta og eit godt omdøme ovanfor ålmenta gjennom å profilera skogen sitt positive bidrag til samfunnet

I Hordaland har Strategiplanen "Ta Hordalandsskogen i bruk!" set opp strategiar for å sikre korleis me skal nytta skogressursane på best mogleg måte for skogeigar og samfunn, og korleis me skal ivareta fleirbruksomsyn og godt omdøme ovanfor ålmenta.

Det jobbast tett opp mot prosjekt og aktivitet knytt til bygging i tre.

Bioenergi har og eit bra potensiale i Hordaland. I dag er dette i realiteten vedfyring i tillegg til nokre få flisfyringsanlegg samt større fjernvarmeproduksjon i Bergen. Produksjon av pellets og brikettar til oppvarming av husvære har ikkje til no blitt stor satsing i Hordaland, då både import og større satsingar i andre delar av landet truleg vil ha stordriftsføremoner i lang tid framover.

I 2009 gjennomførte FMLA ein prosess knytt til utvikling av Regionalt miljøprogram for Hordaland (RMP) for perioden 2009-2012. Det nye programmet baserte seg på evaluering av forrige programperiode og statlege signal om ei auka spissing og harmonisering av programmet opp mot nasjonale miljømål for biologisk mangfald, kulturminnevern, friluftsliv og kulturlandskap. Ved tildeling av miljøvirkemidlane til kommunane - Spesielle miljøtiltak i jordbruket -, vart kommunane oppfordra til å kople deira prioriteringar opp mot dei regionalt utfordringane.

### **Naturressursforvaltning og miljøvern**

Auka rammer til naturforvaltning, eigne prosjektstillingar innen vassforskrifta, Vosso-laksen og grunnforurensning har gitt betydelig økt innsats på en rekke viktige områder. I tillegg kjem gebyrfinansierte tilsynsstillinger innen forurensning. Desse ressursene er helt nødvendig for å gjennomføre oppdrag fra direktoratene. I tillegg vart det gjeve krisemidlar til friluftsliv og naturverntiltak.

Den første forvaltningsplanen for Vassregion Vestlandet er godkjent i fylkestinget og oversendt miljøverndepartementet for godkjenning. Arbeidet med denne planen har vore høgt prioritert og engasjementet stort ved avdelinga. Vi venter spent på fortsettelse både når det gjelder oppgaver, men også midler til videreføring av opprettet prosjektstilling og midler til overvåking.

Redingsaksjonen for Vosso-laksen starta opp i vår og det er tilsett eigen prosjektleiar. Ein ny organisering av arbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt er sett iverk. Utsettingspålegg i regulerte vassdrag er revidert eller under revisjon. Det er sendt ut varsel om pålegg om fiskeundersøkelser til en rekke regulanter.

Ny stilling innen grunnforurensning vil legge forholdene til rette for økt satsing på dette feltet. Vi har fått koordinerande ansvar for opprydding i 9 andre fylke. Opprydding i forurensa sediment i Bergen starta hausten 2009 med 2 prosjekt, Vågen og Kirkebukten.

Vi arbeider aktivt for å halde Miljøstatus oppdatert. Vi fekk 2. plass i den siste nasjonale kåringa. Nettsidane til fylkesmannen blir også nytta for nyhende i sakshandsaming og rettleiing mot kommunene.

Tilsynsaktiviteten ved avdelingen er i samsvar med plan, det samme er gebyrinntektene.

Kommuneundersøkelsen har levert dei første resultatene fra en landsomfattende undersøkelse på forsøpling og ulovlige stengsler i strandsonen. Prosjektet videreføres med nytt kurs i høst og ny undersøkelse i om lag 50 kommune på mindre avløpsanlegg og motorferdsel i 2010.

Miljøvernavdelinga har vore engasjert av SFT og DN for å utvikle å avholde 4-dagars kurs i systemrevisjon som tilsynsmetode. Avdelinga har og deltatt i styringsgruppa for prosjekt om tilsyn med kommunen som myndigheitsutøvar saman med SFT og DN.

Endringer innen avfallsbransjen både på reguleringer og rammevilkår gir nye utfordringer. Her er det viktig med en nasjonal gjennomgang av avfallspolitikken for å sikre regional handsaming av restavfallet.

Vi deltek aktivt i øvingar og i aksjonar innan akutt forureining. Vi vert også nytta i samband med aksjonar utanfor våre område.

Ein betydeleg auke i økonomiske ressursar til forvaltning av verneområde i 2009 var høgst velkommen, og har generert mykje aktivitet på dette feltet. Det skaper gode resultat, men er også krevjande.

Embetet har halde høgt fokus på utarbeiding av gode forvaltningsplanar. Vi har laga forvaltningsplan for 6 naturreservat/mindre landskapsvernområder i 2009, dette er dei 6 mest krevjande områda der behovet for tidsmessig forvaltningsplan avgjort er størst. Det er gjennomført høyring for forvaltningsplanar for Folgefonna NP og Hardangervidda NP.

Auka tildelingar på området har gjort det mogeleg å oprette ei ny engasjementstilling til forvaltningsplanarbeid ved miljøvernavdelinga, i tillegg til kjøp av konsulenttenester der dette er mest hensiktsmessig.

Vi har hatt møter med Hordaland fylkeskommune i samband med overføring av oppgåver i samsvar med forvaltningsreforma.

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har ei sentral rolla ved kriser og katastrofar i fred som samordnar av samfunnstryggleiksarbeidet i fylket. Fylkesmannen prioriterar planlegging for å sikra at samfunnet er best mogleg budd på å handtera kriser og ulukker m.a. med arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsplanar, øvingar og opplæring.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse for Hordaland

Revisjon av FylkesROS vart fullført og presentert i 4. kvartal 2009.

Fleire av kommunane har framleis ikkje gode nok overordna kommunale ROS analysar. I tilsyna får kommunane merknad på dette og med forventning om at aktuelle kommunar må prioritera dette.

Endringane i plan- og bygningslova gjeldande frå 1.7.2009 vil venteleg på sikt medverka til at dette får auka prioritet.

**Helseavdelinga har saman med beredskapseiinga** oversikt over kommunane og helseføretaka sine planar for beredskap medrekna smittevernplanar. Spesielt i samband med pandemihandteringa i 2009 er det på kommunenivå gjennomført oppgradering av aktuelle planverk.

### Større øvingar i 2009

Det er gjennomført ei beredskapsøving: "Øving Hordaland 2009" med kommunane i Hordaland. Tema var atomhending med utslepp i England. I førekant av øvinga vart kommunane sine atomplanar oppdatert. Varsling og rapporteringsprosedyrar inngjekk og i øvinga som vart gjennomført 22. og 23. september.

### Status i kommunane

Fylkesmannen har i 2009 ført beredskapstilsyn med 9 av kommunane i Hordaland. Kommunane si evne til krisehandtering og beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga var prioriterte tema.

### Samfunnstryggleik i arealplanlegginga

Som høyringsinstans i arealplansaker legg Fylkesmannen vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det vart i løpet av 2009 naudsynt å retta fleire motsegner mot kommunale arealplanar, i hovudsak grunna manglande ROS-analyse. Kommunane vurderer i aukande grad risiko og sårbarheit i arealplansaker og gjer det synleg i saksframlegga. Likevel er det eit godt stykke att til at alle kommunane har dette som faste og gode nok rutinar.

### Beredskapsvarsel

I 2009 fekk vi 32 varsel og meldingar om ulike krisehendingar eller krisesituasjonar frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, Meteorologisk institutt, Statens strålevern og andre.

### Atomberedskap

2. og 3. september vart det arrangert samling for kommunane der tema var oppdastering og utvikling av dei kommununale atomberedskapsplanane. 22. september vart gjennomført samling/øving for atomberedskapsutvalet i Hordaland.

### **Ressursberedskap/NARRE**

I Hordaland pågår eit pilotprosjekt med oppbygging og utprøving av eit Nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE). Fylkesmannen har saman med naudetatane og andre delteke i prosjektet, som har til mål å utvikla eit felles nettverkty for registrering av rednings- og beredskapsressursar. Grunna manglande økonomi i prosjektet og at evalueringsrapporten frå 2008 enno ikkje er slutført i Justisdepartementet, har NARRE stått relativt roleg i 2009. Det er rett nok etablert eit lokalt brukarforum som vert leia av fylkesmannen.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### 00.1 Kongelige besøk

Fylkesmannen i Hordaland kan sjå tilbake på eit år med mange besøk frå Kongehuset. Både talet på besøk, og til dels kompleksiteten ved besøka, har vore høgare enn normalt.

Spesielt for året var DD.MM. Kongen og Dronningas fylkestur i seks kommunar 16. - 18. juni. Til saman har Kongefamilien hatt 11 dagar med offisielt program i Hordaland i året som gjekk. I tillegg kjem eventuelle ankomst- og avreisedagar, utan øvrig program, der Fylkesmannen er til stades.

I 2009 hadde Hordaland følgjande besøk:

8. mars: H.M. Kongen til Bergen i anledning vigsling av biskop Halvor Nordhaug

11. mars: H.K.H. Kronprins Haakon til NHH i anledning symposiet

26. mars: H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit til Voss i anledning Sivilforsvarets øving på Vikafjellet

7. mai: H.M. Dronning Sonja opnar utstillinga "Sølvskatten".

19. mai: H.M. Dronning Sonja til Bergen i anledning opning av utstillinga "Der Brücke"

20. mai DD.MM. Kongen og Dronninga til stades ved Festspela i Bergen. H.M. Kongen opnar dei 57. Festspel.

16. - 18. juni: DD.MM. Kongen og Dronningas fylkestur til Hordaland gjennom kommunane Tysnes, Austevoll, Radøy, Lindås, Austrheim og Radøy. Ankomst 15. juni.

20. november: H.M. Kong Harald deltar ved festforestilling i anledning Bergensbanas 100-årsjubileum.

25. November: H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit deler ut Holberg-prisen. Vitjar også Bergen Røde Kors, Robin Hood Huset og Kirkens Bymisjon (V13). Deretter gjekk turen til **Fjell Kommune** og Straume Ungdomsklubb

### Ressursrapportering

Året 2009 var spesielt med mange dager. Dette er arbeid innen alminnelig arbeidstid. Overtid i tillegg

Resultatområde	FMHO	Sum	
	<b>1510</b>	<b>Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>
Resultatområde 00.1 og 00.2	9	9	0
Sum:	9	0	9 0

### Miljøverndepartementet

#### Resultatområde 01 Naturen mangfold og friluftsliv

##### 01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

2009 var eit særskilt aktivt og krevjande år for Fylkesmannen i Hordaland innen dette resultatområdet. Det har samanheng med auka løyvingar til forvaltning og skjøtsel av verneområde generelt, som vart ytterlegere styrka ved ekstraløyvingar frå Regjeringas tiltakspakke. Krava frå sentralt hald var høge og tidsfristane knappe, likevel føler vi at vi kom godt i mål i høve til ambisjonar og forventningar. Vi kan imidlertid ikkje legge skjul på at innsatsen har kravd sær s mykje av våre tilsette på naturforvaltningssektoren, og det kan bli ei vanskeleg utfordring å halde oppe dette aktivnivået i åra framover med dagens tilgang på ressursar.

Embetet hadde høgt fokus på utarbeiding av forvaltningsplanar for verneområda. 4 nye naturreservat fekk godkjende forvaltningsplanar i 2009, i eit femte område (ein sær kompleks forvaltningsplan) blei det meste av planarbeidet utført sjølv om planen ikkje vart send til høyring dette året. Det bør understreka at dei forvaltningsplanane som blei arbeidd med i 2009 er våre mest påkravde og også mest krevjande. I tillegg vart høyringsrunden for første generasjon forvaltningsplan for Folgefonna NP gjennomført, samt høyring av revidert forvaltningsplan for Hardangervidda NP.

I tillegg blei uvanlig mykje skjøtselsarbeid i verneområda utført i 2009. Rimbareidtjørna NR i Fitjar kommune - eit kraftig gjengrodd våtmarksreservat pga tilsig av organisk materiale frå omkringliggjande landbruk - blei restaurert i 2009. Total kostnad var i overkant av kr 600.000 - vårt mest omfattande skjøtselstiltak gjennom tidene. Resultatet vert rekna som sær vellukka, ikkje minst har det skapt eit nyttig erfaringsgrunnlag for denne typen arbeid som i høg grad er overførbart til andre delar av landet.

Handtering av spreidd av framande artar i norsk natur er også sterkt fokusert for tida. Også på denne sektoren har embetet markert seg sterkt i 2009. 3 felt med innplanta gran vart fjerna frå Hopsfjellet NR i Sveio ved hjelp av midlar frå Regjeringas tiltakspakke. Vi har også lagt grunnlaget for framtidig strategi for bekjemping av kjempespringfrø og vestamerikansk hemlokk i fylket.

Kartlegging av biomangfald og kvalitetssikring av tilhøyrande data har i fleire år vore høgt prioritert ved embetet, og dette viktige arbeidet heldt fram i 2009. Vi er no ferdige med første gongs naturtypekartlegging i samtlege kommunar i Hordaland, og resultatata vert aktivt nytta både av kommunar og andre.

## **01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser**

Arbeidet på denne sektoren har vore følgt opp på vanleg vis. Ekstraordinært var at fylkemannen i Hordaland i 2009 fekk som fylkesspesifikt oppdrag å forestå utarbeiding av nasjonal handlingsplan for den trua arten dvergålegras. Dette er gjort, og vi reknar med å få ansvaret for oppfølging av tiltaka i denne handlingsplanen i åra framover. Vi har eit særleg ansvar for denne særprega planten i Hordaland, ettersom fire av dei viktigaste levestadane i landet ligg i vårt fylke.

## **01.3 Fremmede arter og GMOer**

Håndtering av framande artar i norsk natur har blitt sterkare fokusert i norsk naturforvaltning de seineste åra, og fylkesmannen har følgt opp dette i samsvar med dei løyvingar som er gjeve. Så langt har fokus i Hordaland vore sentrert kring framande artar i etablerte naturvernområde (sitkagran, kanadagås), men grunnlaget vart i 2009 også lagt for vidare oppfølging også utanfor slike område. Strategien for dette er utvikla i nært samarbeid mellom miljøvernavingdelinga og landbruksavingdelinga.

## **01.4 Friluftsliv**

2009 var eit godt år for friluftslivet i Hordaland og Fylkesmannen bidrog saman med Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest til at mange nye tilretteleggjingstiltak vart gjennomført på dei offentlege friluftsområda. Av tiltaksmidlane som Regjeringa tildelte fylkesmennene for tiltak i friluftsområde fikk Hordaland heile 3,3 millionar kroner, eit resultat av god dokumentasjon på trongen i vårt fylke. Store tiltak som kan nemnast er tilretteleggjing på Sveholmen i Austevoll med kai og toalett, oppgradering av friluftshus på Hitsøy i Fjell, bryggje og grillplass på Løkjelsøy i Kvinnherad og ny turveg ved Ulvesøy på Bømlo.

## **Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn**

### **03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning**

Forvaltningsplanen for 2 vannområder har vært på høring, er godkjent i FYlkestinget og oversendt Miljøverndepartementet for godkjenning. 33 høringsuttalelser er mottatt. Endret forvaltningsplan ble godkjent i Vannregionutvalget 24.08.08 og oversendt fylkeskommunene 01.09.09.

Det ble arrangert gode høringskonferanser i hvert vannområde.

Vi deltar som representant for vannregionen i en prosjektgruppe som skal foreslå tiltak for bevaring av sukkertare.

### **03.2 Overgjødning og nedslamming**

Vi får fremdeles ikke sendt ut nye avløpstillatelser til våre kap. 14 kommuner fordi kap. 11 k er fremdeles uavklart.

2 kommuner har søknad til behandling om unntak fra rensekravet etter at de trolig ikke kan dele opp tettstedene. Som oppfølging av avløpsaksjonen har vi varslet tvangsmulkt for samtlige kommuner for å sikre gjennomføring av akkreditert prøvetaking innen 31.12.09.

En vanskelig privat avløpssak overtatt igjen fra Bergen kommune er oversendt SFT som klagesak.

### **03.3 Oljeforurensning**

Vi deltok i aksjonen ved grunnstøtingen av Full City med en mann med kompetanse på håndtering av sjøfugl.

### **03.4 Miljøgifter**

Pilotprosjektet i Vågen i Bergen for å undersøke kulturminne problematikk ved opprydding i forurensede sedimenter startet på forsommeren i år.

Pilotprosjekt i Kirkebukten er også under oppstart. Her skal ulike type tynnsjiktstildekning utprøves.

I Sørfjorden i Odda er jordprøver i Kvalsnesområdet, et transekt fra fjord til fjell, tatt for testing på DDT. Et vassdrag i Odda testes for å se om innholdet av breslam kan utnyttes som overdekkingsmateriale i indre dele av Sørfjorden. Det vil snart tas beslutning om tiltak for opprydding her.

### **03.5 Avfall og gjenvinning**

Tilsyn med avfall fra skip viste seg vanskelig ved 6 gjennomførte tilsyn, da regelverket ikke er hensiktsmessig. Det er gitt egen melding til SFT om dette.

Rapport med kommunal oversikt over oppfølging av avfallsforskriften kap. 15 ble oversendt SFT innen fristen 01.06.09.

Det er god kontakt med SFT med oppdatering av status på deponiene fortløpende.

## **Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft**

### **04.1 Klimaendringer**

Vi deltar i arbeidet med egen Fylkesdelplan for Klima.

Styringssignalene på dette området er som tidligere vage noe som også påvirker tilsendte dokumenter som heftet

Tema09 Fylkesmannens klimaarbeid, LDs St.meld.nr.39 Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen og statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene.

Vi gir uttale til kommunale energi og klimaplaner. Vi har gitt uttale til 10 slike planer av totalt 33 kommuner. Klima er tema for egne møter på tvers av avdelingsgrenser og inngår også nå sterkere både i FylkesROS og vanddirektivsarbeidet.

#### **04.4 Lokal luftkvalitet og støy**

Salg av Bømoen leir i Voss kommune og etablering av ny skytebane krever mye arbeid. Opprydding i grunnforurensning pågår parallelt med regulering og vurdering av konsesjonsplikt.

Det er gjennomført tilsyn med Bergen kommune sammen med SFT vedrørende kartlegging- og tilsynsplikt på kommunale veger. 8 boenheter krever tiltak. Gjennomføring av større veiprojekt i Bergensområdet har medført ressursbruk i forbindelse med anleggsstøy, særlig fra mobile knuseverk og tunneldrift.

### **Resultatområde 05 Internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområdene**

#### **05.3 Miljø samarbeid i nord- og polarområdene**

Vi deltar i miljøprosjekt sammen med SFT i Arkhangelsk region med en medarbeider.

### **Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

#### **06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas**

Rapportering skjer iht embetsoppdrag tertialvis på RA1

Ingenting å rapportere på RA2

#### **06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist**

Gjennomført mekling i 11 arealplansaker. 9 meklingar førte heilt eller delvis fram.

#### **06.3 Samordning av statlige interesser**

Intet krav om rapportering i årsrapport iht embetsoppdrag

#### **06.4 Kart og geodata**

Fylkesmannen ved miljøvernavdelinga leder Geodatautvalget i Hordaland. Det er aktivitet for å få inn temadata fra kommunene til bruk i kommunal planlegging under prosjektet Norge Digitalt. Fylkesmannen har i flere år støttet dette prosjektet med skjønnsmidler. Det ble arrangert felles geodatamøte med Sogn og Fjordane i september 2009.

3 ansatte ved miljøvernavdelingen har gjennomført videreutdanning i GIS ved Høyskolen i Nord-Trøndelag

## Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

### 07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

Miljøstatus er oppdatert i 2009 og samtidig er det gjort en del tilpassninger for ny design med plassering av bilder og bearbeiding av ingress. Vi fikk 2. plass ved siste kåring av beste miljøstatus.

Det har vært fokus på å oppdatere databasen Forurensning i 2009. Alle tilsynsrapporter og tillatelser tilbake til 2005 er lagt inn, men fremdeles gjenstår mye, særlig når det gjelder innlegging av tillatelser. Arbeidet fortsetter. Vi arrangerte eget kurs i Forurensning i Bergen 24.08.09 i regi av SFT.

Det har vært vansker også i år for deponiene å rapportere i Forurensning. Mange bedrifter melder fortsatt at de sliter med rapporteringen. Vi har valgt å legge inn data manuelt fra noen bedrifter.

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 01	378	32	378 32
Resultatområde 02		0	0
Resultatområde 03	289	289	0
Resultatområde 04	18	18	0
Resultatområde 05	3	3	0
Resultatområde 06	392	392	0
Resultatområde 07	249	99	249 99
Sum:	1329	131	1329 131

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

#### 21.1 Jordbruk

##### 21.1 Jordbruk

Jordbruket i Hordaland har trass nedgang i tal bruk, ei aktiv næring der det skjer stor utvikling. I juni 2009 var talet på føretak som søkte om produksjonstilskot 3276, dette er ein nedgang på berre 7 føretak frå året 2008 - altså under 1 %. Vi ser at den kraftige nedgangen av tal bruk som har vore dei siste åra, er blitt mindre – og at kurven er i ferd med å flate ut.

I 2009 var det 743 bruk som dreiv med mjølkekyr, det er til saman 11660 mjølkekyr i fylket. Nedgangen av bruk med mjølk var på 95 ift året før. Samla er det 94070 vinterfora sauer fordelt på 1891 bruk - her ser vi ein auke både i tal sauer og i tal bruk med sau. Det er 10551 utegangarsau, ein auke på 524 utegangarsauer frå året før.

Geografi, topografi og klima på Vestlandet gjev utfordringar for moderne, rasjonell produksjon. Utviklinga går likevel i retning av meir samarbeid og fleire samdrift, spesielt i mjølkeproduksjonen. I fjordstroka er jord og klima godt eigna til fruktproduksjon noko som har ført til at vi har landets største produksjon av både morellar og eple.

Mangfaldet i produksjon, aktive og levedyktige bygder og flott kulturlandskap fører til gode høve og aktiv satsing på mellom anna reiseliv og tenesteproduksjon. Fjordstroka på Vestlandet vart kåra til verdas beste



reisemåla av National Geographic Traveler både i 2004 og i 2007. Dette opnar for auka satsing på landbruksbasert reiseliv, og kanskje på sikt meir midlar til landskapspleie. Saman med den relativt store, urbane marknaden som er knytt til Bergen, gjev dette også potensiale for sal av lokalproduserte produkt og tenester.

I Hordaland vil ein og framover måtte fortsette ei todelt utvikling i landbruket. Dei tunge, tradisjonelle produksjonane vil til ein viss grad følgje ein viss form for strukturendring der dette er mogleg, for at vi ikkje skal miste volumproduksjonen i fylket. Mindre einingar vil måtte vere meir kreative anten på foredling - og marknadssida, eller på nye verksemder og tilbod knytt til bruket. Innan småfehold, som gjeld mange av dei små einingane, ser me store utfordringar knytt til lønsemd og dermed også fornying av driftsapparat og rekruttering.

## **Organisert beitebruk i Hordaland - Beitesesongen i 2009**

### **Tall dyr**

I 2009 var det 100 beitelag i Hordaland tilslutta organisert beitebruk. I 2009 vart det sleppt 48 051 sauer og 78 213 lam, 697 geiter og 5 062 storfè i beitelag tilslutta organisert beitebruk.

I forhold til beitesesongen i 2008, har det vore sluppet ut fleire dyr av sau (+59), og enda fleire lam – her auka det med +2363 dyr. Det blei sluppe færre geiter (- 178) og færre storfè (- 230) i høve til fjoråret. Tapsprosenten for sauer og lam er som i fjor under middelet for Hordaland dei siste åra (3,78%). For geit ligg tapsprosenten på nært middel for fylket (2,30%). Tapsprosenten for storfè har gått ned frå 0,9 til 0,7%.

### **Vêret i fylket – vekt på lam**

Det var frå fleire beitelag meldt om sein snøsmelting, mykje regn på ettersummar og haust. Snøen kom tidleg på dei fleste plassane og difor måtte mange bruke helikopter til ettersøk.

Tidlegaste sleppedato som vart meldt inn til oss kom frå Ullensvang, 28. mai. Sleppedato i Bergens område var rund 30.-31. mai, fulgt av Osterøy og Lindås rund 2./ 5. juni. Odda (12. juni), Eidfjord (20. juni) og Voss (30. juni) rapporterte om dei seinaste sleppedatoane.

Sein sleppetid og at snøen kom tidleg, gjorde til at det blei ein kort beiteperiode. Den korte beiteperioden og mykje regn på ettersummaren – viste seg ikkje utan vidare utslag i vekta hjå lamma. Etne, Fitjar, Eidfjord, Ulvik, Austevoll og Modalen rapporterte ”god”vekt, medan Jondal, Lindås, Kvam skriver ”normal, middels”. Voss hadde mindre gode resultat enn i 2008.. Odda og Ullensvang hadde veldig ”varierte” haustvektar.

### **Dyrehelse**

Når det gjeld dyrehelse/ tap av dyr så er det rev som vart oftast nemnt i samband med tap av rovdyr. Observasjonar av rovfugl har det vore i dei fleste beiteområda i fylket. Ut frå meldingane frå beitelaga, er det laga i dei midtre og indre stroka i fylket har flest tap som skulast ørn. Her er ørnbestanden aukande ut frå observasjonane. Bergen, Etne, Odda, Voss, Kvam og Lindås melder tap pga ørn.

Gaupe og jerv har slått til nokre plassar på Etne, Ulvik, Voss og Masfjorden. Fluemakk og flått vert nemnt i Ullensvang, Ulvik, Kvam. Skårfeste blei rapportert frå Odda, Ullensvang, Kvam som grunn for tap av dyr.

Det er beitelag i dei lågast liggjande områda som er mest plaga med snyltarar. Ein del beitelag har sett opp flugefangarar eller dei har hatt nært samarbeid med veterinærar om midlar mot flått og flugemark. Alveld har det også vore relativt lite av dette beiteåret.

Som rapportane viser, er laushundar framleis eit aukande problem, men diverre vanskelig å sei for heile fylka korleis problemet vert handtert og om eit svak auke kan knytast direkte til velluka tiltak i dei vedkommande områda.

Minstekravet til omsetning for å kunna søkja om produksjonstilskot og andre produksjonskrav har gjort sitt til at det har vorte færre i næringa og dermed også færre som nyttar utmarksbeite. Dette har fleire beitelag klaga over. Tilsyn og sanking av beitedyra tar meir tid og vert vanskelegare å gjennomføra på grunn av at brukarar som nyttar beitet, vert eldre og det er få nye unge som overtek etter dei eldre. Enkelte beitelag er på leiting etter nye unge brukarar og som er villege til å gjera innsats i beitelaget.

### **Løyvde tilskot til organisert beitebruk i Hordaland 2009**

Driftstilskotet for kvart heimsanka småfè var kr. 15,- og tilsvarande for storfè kr. 30,-.

Driftstilskott	Kr.	1 900 000.-
Investeringsstilskott	Kr	360 000.-
Utbetalte tilskott i alt	Kr.	2.26.0000,-

## Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift

Det gror att fleire plassar i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, meir kjøt og eit levande landbruk.

Prosjektet landskap i drift har gjeve midlar til samarbeidstiltak innan for beite- og beitebruk for at beiteområda kan utvidast og at ein kan setja på fleire beitedyr. Vidare var det delt ut midlar til utviklingstiltak, kompetanse og kunnskapsbygging. I tillegg til dette kan det løyv ast midlar til entreprenørskap, dvs vidareforedling på garden eller tilbod av teneste med forankring i kulturlandskapet og primærproduksjon. Samarbeid med lokallag, skular eller reiseliv er berre få døme på korleis ein kan tenkja nytt i samband med attgroing. 7 område har så langt koma med sidan prosjektet er starta i 2008. 5 nye område ligger på vent for å få koma inn i prosjektet. Så langt er det opna opp og inngjert omlag 2390 daa i Hordaland. Budjettet er på 1,5 mill kr og består av midlar frå Fylkeskommune, Innovasjon Norge og eigne BU midlar Prosjektet varar ut 2010. Meir info:

[www.landskapidrift.no](http://www.landskapidrift.no)

### Veterinærtenesten:

Vår erfaring med kommunane si handtering av veterinære vakttilskot er veldig positiv. Ordninga vert godt ivareteken av kommunane og vi har få klager. Problemstillingar som vi har motteke, gjeld Bergen kommune. Her er det meldt om noko underdekning av tilskotet ift dei utgifter som kommunen har hatt i 2009. Fylkesmannen vil ha møte med Bergen kommune om dette.

### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2008	2007
FMHO	48051	78213	57	2,29	4,7	3,4	3,8
<b>Sum</b>	<b>48051</b>	<b>78213</b>	<b>57</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

I 2009 vart hogsten i Hordaland på 90 000 kbm. Dette er ned 6000 kbm frå 2008, men likevel eit høgt nivå. Året var prega av stor variasjon, ved inngangen av 2008 var det permitteringar i den lokale industrien på grunn av dårleg sal og inntaksstopp på tømmer. Ved slutten av året var dette snudd til mangel på tømmer og fare for permitteringar på grunn av dette.

Strategiplan for skogbruk vart ferdig utarbeidd i 2009, og med den har ein no eit tenleg verkty for å leggja til rette for auka aktivitet i åra framover. Planen legg vekt på utbygging av skogsvegnettet, forynging etter hogst og å ta vare på skogareala for framtida.

Ferdiggodkjenninga av skogsvegar var låg også i 2009, med berre 3 km skogsbilvegar og ca 5 km traktorvegar. Samla kostnad var ca 2,9 mill kroner, det vart utbetalt 1,4 mill kr i tilskot til desse vegane, noko som utgjør ca 48 % av kostnaden. Det er mange større prosjekt under arbeid, men grunna ymse omstende har anleggsarbeidet drege ut i tid. Framover reknar ein med at bygginga av skogsvegar vil auka fordi ein i samarbeid med Vestskog BA har sett i gang eit prosjekt der fokuset er områdeplanlegging av vegar. Dette prosjektet har no pågått i ca 1 år, og ein reknar med at dei første prosjekta vert ferdig til søknad om tilskot i 2010. I siste halvdel av 2009 vart det starta opp prosjekt Hovudplan veg, her er tilsett prosjektleiar. Prosjektet er venta ferdig medo juni 2010.

I 2009 vart det planta 740 dekar. Dette er ned frå 970 dekar i 2008, men høgare enn 584 dekar i 2007. Ein slit med å få tak i nok planter av rett proveniens, i fylket var det tinging på over 100 000 planter som ikkje kunne leverast. Trongen for planting ligg på 1000-1500 dekar årleg slik at utviklinga ikkje er berekraftig. Mykje av grunnen til det låge nivået ligg på manglande oppfølging frå rettleiingstenesta, og ein er uroa over dei avgrensa og svake virkemidlane Fylkesmannen har til å følgja opp når den kommunale rettleiingstenesta ikkje følgjer opp godt nok.

Det vart utført ungskogpleie på litt over 700 dekar i 2009, ned frå 900 i 2008. Etterslepet er truleg stort, og det

vert arbeidd med oppsøkjande skogkulturprosjekt for å få opp aktiviteten på ungskogpleie.

Aktiviteten i skogbruksplanlegginga har halde seg stabil i 2009, med ein revisjonstakst og to prosjekt med etterregistrering av MiS.

Det var målsetjinga å revidera hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket, men dette arbeidet vart utsett på grunn av utarbeiding av plan for laserskanning i geovekst i fylket.

Det vart hogd 5404 kbm med taubane og utbetalt eit tilskot på kr 540.400,-. 1 av felta vart kontrollerte. I retningsliner for tilskot vart det innført krav om førehandsgodkjenning av drifter på over 300 m<sup>3</sup>. Både for å ha ein betre kontroll med miljøkrava, men og for å få betre oversikt over trongen for tilskotsmidlar. Trenden har gått mot større taubaneanlegg som fører til at driftene vert større. Taubanetilskotet er viktig, både for å auke hogstkvantumet og for å oppretthalde eit kompetent taubanemiljø.

Utsiktsrydding langs veg fekk god respons og fleire prosjekt vart fullført i 2009. Trongen for utsiktsrydding er stor og tilskotet ga eit sers positivt signal frå skogbruket og initierte tiltak også utanfor tilskotsprosjekta.

Fylket er med i Kystskogbruket og har forvalta dei midlane som er tildelt oss på dette området. Me ser ein klar nytte av samarbeidet mellom kystfylka og har nytte av delprosjekta som er i gang. Viser elles til eigen rapport frå prosjektet.

Avdelinga søker i samarbeid med Norsk Pyntegrøntlag å heva kompetansenivåe i joletrenæringa gjennom kursverksemd for dyrkarane. Hardanger har klimatiske fortrinn for dyrkinga av Fjelledelgran og vil søka å utnyttta potensialet for eksport i denne ressursen.

## 21.3 Bygde- og næringsutvikling

### Samarbeid regionale aktører

Landbruksavdelinga si evne til nyskaping, entreprenørskap og nettverksbygging er avgjerande for at vi skal lukkast med å utvikle landbruket og bygdene våre. På desse felta er vi knytt opp til Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg i eit tett og forpliktande samarbeid på mange saksområde. Partnerskapen legg stor vekt på god samanhang mellom verkemiddelbruk og planar, mellom anna gjennom fylkesplan, regionalt utviklingsprogram (RUP) og temaplanar innanfor næring(ar), klima osv. Dei tre partnerane har dessutan forskjellige arbeidsoppgåver som grensar opp mot kvarandre, og forskjellige tilnærmingar til lokale/regionale mynde, næringsliv og folkesetnad. Fylkeskommunen har særleg ansvar for å følgje opp lokalsamfunnsarbeidet på vegne av partnerane, medan IN organiserer entreprenørskapsarbeidet. FMLA har eit særleg ansvar for å følgje opp matsatsinga. Vidare er det samarbeid på leiarnivå i Regionalt Næringsforum og innan enkelte bransjar, t.d. reiseliv.

Landbruksavdelinga fyller ei rolle innan regional utvikling som kompletterer fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Særleg gjeld dette rolla som oppsøkande, fagleg initiativtakar i landbruket og bygdesamfunna, der ein bidreg til mobilisering og tilfang av nye, kommersielle prosjekt til Innovasjon Norge, og rekruttering til fleire av fylket sine næringsområde og regionale samarbeidsprogram.

Samstundes som FMLA gjennom BU-midlane bidreg på saksområde utover reine landbruksinteresser, får landbruket og bygdene gjennom Regionalt utviklingsprogram (RUP) og Innovasjon Norge medfinansiering gode utviklingsprosjekt. Næringsarbeidet i regi av FMLA har elles følgd linene frå den regionale næringsstrategien for landbruket i Hordaland 2007-2009, som vert rullert i 2010, i påvente av ny nasjonal landbruksmelding og – strategi i 2010-11.

Frå *uttreiings- og tilretteleggingsmidlane* er det i 2009 løyvd 5,5 mill. i 54 saker, 650 000 av desse i 7 saker under praktikantordninga i landbruket. Av disponible, *bedriftsretta midlar* har Innovasjon Norge løyvd 19,6 mill. i tilskot til prosjekt innan tradisjonelt landbruk, medan nye næringar er løyvd tilskot for 9,9 mill. I tillegg er det løyvd 1 mill. under Grønt reiseliv, 1,1 under Verdiskapingsprogrammet for Mat, 1,4 under Trebasert innovasjonsprogram og 590 000 under Bioenergiprogrammet. Landbruket har vidare fått tilsegner om rentestøtte til lån på nesten 65 mill. kroner og samla lån på totalt kr. 73 mill. kroner i 2009.

Landbruket og bygdene kan gjennom ”Regionalt utviklingsprogram” (RUP) få finansierte gode utviklingsprosjekt for næringa, og fylkesmannen har ein sentral rolle i å initiere slike saker. Det er jamlege dialogmøte mellom partnerskapet og det vert gjennomført felles seminar og møte.

### *LivOGlyst –program*

LivOGlyst programmet for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland starta opp i 2008, og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. I tillegg til partnerskapen, bidreg Sparebanken Vest med økonomisk støtte til utviklingsprogrammet. I 2009 vart livOGlyst ytterlegare styrka gjennom finansiering frå KRD sitt Småsamfunnsprogram. Pr. dato er seks hovudprosjekt og to utviklingsprosjekt del av livOGlyst – programmet. I tillegg er atten lokalsamfunn registrert som nettverksmedlemmer. Landbruksrelatert verdiskaping i form av

reiseliv, matproduksjon, tilrettelegging av turområde og stiar, samt inn på tunet verksemd står sentralt for mange lokale aktørar. Deltakande prosjekt får tett oppfølging av ei operativ arbeidsgruppe frå FMLA, HFK og IN. I regi av livOGLyst vert det jamleg arrangert kompetansejevande kurs, nettverksamlingar og workshops.

Forutan livOGLyst har partnerskapen i 2009 utvikla nettportalen kom-an.no. Prosjektleiinga ligg hjå HFK. Nettportalen skal vera eit hjelpemiddel for nye entreprenørar og lokale utviklingsaktørar i fylket. Ved å samle informasjon om rådgjeving, utviklingsprogram, finansieringsordningar, arrangement og kompetansejevande kurs i ein felles portal, ynskjer partnerskapen å gjera det enklare for brukarane å kome i gang og lukkast med sine lokale utviklingsprosjekt og forretningsidear.

### *Ungdomssatsing*

I ungdomssatsinga og gjennom prosjektet Unge, bygda og landbruket, er det også lagt grunnlag for tett regionalt samarbeid. Fylkesmannen har saman med fagлага, IN, HFK, 4H og NBU utvikla fire lokale pilotprosjekt og arrangert to regionale konferansar for å motivera unge til å satse på bygda og landbruket. Fylkesmannen saman med fagлага og partnerskapen er også i gang med å utvikle ein handlings-/tiltaksplan for ungdomssatsinga i fylket.

### *Kommuneprosjektet:*

"Kommuneprosjektet" starta opp i 2008 då det vart danna ei arbeidsgruppe av deltakarane i partnerskapet, denne arbeidsgruppa vart utvida i 2009 med KS og repr. frå regionråd. Det er oppretta samarbeidsavtalar mellom prosjektet og 15 kommunar. I denne samarbeidsavtalen har partnerskapet ansvar for å kome med ulike tilbod til kommunane som t.d. nettverk, konferansar, kompetansehevande kurs, etableraropplæring. Kommunane forpliktar seg å avklare korleis kommunen vil arbeide med næringsutvikling (inkludert landbruk) og entreprenørskap og synleggjere dette. Dei skal setje av ressursar og gjennomføre kompetansehevingstiltak i regi av partnerskapet. Kommunane skal også sikre integrering / samarbeid mellom landbruk og det øvrige næringsarbeidet. 18 kommunar var i 2009 deltakarar på kompetansehevingstilboda. Kommunane som underskriver samarbeidsavtale vert sertifisert og får eit kvalitetsstempel og kan nytte felles logo.

### *Prosjekt landskapspark .*

Etter fem år med prosjektarbeid er seks landskapsparkar etablerte og fire har fått status som kandidatar. Myrkdalen har lagt ned landskapsparken.

Landskapsparkane representerer det ypparste av landskapskvalitetar og nyskapande bygder i Hordaland. Prosjektåret 2009 har vore eit viktig år for landskapsparkane. Nye verksemder og lag vart etablerte, arrangement, workshops, turar og spesielle delprosjekt vart gjennomførte. Prosjektet skaper så mange ringverknader og delprosjekt i bygdene at det er vanskeleg å trekke fram enkelte aktivitetar. Kvar park har et eige styre som forvaltar tilskots- og sponsormidlar. All aktivitet vert planlagd og gjennomført etter ein årleg handlingsplan som er godkjend av prosjektstyret hjå Fylkesmannen.

Utvikling av landskapsbaserte reiselivsprodukt, profilering av landskapsparkane som besøksområde og markedsføring av produkta frå parkane er ei heilt sentralt oppgåve no.

I 2010 må dei nye landskapsparkane vise til eit ekte engasjement og god forankring i bygdesamfunnet, skal dei få status som "ekte" landskapsparkar. Prosjektmidlar prioriteres til delprosjekt med fokus på næringsutvikling. Vi vil starte eit eget reiselivsprosjekt "Colours of the Fjord" der nokre utvalte parkar skal utviklast som spydspiss for temabasert turisme og markedsføring. Vi inviterer også til eit studietur til Sverige på haustparten.

Viser elles til eigen nettside [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no) og facebookside "landskapspark".

Landskapsparkane i Hordaland er del av nettverket for regionale og lokale parkar. (Lokale parkar = landskapsparkar)

## **21.4 Verdiskapingsprogrammene**

### **VSP for Mat**

Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon (VSP mat) var et tiårig utviklingsprogram som ble etablert i 2001. Det betyr at 2010 er siste år i den ordinære programperioden. Programmet realiserer prosjekter som bidrar til økt verdiskaping for primærprodusentane og til styrking av konkurransevna til små og mellomstore matbedrifter.

For Hordaland sin del har fleire matbedrifter hatt fordel og nytte av VSP. Programmet i seg sjølv har vert ein viktig pådrivar i lokalmatproduksjon og har gjeve inspirasjon og støtte til mange bedrifter, som har vert i etablerar fasen. I tillegg til dette har BU midlane spelt ei viktig rolle på investerings sida

FMLA og Kompetansenavet vest har eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og

kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og veiledning er besøksordninga ei god hjelp for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemd. Ei viktig del i dette arbeidet er og kompetanseformidling, der Navet og matkontaktane henviser til andre kompetanse miljø i inn og utland.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar, ca 150 av desse er aktive og fordeler seg på alt frå enkel råvareforedling til avansert osteproduksjon. Ei viktig årsak til at produsent miljøet er så sterkt i Hordaland er satsinga på lokale marknader og matfestivalar. Dette har gitt til marknadstilgang og bidrege til auka interesse for lokal matproduksjon og stoltheit over eigne varer. Fylkesmannen har saman med Innovasjon Norge brukt ressursar på kursing, produsentbesøk og veiledning dei siste åra. "Eg Fann, Eg Fann" var ei av mobiliseringsaktivitetane som var gjennomført i 2009, her var det ca 70 verksemder som var med på to samlingar. Dette saman med oppbygginga av lokale distribusjonsnett og hjelp til marknadsadtilgang i butikkjeder og restaurant miljø, har dette skapt ein plattform å bygge vidare på.

Matfestivalen i Bergen er den viktigaste marknadsplassen for mange lokale produsentar. FMLA vil syte for at den også i framtida vil være ein lågterskel marknadstilgang for nye og etablerte lokmatprodusentar.

### **Trebasert innovasjonsprogram**

Prosjektet "Tre i sentrum" har også i år hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og det nasjonale trenettverket. Prosjektet har vore ein aktiv part, nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. Prosjektleiaren har vore involvert i fleire potensielle trebyggeriprojekt. Fire prosjekt i Hordaland fekk støtte av IN sitt verdiskapingsprogram. Samarbeidet med politisk leing i Bergen kommune har også i 2009 vore eit viktig arbeidsfelt for prosjektet. Mellom anna er kommunen i gang med ei satsing i Bergen som går inn i MD sitt byutviklingsprogram med namn "Fremtidens byer". Prosjektet har vore og vil vere ein aktiv samarbeidspart i arbeidet med denne satsinga, "Tid for tre". Flere potensielle kommunale og private byggeprosjekt skal utviklast som forbildebygg innanfor materiale- og energibruk.

Bergen Treseminar vart i 2009 arrangert for 7. gang men i redusert form som workshop med tema "Tid for tre". Prosjektleiaren deltek aktivt i det nasjonale TRE-nettverket.

## **Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket**

### **22.3 Miljøprogram og miljøplan**

**Beskrive kort sentrale miljøutfordringer i fylket, samt prioriteringer og tiltak Fylkesmannen har gjennomført i regionalt miljøprogram.**

I 2009 gjennomførte FMLA ei prosess knytt til utvikling av Regionalt miljøprogram for Hordaland (RMP) for perioden 2009-2012. Det førre programmet vart evaluert og på bakgrunn av erfaringane signal om ei auka spissing og harmonisering av programmet opp mot nasjonale miljømål for biologisk mangfald, kulturminnevern, friluftsliv og kulturlandskap vart det utvikla nye strategiar knytt til desse tema. Det vart under kvart hovudområde etablert til saman 18 ordningar kor 12 av dei var nye og kor 2 av ordningane vart spissa. Prosessen fram til etablering av programmet vart gjort i samråd med Kulturlandsskapsgruppa og kommunane i fylket. Våren 2009 vart forskrift og retningsline utforma i samarbeid med Landbrukets Forsøksringar og gjort kjent gjennom annonsering og markdagar kringom i fylket. Ved tildeling av løyving til kommunane med pott av Spesielle miljøtiltak i jordbruket, vart kommunane oppfordra til å kople deira prioriteringar opp mot dei regionalt utfordringane.

**Beskrive tilstand og utvikling for forurensning fra landbruket i vannområder som er valgt ut i første planperiode.**

FMLA har delteke aktivt i arbeidsgruppa for implementering av Vassforskrifta i Hordaland og forvaltningsplan med tiltaksprogram for Nordåsvannet vassområde. Erfaringene fra arbeidet har vore trekk inn i arbeidet med RMP og SMIL. I arbeidet med inndeling av vassområde vert no Hordaland og Sogn og Fjordane delt som to vassområde. I det vidare arbeidet med utvikling av handlingsprogram og tiltaksplanar vil landbruket få meir

kunnskap om miljøtilstanden i våre vassdrag. Avrenning fra jordbruket til vassdrag i Hordaland er i dag minimal siden det meste av jordbruksareala er i Hordaland grasdekt.

## **SMILordninga**

Alle kommunane har godkjende strategiar for arbeidet med SMIL og NMSK. Etterspurnaden etter tilskot er større enn løyvinga til Hordaland. På tross av at fylket har fleire kulturlandskapsverdiar enn andre fylke, har ikkje fylket fått auka løyvingar. Konekvensane er at tilskotssatsane vert lågere enn andre fylke. I Hordaland har vi ei stor aktivitet knytt til restaurering av freda og verneverdige bygg, kor 35% av potten på SMIL vert løyvd til denne type tiltak, men berre 2% av ordninga vert løyvd til biologisk mangfald. Etter at RMP vart revidert og spissa opp mot biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv er målet å auka søknadene på desse ordningane. Det er eit mål om at RMP skal nyttast til årleg skjøtsel og SMIL til restaurering.

## **Vurdering av tilstand og utvikling ift kulturlandskapet**

Arbeidet med kulturlandskap er prioritert opp mot satsinga på biologisk mangfald knytt til auka kunnskapstilfang for kulturmarkstypane kystlynghei, slåttemark og stølslandskap.

### **Kystlynghei**

Det er under arbeid ei kartlegging av kystlynghei i Midt- og Nordhordland med støtte frå -, og i samarbeid med landbruksavdelinga. Når denne er ferdigstilt vil vi ha ei samla kystlyngheikartlegging for heile fylket. Den vil vera svært nyttig både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, og i samband med arealsaker på ulike nivå.

### **Slåttemark og lauveng**

Hordaland var i 2009 eitt av pilotfylka for Handlingsplan for slåttemark/Utvalde naturtypar i regi av DN. Det er oppretta ei regional ressursgruppe for dette arbeidet, der landbruksavdelinga har vore aktivt medverkande. Tre lokalitetar vart plukka ut med utgangspunkt i Naturbasen, og utarbeiding av skjøtselplanar vart igangsett. Tilskot vart utbetalt til to slåttemarkslokalitetar og ein lauvengslokalitet. Vi ser på dette som opptakten til eit viktig arbeid for å få kartlagt og sikra eit representativt utval av dei mest verdifulle slåttemarkslokalitetane i fylket.

### **Stølslandskapet**

FMLA har arbeid opp mot Hordaland fylkeskommune og kommunane knytt til Kulturminneåret 2009. Arbeidet med å lyse ut og finne ei kandidat til årets Kulturlandskapspris vart knytt opp mot fylkeskommunen og deira arbedi. Utdelinga vart lagt til Kulturminnedagen 8. sep og vinnaren var Eksingedalen bygderåd for deira maneårige arbeid

### **Stølslandskap og stølsdrift - rettleiing**

I samband med kulturminneåret 2009 gjer fylkesmannen ut eit hefte som tek for seg stølsdrift i gamal tid og vern av stølane for framtida.

Heftet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannsembeta og fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Alle etatane har bidradd, men heftet er i hovudsak forfatta av pensjonert fylkesagronom Reidulv Gald, fylkesmannen i Hordaland.

Stølsdrifta har vore viktig for jordbruket i fleire tusen år, men blei i stor grad avvikla kring 1960. Då blei jordbruket for alvor mekanisert og behovet for å utnytte ressursane på fjellet blei mindre viktig. I heftet som er på 40 sider kan det lesast om arkeologiske spor etter stølsdrift og om livet på stølane fram til 1960. Det tek også for seg restaurering av dei ulike bygningane på stølane og kor viktig det er å verne dei attverande stølane som ikkje er øydelagd av hyttebygging og "modernisering".

Kulturplanter på stølane er omtalt, og ein del omhandlar eigedomshøve og stølsrett og kva kulturminnelova seier om vern av stølane.

Hefte blir i fyrste omgong distribuert til kommunane som ei rettleiing for administrasjon og politikarar som har ansvaret for arealbruk i samband med stølane. Det er også meint som ein inspirasjon for stølseigarar for å ta vare på dei unike kulturminna stølane er.

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmiddel	Avfallsi
FMHO	14955660000000		8130000		2925540		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>8130000</b>	<b>0</b>	<b>2925540</b>	<b>0</b>	

## 22.4 Økologisk landbruk

### Rapport om bruk av midler til oppfølging av tiltak i handlingsplan for økologisk landbruk i 2009

Fylkene Sogn og Fjorden og Hordaland har felles handlingsplan (2006-09) for økologisk landbruk, dette har ført til godt samarbeid mellom dei to fylka på dette området. Samarbeidet er vidareført og i 2009 starta vi arbeidet med ny felles handlingsplan som skal gjelde framover mot 2012. Det har vore gjennomført samlingar og arbeidsgruppemøter der næringa, rettleiinga, forskning og omsetningsledda har vore aktive og kome med innspel og tiltak i arbeidet. Prossen og samarbeidet har vore vellykka og vi ser eit auka engasjement. Det vil likevel vere viktig for at vi skal lukkast mot mål om 15 % økologisk produksjon, at fagorganisasjonane involverar seg og trekker tema inn på deira agenda og i deira fora.

Utfordringa for Hordaland og Sogn og Fjordane i forhold til utviklingen av økologisk landbruk er framleis knytt til låg omleggingstakt, dette gjeld både grovfôrbasert kjøttproduksjon, mjølk og frukt / grønt. Handlingsplanmidlane har difor vore knytt opp mot desse områda og retta mot informasjonsarbeid, kompetansebyggjande tiltak for næringa og samarbeid med fokus på dei spesielle utfordringane som er på Vestlandet.

Det blei gjeve ekstra BU-mildar til IN for å stimulere til omlegging av økologisk frukt, her blei tilskotsprosjektene heva til 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Det gode samarbeidet mellom dei to fylkesmennene førte også til fellessøknad om status som føregangsfylke for frukt og bær. Her er det ambisiøse mål om å utvikle frukt- og bærsektoren lokalt, regionalt og i større grad til nytte for hele landet. Dei to fylka fekk 1.1 mill kroner frå LMD for gjennomføring av dette prosjektet for 2010.

#### *Fordeling av handlingsplanmidlane;*

*Med temaene Kunnskap og Nettverk, Produksjons, Foredling og Omsetning* innen våre satsingsområde 1) melk 2) grovfôrbasert kjøttproduksjon 3) frukt. Med våre tre satsingsområder hadde vi følgende tiltak i 2009:

#### *Fruktproduksjon:*

Bioforsk Ullensvang : 2 prosjekter samla sum 120 000.

- Lokalt tilgjengeleg organisk materiale i økologisk fruktdyrking
- Vegetasjonskontroll og verknad på nitrogenforbruk i økologisk frukt

#### *Grovfôrbasert produksjon:*

Tine: 1 prosjekt kr 60 000

- Vi satsar på økologisk mjølk

Bioforsk Fureneset; 3 prosjekt samla kr 63 000

- Proteinrikt grovfôr basert på nitrogenfikserende planter under ulike klimaforhold
- Energi og proteinrike vokstrar - felt på Voss

#### *Kunnskap og nettverk:*

UMB; 1 prosjekt kr 18 000

- Kartlegging av nu og framtidssituasjonen i økoløftkommunane Voss og Kvam

Oikos; 1 prosjekt kr 36 700

- Informasjonsarbeid, Økoprisen vest, Bergen matfestival

RenMat; 1 prosjekt kr 20 000

- Støtte til produsentretta temautgave Renmat 2009

*Foredling og omsetjing:*

Oikos vest; 1 prosjekt kr 50 000

- ØkoProfil Vestlandet 2009

Daglegvarebutikk " Reindyrka"; 1 prosjekt kr 50 000

- Utvikling / markandsføring knytt til daglegvarebutikk økologik

FMLA: 1 prosjekt kr 21 649

- Fagtur for næringa til bioFach 09 i Nurnberg

### **Økoløft i kommunane**

I Hordaland er Kvam og Voss økolløftkommunar og dei har det siste året hatt felles prosjektleiar for å drive fram dette arbeidet. Kommunane jobber sjølvstendig, men Fylkesmannen har bidratt med kompetanse på kurs og samlingar ift produksjon og markandsføring av økoprodukt. Det er også nytt økologiske handlingsplanmidlar inn i dette arbeidet. I det eine prosjektet var studentar frå UMB engasjert til å kartleggje nu og framtidssituasjonen i begge økoløftkommunane Voss og Kvam. Det er også nytta handlingsplanmidlar til fagtur for deltakarar i desse kommunane.

Fylkesmannen følgjer opp og nyttar desse to kommunane som ambasadørar / pilotar for øko-arbeidet opp mot dei andre kommunane i fylket.

[

## **22.5 Tre og miljø**

### **Utsiktsrydding langs veg.**

Kurs for ryddemannskap biologiske ryddemetodar vart starta opp og vert vidareført i 2010.

### **Prosjekt "Småkraft i Hordland avslutta**

Prosjektet vart avslutta med sluttkonferanse med over 200 deltakarar og olje- og energiministeren som hovudtalar. Vi reknar med at prosjektet genererer ein totalproduksjon på 370 GWh, tilsvarande meir en eit halvt Altakraftverk. Dette frå dei "kundane" som var innom i prosjektperioden. Det tilsvarar årsforbruket for ca. 18.500 boligar og utløyser ei investering på omlag 1,1 milliardar kr som i stor grad går tilbake til lokalsamfunna.

Prosjektet vert vidareført gjennom "Kompetansesenter for småkraft"i Samnanger kommune.

### **Prosjektet "Tre i sentrum"**

Prosjektet "Tre i sentrum" har også i år hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Noreg og det nasjonale trenettverket. Prosjektet har vore ein aktiv part, nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. Prosjektleiaren har vore involvert i fleire potensielle trebyggeriprojekt. Fire prosjekt i Hordaland fekk støtte av IN sitt verdiskapingsprogram. Samarbeidet med politisk leiing i Bergen kommune har også i 2009 vore eit viktig arbeidsfelt for prosjektet. Mellom anna er kommunen i gang med ei satsing i Bergen som går inn i MD sitt byutviklingsprogram med namn "Fremtidens byer". Prosjektet har vore og vil vere ein aktiv samarbeidspart i arbeidet med denne satsinga, "Tid for tre". Flere potensielle kommunale og private byggeprosjekt skal utviklast som forbildebygg innanfor materiale- og energibruk.

Bergen Treseminar vart i 2009 arrangert for 7. gang men i redusert form som workshop med tema "Tid for tre". Prosjektleiren deltek aktivt i det nasjonale TRE-nettverket.



## Bioenergi

### *Brenselproduksjon*

Den høge aktiviteten i Vestlandsskogbruket vinteren 2008/2009 og utover vårparten var forventet å auke tilfanget av biobrensel i tillegg til tømmer. Det viste seg at vedproduksjonen i Hordaland blei svært høg, men det var ingen ny produksjon av brenselsslis som følgje av aktivitetsnivået. Flisproduksjonen heldt seg omtrent uforandra hos dei etablerte flisprodusentane. Det blei ikkje etablert nye brikettprodusentar i 2009 og i påvente av storsatsinga på nordvestlandet (Averøya) var det som venta heller ingen som starta med pelletsproduksjon. FM i Hordaland har imidlertid tro på at lokalt foredla biomasse kan vere regningsssvarande ved pelletsproduksjon dersom storsatsinga ikkje slår til eller skalerast ned frå opprinnelege planar. Det er etablert nær dialog med Innovasjon Norge Hordaland om dette og saman vil det bli jobba effektivt for å vitalisere engasjementet innan pellets og bioenergi generelt dersom regionale forhold og/eller sentral politikk skulle opne for dette.

### *Gårdsanlegg (flis)*

Det er etablert nokre få nye gårdsanlegg, men det er da ikkje snakk om varmeanlegg som leverar biovarme ut frå garden (eit anlegg i Strandvik i Fusa kommune leverer til eit nyetablert boligfelt). Eit anlegg (Reksteren på Tysnes) har blitt hjulpet i gang for å kunne nyttegjere lokal biomasse som bioenergi i anna industriell produksjon (hundemat) på garden. Denne satsingen er ennå ikkje heilt i mål, men vil vere ein ”syretest” på Korleis lønnsmda vil vere for ”marginale” bedrifter med tilgang til begrensa biomasse.

### *Industrieanlegg (flis)*

FM har vore involvert i to store satsingar på industriell utnytting av bioenergi i 2009. Anlegget på Voss har som forretningsidé å produsere høyverdig kvalitetsflis som skal tilby ulike biovarmeanlegg i Hardangerregionen (primært offentlige bygg). Det er etablert eit samarbeid med renovasjonsselskapet for Vossaregionen og det er venta at prosjektet går eit skritt vidare vårparten 2010. Det er gjennomført ein forstudie og det er teke kontakt med moglege kundar for høykvalitetsflisen.

Det andre anlegget som planleggast ligg i Øystese og er tenkt å levere biovarme til den planlagte utbygginga av bygg og anlegg i Øystes i tida framover. Det vil bli gjennomført ein grundigare studie primo/medio 2010 for å avklare ein del strategiske val som må takast. FM har vore og vil vere ein sentral støttespillar og rådgjevar for prosjektet.

### *Biogass*

Det er eit stort potensial i å utnytte energien i husdyrgjødsel og FM Hordaland har vort pågående overfor IN sentralt for å få etablert biogassanlegg (pionerstatus) i fylket med støtte fra IN. På bakgrunn av møter er det initiert eit samarbeidsprosjekt mellom bønder i Etne for å vurdere utbygging av biogass. FM vil følgje opp dette prosjektet tett i tida framover.

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Det er gjort vesentlige endringer i lovverket på dette området i 2009. Fylkesmannen som kompetanseorgan er opptatt av at kommunene får god oppfølging i endringene i regelverket og har høsten 2009 arrangert samling for kommunene der dette var tema. Fylkesmannen ser behovet for ytterligere kompetanseoppbygging i kommunene og vil skipe til regionale samlinger i fylket som utdyper og klargjør kommunenes handlingsrom og nasjonale føringer.

Fylkesmannen er også tillagt ansvar for å føre kontroll med kommunenes praktisering av regelverket på området. I særleg grad vil vi fokusere på at kommunene har forsvarlige rutiner for oppfølging av boplikt/driveplikt og av vilkår som er satt i vedtak etter jordlov/konsesjonlov. Det samme gjelder kommunenes delingspraksis og behandling av priskontroll med konsesjonspliktige landbrukseiendommer.

Fylkesmannen har i 2009 lagt ned vesentlige ressurser på arbeid med avhending av fylkets eiendommer knyttet til jordfondet. Det gjenstår nå kun 2 av disse eiendommene, som påregnes solgt innen 1.kvartal 2010.

Fylkeslandbruksstyret hadde 5 møte i 2009 og behandlet i alt 65 saker.

Disse fordeler seg slik: (tall for 2008 i parentes)

Plansaker:	14 (12)
Delingssaker:	24 (19)
Omdisponering:	1 (0)
Konsesjon:	11 (8)
Boplikt:	5 (1)
Landbruksveier:	1 (0)
Odelsfrigjøring:	1 (0)
Fordeling tilleggsjord (prestegårder)	5 (2)
Diverse	3 (5)

## Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Kontrolloppgåvene er organisert i ei kontrollgruppe, med deltakarar frå arealforvaltning (juristar) og frå dei ulike tilskotsområda (produksjonstilskot, regionalt miljøprogram og SMIL, velferdsordningane, skogordningane). To av deltakarane i gruppa er med på SLF sine kontrollsamlingar. Kontrollarbeidet er planlagt ut frå ein risikovurdering av ordningar, kommunar og kjennskap til einskilde føretak, og på føringar frå sentralt hald. Dette er samla i kontrollplan for 2009. I 2009 var det planlagt forvaltningskontroll i 8 kommunar og 8 føretakskontrollar. Kontrollarbeidet vart noko redusert grunna sjukdom. Av dei planlagte kontrollane vart det gjennomført forvaltningskontroll i 4 kommunar og føretakskontroll av eitt føretak. To av dei planlagte føretakskontrollane vart gjennomført som 5 %- kontroll av kommunen, med FMLA til stades. I tillegg deltok FMLA på 4 andre 5 %-kontrollar saman med to kommunar.

På forvaltningskontrollane vart det ikkje avdekka avvik som fører til endring av allereie utbetalt tilskot. I alle dei kontrollerte kommunane vart det gitt merknad på ulike forhold som burde bli betra, og tre av fire kommunar har gitt tilbakemelding på at rutinene er endra som følgje av kontrollen. I ein kommune vart berre delar av kontrollen gjennomført som planlagt, då ein del av dokumenta ikkje var tilgjengelege av ulike årsaker. Resten av kontrollen i denne kommunen vil bli gjennomført i 2010. På føretakskontrollen vart det gitt merknad om rutiner som burde bli betra og dette skal no vere endra. Den eine 5 %-kontrollen førte til at føretaket trekte søknaden.

### Landbruksvikartenesten:

Det er 100% dekningsgrad på landbruksvikartenester i Hordaland.

#### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

##### Klagebehandling

Embeter	Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
FMHO	0	1			0	1
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1</b>

##### Dispensasjonssøknader

Embeter	Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått

FMHO	29	0	6				10	0	0
<b>Sum</b>	<b>29</b>	<b>1</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1</b>			

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Fylkesmannen har i stor grad ein viktig rolle som fag- og utviklingsaktør på landbruksområdet. I visjon og mål for arbeidet ved avdelinga skal kompetansefunksjonen vere synleg og aktiv. Vi hadde også i 2009 fagkompetanse på dei fleste viktige områder for å kunne vere ein samarbeidsaktør både ift næringa og kommunane, men også for andre. Fagkompetanse vert nytta i mange prosjektgrupper og faggrupper knytt til interne og eksterne prosjekter.

FM har ein leiande funksjon i mange prosessar knytt til ulike fagområde innanfor landbruket i fylket. I 2009 blei det gjennomført dialogmøte med organisasjonane i landbruket ( Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Skogeiarlaget). Møte med Forsøksringane i fylket vert gjennomført kvart år for å koordinere arbeidet og vidareformidle kompetanse.

Utover dette har FM gode relasjonar og nettverk med ei rekke formelle etatar/organ og ideelle organisasjonar som tangerer vår interessesfære og våre målsettingar. FM har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen der det er eit mål å finne forskingsprosjekt som er retta mot sentrale utfordringar i vestlandslandbruket.

Vi laga informasjonstrategi der fokus blei lagt til formidling på nett. Vi leverte informasjonsstoff til LMD's Fylkesnytt to gonger i året. I tillegg har vi også fast side med informasjon i fagbladet Vestlands Landbruk – dette for å formidle fagleg stoff til alle næringsaktørane i fylket.

Avdelinga har i 2009 auka aktivitet og kvalitet på informasjon gjennom internett og fylkesmannen si nettstad. Det har og blitt laga eigne nettstader for prosjekt, og vi er i gang med å bygge opp ei eiga nettportal for bygdeutvikling, lokalsamfunnsutvikling og entreprenørskap. Denne portalen skal heite [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no) og vere ferdigstilt i februar 2010

FM gjennomførte ein større landbrukspolitisk konferanse på Voss i 2009, der organisasjonane, politisk og administrativ leiing i kommunane og det regionale partnerskapet var samla. Dette er eit viktig fora for formidling og diskusjon rundt utfordringane knytt til landbruket i fylket. I tillegg blei det gjennomført 2 samlingar for kommunane innanfor tilskotsforvaltning og fagsamlingar knytt til skogbruk og miljøvirkemidlane.

I samband med ny plan og bygningslov i 2009 blei det gjennomført opplæring av administrasjon og politikarar. Dette var eit samarbeid med Fylkeskommune og FM si miljøvernavdeling. Det vart gjennomført 3 samlinger i løpet av våren 2009. Dette var veldig godt mottatt av politikarane i kommunane og skapte engasjemnet. I tillegg er FM ute i kommunane og bruker spesielt " billedspelet" som eit viktig reiskap for dialog og formidling knytt til m.a. jordvern.

FM har i tillegg hatt direkte kommunedialog med administrativ og politisk leiing i kommunane. På disse møta er det fast agenda knytt til utfordringar kommunen har som landbrukspolitisk aktør. Det vert lagt vekt på å diskutere kapasitet og ressursbruk knytt til landbruksområdet i kommunen i tillegg til areal- og nærings spørsmål.

Kommunen sine ressurser på landbruksområdet er eit viktig tema på desse møtene -det er lagt vekt på å prioritere besøk i dei kommunane der vi ser det er behov for å sette fokus på jordbruk- eller skogkompetansen. For nokre kommunar er det naturleg å samarbeid om å skaffe eit godt fagleg kompetansmiljø, dette gjeld kommunane Ullensvang- Eidfjord - Odda, Stord - Fitjar, Os-Fusa-Samnanger, Vaksdal-Modal. I 2009 gjorde kommunane i nordhordland ein vurdering om samarbeid, der vert løysinga at Lindås-Meland-Masfjorden går inn i samarbeid. Vi ser at felleskontora har betre kapasiteten og meir ressursar tilgjengeleg til dei oppgåver som skal løysast.

### Samarbeid med KS:

Samarbeidsavtalen mellom KS og LMD er fylgt opp gjennom regelmessig kontakt mellom landbruksavdelinga og KS. Vi har hatt kontakt/informasjonsmøte og samarbeida om konferansar og om å setje landbruk på dagsorden i kommunane. Vi samarbeider elles med KS om klima og miljø

## Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

Hovudelementa mellom vern av dyrka jord og verdifullt kulturlandskap er differensiert arealforvaltning og god kommunikasjon med kommunar og andre partar. Vi vel difor å ha dei største restriksjonane i pressområde og i

område med særskilt verdfullt jordbruksareal/kulturlandskap. I område med fråflytting har vi prøvd å finne gode løysingar for å kunne støtte opp om spennande næringsprosjekt. Strategi for arealarbeidet (Ny tid for jordvern og kulturlandskap) skal bidra til ei forutsigbar og framtidretta arealforvaltning. Me får mange positive attendemeldingar frå kommunane på denne. Strategien gjer oss eit grunnlag for å ivareta dei nasjonale og regionale landbruksinteressene på ein god og forutsigbar måte.

## 26.1 Jordvern og kulturlandskap

### Utviklinga innan arealplansaker

I 2009 var 14 plansaker til handsaming i Fylkeslandbruksstyret. Sakene fordelte seg slik:

Etne - 3 reguleringsplanar

Fjell - kommuneplan

Fusa - 2 reguleringsplanar

Jondal - 1 reguleringsplan

Os - kommuneplan, 2 reguleringsplanar

Stord - 2 kommunedelplanar, 1 reguleringsplan

Voss - 1 kommunedelplan

I nokre av desse vart det instilt på ei rekke motsegnspunkt. Det beste eksempelet er kommuneplanens arealdel for Os - der administrasjonen innstilte på 24 motsegnspunkt. 12 av desse vart vedtekne av Fylkeslandbruksstyret, medan dei resterande 12 vart oversendt og fremja av SLF.

### Utviklinga innan dispensasjonssaker

Fylkesmannen handsama omlag 1700 dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova i 2009. Av desse vart 161 rekna som hovudsakleg landbruksrelaterte og såleis handsama på landbruksavdelinga. Antallet dispensasjonssaker i alt har gått opp sidan 2008, medan antalet handsama på landbruksavdelinga har gått noko ned. I alt har embetet påklaga 331 av dispensasjonsvedtaka, noko som er markant meir enn i 2008. Landbruksavdelinga har åleine påklaga 21 av desse - noko som er fire meir enn i 2008.

### Utfordringar ift å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane

For å ta fatt i dei utfordringane som ligg i å ta vare på jord- og kulturlandskapsressursane, er vi avhengig av tett dialog med kommunane. I den samanheng vert det jobba med fleire prosjekter der kommunane er med. Utfordringa i denne dialogen er kommunane sine eigne ynskje om vekst, utvikling og utbygging som i mange samanheng kan gå på bekostning av jordvernet.

#### *Prosjekt Landskap i kommunal planlegging*

Prosjektet blei avslutta i 2009 med ein nasjonal konferanse om landskap ("Alt landskap tel"). I tillegg blei det arrangert ein avslutning for dei fire pilotkommunane (Sund, Samnanger, Lindås og Granvin) der dei presenterte landskapsanalysar og resultat av prosjektet. Prosjektet skal ferdigstille ein rettleiar for kommunane med erfaringer frå prosjektet i 2010.

#### *Kjerneområde landbruk*

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareførte i 2009. Kommunane Granvin, Fusa, Os, Samnanger, Sund, Fjell, Øygarden fullførte eller reviderte kartlegginga. Osterøy, Radøy, Etne, Ullensvang, Fitjar, Stord, Sveio, Kvinnherad og Jondal er i prosess etter å ha fått kartframlegg frå oss. Arbeidet vil fortsetja i 2010. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk.

Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeida med kommunane om å gjennomføre. Pr. 31.12.09 har 13 kommunar gjennomført kjernearealkartlegging i ein eller annan form. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen.

For å nå nasjonale mål knytt til jordvern og kulturlandskapsressursar har vi gjennom kommunedialog teke opp dei nye nasjonale måla og forventningar. Landbruksavdelinga har og sett fokus gjennom oppfølging av KOSTRA - arbeidet. I tillegg nyttar vi arbeidet med kulturlandskap, SMIL, RMP og verdifulle jordbrukslandskap til å sette fokus på jordvern og kulturlandskapet sin verdi i samfunnet.

### Utvalde kulturlandskap i jordbruket

I 2009 har samarbeidsgruppa arbeidd vidare med Utvalde kulturlandskap i jordbruket.

I samarbeidsgruppa er det med representantar frå kulturminnevernet i Hordaland Fylkeskommune, miljøvern- og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen, og frå Naturhistoriske samlingar ved Universitetet i Bergen.

Landbruksavdelinga er koordinator og Kulturlandskapsgruppa er referansegruppe.

Forvaltningsplan med skjøtselsplan for Gjuvslandslia har vore grunnlaget for årets arbeid med drift, skjøtsel og istandsetting. Det er utarbeidd eit utkast til grunneigaravtale, og tilskot er utbetalt med utgangspunkt i skjøtselsplanen og i samarbeid med grunneigarane.

Det har vore lagt vekt på profilering av det Gjuvslandslia gjennom via avisoppslag, nettside, foredrag, og fjernsynsinnslag.

## Jordvern målet

I høve til resten av landet har Hordaland stor avgang av dyrka- og dyrkbar mark. Ikkje alle kommunar har gode nok rutinar internt for gjennom året å notere avgangen av dyrka- og dyrka mark som etter årskiftet skal rapporterast til KOSTRA. I 2007 vart det omdisponert 1438 daa dyrka- og dyrkbar mark i Hordaland. Året etter vart det rapportert om ein avgong på 629 daa. Tal for 2009 føreligg enno ikkje.

Når Bergen kommune rapporterar ein avgang på 5 daa dyrka- og dyrkbar mark i 2008, så er det sannsynlegvis ei stor underrapportering. Dette sett i forhold til at 2008 var eit år med stor byggeaktivitet og elles rapporteringane tidlegare år. Ei forklaring på den sannsynlege underrapportering er m.a. at areal som i gjeldande kommuneplan er lagt ut til byggeområde, først skal rapporterast gjennom KOSTRA det året reguleringsplanen for området vort godkjent. Ofte går det mange år mellom tidspunktet for godkjenning av kommuneplanen og godkjenning av reguleringsplanane som er i tråd med overordna kommuneplan. Kompliserte oppstillingsskjema kan og vere medverkande til at både Bergen kommune og andre kommunar ikkje har gode nok rutinar for rapportering.

Omdisponeringstala for Hordaland er i seg sjølve høge og ikkje i tråd med halveringsmålet til Stortinget. Fylkesmannen meiner det i tillegg er ei omfattande underrapportering til KOSTRA. Samla sett gjer dette sannsynlegvis svært høge omdisponeringstal for fylket.

## 26.2 Samfunnsplanlegging

### Geovekstsamarbeidet i 2009

Fylkesmannen i Hordaland har fortsatt ein aktiv rolle i organiseringa av Norge Digitalt i fylket. Fylkesmannen leiar Fylkesgeodatautvalet og er aktiv deltakar i arbeidsgruppene for basis geodata og tematiske geodata. Prosjektet "Plan- og temadata i Hordaland" vart starta opp i 2007 og skal etter planen avsluttast i 2010. Ein har her oppnådd gode resultat, både med omsyn til kompetanseheving i kommunane og etterkvart fleire kommuneplaner i kvalitetssikra standardar på digitalt format som kan nyttast i forvaltninga. Det er realistisk å satse på at dei fleste kommunane har digitale kommuneplanar på plass i løpet av 2010. Fylkesmannen påverkar prioriteringane i fylket gjennom innspel til geodataplanen for Noreg digitalt Hordaland. Samarbeidet med dei andre partane, t.d. Statens kartverk Bergen og Hordaland fylkeskommune fungerer svært godt.

Innanfor fagutvalet for basisdata, Geovekst, har det i 2009 blitt ferdigstilt full dekning av ortofoto for alle kommunane i ulike bildemålestokkar. Det har vore ein særleg satsing på etablering av laserdata for større område enn tidlegare, noko som vil vere spesielt viktig for rasjonell skogtaksering i skogbruket.

Internt på embetet har det også i år vore mest bruk av kartdata og GIS innen landbruks- og miljøvern avdelingane men ein satsar på auka bruk også hos fleie andre store avdelingar fremover. For å oppnå dette er det særleg viktig å kunne videreutvikle den interne innsynsløysinga og tilpasse denne til dei ulike avdelinganes spesielle fagfelt.

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO	Sum	
	<b>1510 Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>	
Resultatområde 21	455	455	0
Resultatområde 22	157	157	0
Resultatområde 23	76	76	0
Resultatområde 24	74	74	0
Resultatområde 25	201	201	0
Resultatområde 26	231	231	0
Sum:	1194	0	1194 0

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

Tilsyn og forvaltningsoppgaver hatt auka omfang og vi har fulgt dei nasjonale krava som er gitt. Nasjonalt tilsyn 2009 gav ein del spørsmål om tilsyn som verkemiddel på områder som er regulert av skjønsmessige reglar. Før endringa av § 8-2 var reglane meir presise. Det kan diskutertast om det statlege nivå bør har større rettleiing før ein har tilsyn med lovreglar som er sterkt skjønsmessige. Fleire kommunar og regionar har ønskje om meir rettleiing. Det er fagleg og tidsmessig krevjande å følgje opp denne type tilsyn. I tillegg til det generelle oppdraget, har vi i samarbeid med UDIR nytta tid til utarbeiding av instruks og metodokument

#### 31.1 Tilsyn og oppfølging av regelverk

##### Kommentar:

Tilsyn er hovudoppgåva på utdanningsområdet. Føremålet er å sikra at grunnopplæringa skjer i samsvar med lov og forskrift, og at tilsyn vert oppfatta som nyttig av kommunane når det gjeld å få til endring i samsvar med regelverket. Internt på embete er det satt igang eit arbeid med å samordne tilsyna hjå på embete. Dette gjer utfordringar når det er ulike sentrale instruksar / prosedyrar. Internt på avdelinga har ein hatt fokus på det psykososiale miljøet. Det er gjennomført tilsyn på same tema med ulike prosedyre. avdelinga skal laga utkast til instruks for nasjonalt tilsyn 2010 i samråd med Utdanningsdirektoratet

Vi har hatt ein konferanse med føremål å sjå samaheng mellom kommunal egenkontroll og kvalitetsutvikling og statleg tilsyn. Avdelinga skal i 2010 freista å auka talet på tilsyn.

Tilsyn med private skolar er overført til Direktoratet. Det er framleis behov for rettleiing. Frigjort kapasitet på privatskoletilsyn er ikkje i samsvar med det Direktoratet legg til grunn vert frigjort dersom ein samanliknar med auka tildeling til andre embete.

Skuleeigarar tek godt imot tilsyna.

Avdelinga har hatt to lovlegkontrollar om nedleging av skular. Sakene er arbeidskrevjande, ikkje minst på grunn av den dokumentasjonen som ligg ved sakene. Sjølv om avgjerd skulestruktur ligg til det kommunale sjølvstyre, er det høve til å krevja lovlegkontroll, og da er gjennomgang av sakshandsaminga krevjande.

##### Tilsynsoversikt utdanningsområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Komment
FMHO					■		
FMHO	Bergen Kristne Grunnskole	Privatskolelova § 5–2 tredje ledd og § 2–4 jf 9a–1, 9a–3, 9a–4,	Det blei ikkje avdekket avvik.		■	Systemrevisjon. Representant for foreldreråd og eleveråd blei også intervjua.	Tilsynet blei gjo ansvart for tilsy dei private skol overført til Utdanningsdire
			Kommunen /				

FMHO	Fusa kommune	Korleis Fusa kommune oppfyller det fastsette minstetimetallet for grunnskolen.	skolen kan ikkje avvike frå gjeldande fag- og timefordeling. Av omsyn til kommunikasjonen med elev og føresette, jf. kapittel 3 om individuell vurdering i forskrift til opplæringslova, må faga i skolen ha dei nemningane som går fram av rundskrivet. Elevane skal ha opplæring i fag som inngår i Kunnskapsløftet.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	I 2008 gjennom Fylkesmannen t med at fylkeskommune oppfyller det fas minste timetal f opplæring av el vidaregåande sk Som ei oppfølgi dette tilsynet, o bakgrunn i spør har fått om fag-timefordelinga ungdomstrinnet vil vi sjå på korl Fusa kommune oppfyller det fas minstetimetallet grunnskolen.
FMHO	Os kommune	Tilsynet kontrollerte om skoleeiger sikrar at elevar som har rett til	Os kommune har ikkje rutinar for systematisk vurdering og oppfølging av om regelverket for spesialundervisning blir følgt.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon	
FMHO	Radøy kommune	Kommunen/ skulen si etterleving av kapittel 9a i opplæringslova med	1. Avvik/ lovbrøt Radøy kommune har ikkje rutinar for systematisk vurdering og oppfølging av om regelverket om arbeidet med det psykososiale miljøet blir følgt. Avvik frå dette myndigheitskravet: Opplæringslova § 13-10 andre ledd. 2. Det vert ikkje systematisk fatta enkeltvedtak dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet. 3 Det føreligg døme på ordensreglement som ikkje er i samsvar med krava i opplæringslova og forvaltningslova.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon med intervju av elevrepresentant og foreldrerepresentant.	
			1. Kommunen må syte for at			

FMHO	Fitjar kommune	Kommunen/ skulen si etterleving av reglane om	ordensreglementa vert retta. 2.Kommunen må syte for at skolane har ein internkontroll som sikrar det systematiske, planmessige og førebyggjande arbeidet. 3.Bruk av skolemiljøutval og samarbeidsutval er ein del av dette arbeidet. 4.Kommunen må syte for at reglane om behandling av saker etter § 9a-3 tredje ledd blir innarbeid i skolane sine skriftlege planar/rutinar og implementert og praktisert. 5.Kommunen må syte for at føresette og elevar blir informert om reglane til å be om tiltak etter § 9a-3 tredje ledd og klageretten.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon og samtale med foreldre og elevar
FMHO	Osterøy kommune	Kommunen/skulen si etterleving av kapittel 9a i	1. Reglane om behandling av saker etter § 9a-3 tredje ledd må innarbeidast i skulen sine skriftlege planar/rutinar. 2. Elevar og føresette skal informerast om reglane til å be om tiltak etter § 9a-3 tredje ledd og klageretten. 3. Ordensreglementet må rettast. 4. Ordensreglementet med konsekvensar må gjerast kjent for elevane og foreldra.	<input checked="" type="checkbox"/>	Systemrevisjon med gruppesamtale med elevar og samtale med forldrerepresentant.

## 31.2 Klagesaksbehandling

Samla sett har det vore ei auke i talet på og arbeid med klager. Nokre av klagene er svært krevjande, både i innhald og omfang. Det må i fleire høve hentast inn fleire opplysningar. Kontoret driv også rettleiing i høve til regelverk og tolking av dette. Vi har samlingar og møte med skolefagleg ansvarleg. I tillegg er det vedvarande behov for veiledning til skoleverket når det gjeld regelverk, dokumentasjon og vitnemålsføring og dagleg er det



mange førespurnader pr telefon og e post

Fleire av reglane i opplæringslova er , eller blir oppfatta som rettar for elevane. Difor er det også mange som tek kontaktn om regelverket, også på område Kunnskapsløftet, samt vurdering, dokumentasjon og vitnemålsføring. Det er ikke kapasitet til å utføre dette veilednings og rettleiingsarbeidet i høve til det registrerte behovet. Det stor skilnad på kommunane i høve til skulefagleg kompetanse. Dette gjer seg utslag i etterspurnad til vår avdeling, også direkte frå skulenivå. Avdelinga har god kompetanse, men begrensa ressursar

Utdanningsavdelinga har i høve til Justisavdelinga også i år teke på seg hjelpe til med saker om frittak for taushetsplikt. Dette har auka i omfang og er som regel hastesaker.

	Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum	
FMHO					
FMHO	Klage i grunnskolen	Bortvisning	1	3	4
FMHO	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Spesialpedagogisk hjelp	2	1	3
FMHO	Klage i grunnskolen	Standpunktkarakterer for fag	126	24	150
FMHO	Klage i grunnskolen	Standpunktkarakter orden og åtferd			
FMHO	Klage i grunnskolen	Spesialundervisning	12	9	21
FMHO	Klage i grunnskolen	Skyss	7	49	56
FMHO	Klage i grunnskolen	Fremskutt skolestart		1	1
FMHO	Klage i grunnskolen	Skoleplassering - nærskole	5	18	23
FMHO	Klage i grunnskolen	Munnleg eksamen	1	9	10
FMHO	Klage i grunnskolen	Skolemiljø - § 9a-3	4		4
FMHO	Klage i grunnskolen	Spesialundervisning vaksne	1	3	4
FMHO	Klage i videregående opplæring	Rett til utvidet tid til opplæring	4		4
FMHO	Klage i videregående opplæring	Spesialundervisning		1	1
FMHO	Klage i grunnskolen	RLE-faget		1	1
FMHO	Klage i grunnskolen	Diverse - klage på innsyn i elevopplysninger	2		2

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

Resultatkrava er innfridde. Fylkesmannen i Hordaland hadde i 2009 to samlingar i forkant av GSI-innsamlinga. På den eine samlinga hadde vi åtte kommunar som saman utgjer ein av dei seks grunnskoleregionane i fylket, på den andre samla vi dei resterande 25 kommunane. Formålet med dei to samlingane var likt, men utbyttet for deltakarane og resultatet i form av betre og meir korrekt rapportering i GSI, var klart større på den minste samlinga. Strategien vår vil nok bli endra frå å ha alle kommunane samla til mindre møte, sjølv om vi då ikkje rekk over alle kommunane kvart år.

Kontoret bruker mykje tid på utviklinga av GSI. Utdanningsdirektoratet har vald å opprette ei faggruppe for GSI der Hordaland representerer embeta på sørvestlandet. Kontoret utarbeider konkrete framlegg til skjema, tekster til rettleiingane, framlegg til rapportar og kontrollar m.m. Vi har eigne samlinga for Sør-Vestfylka og samanfattar erfaringar og innspel frå desse. Tilbakemeldingane frå direktoratet på faggruppa sitt arbeid er gode. Ein annan indikator på resultatet av faggruppa sitt arbeid, er tilbakemeldingar frå kommunane. Dei opplever at spørsmåla i GSI er blitt meir presise og at rettleiingstekstane til grunnskoleskjemaet no er til god hjelp.

### 31.5 Eksamen og nasjonale prøver

Avdelinga har tre saksbehandlarar på området. Vi vurderer kompetansen som god i forhold til dei oppgåvene vi skal løyse. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk.

PAS og PGS

Hovudstrategien er å følgje opp skuleeigarane. I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og

alle skulane to gonger i året om PAS og PGS og gjennomføring av eksamen, samt kartleggingsprøver. Vi har også hatt ei samling for dei private grunn- og vidaregåande skulane. Dette har ført til betre oppfølging og ansvarleggjering av skuleeigar, men framleis vender ein del skular seg direkte til oss for hjelp. Fylkesmannen brukar framleis mykje tid på rettleiing og brukarstøtte og feilmeldingar. Til det siste fungerer PAS-hjelpen til direktoratet bra.

Omfanget av etterpåmeldingar er for stort, og det er eit klart mål både for Fylkesmannen og fylkeskommunen og få redusert dette monaleg.

Vi har ikkje hatt møte med skuleeigarane i kommunane om PAS og PGS. grunnskulen. Vi opplever at kompetansen etter kvart er blitt bra på kommunalt nivå.

Kompetansen blant sensorane er veldig varierende. Dette gjer at Fylkesmannen må bruke mykkje tid på rettleiing, brukarstøtte, feilmeldingar og oppfølging. Det er framleis viktige funksjonar som fylkesmannen har etterspurt, som manglar i PAS og PGS. Gjennom PAS-hjelpen, som fungerer godt, er vi med og utviklar eit arbeidsverktøy. Men det er svært viktig at våre behov for betringar i PAS og PGS blir følgde opp.

Fylkesmannen fekk inn søknader om annullering av skriftleg eksamen frå tre elevar som hadde gjennomført elektronisk prøve. Alle tre elevane fekk eksamenskarakteren 1 på prøvene. Desse søknadene vart vidareformidla til Utdanningsdirektoratet. To av elevane fekk innvilga søknaden om annullering, ein fekk avslag. Alle dei tre søknadene var knytt til elektronisk levering av elevsvara. Elevane uttalte at dei trudde dei hadde levert eksamenssvaret, men dokumentet var ikkje registrert i PGS. Slik Fylkesmannen ser det, er det eit problem at PAS/PGS ikkje har gode nok kontrollsystem på dette området og/eller at eksamensvakter ikkje har fått god nok opplæring i korleis digital levering av elevsvar fungerer. Fylkesmannen har hatt fleire tilsvarande saker på vidaregåande opplæring.

Nasjonale prøver.

Sjølve prøvene vart godt mottekne.

Trass i påminning var det ein del skular som ikkje fekk med seg fristar for registrering av resultat frå leseprøvene. Det var uheldig av utvida frist for registrering av resultatata vart sett til haustferien for mange skular i vårt fylke. Dei største utfordringane var av teknisk karakter knytt til PAS. Dette vert omtalt under overskirfta PAS/PGS.

I samband med registrering av fritak av elevar for nasjonale prøver vart det oppdaga at rektor/skuleadministrator ikkje har tilgang til denne funksjonen i PAS, berre aktuelle lærar har slik tilgang. Fylkesmannen vurderer det slik at det er uheldig at det i PAS ikkje ligg til rette for at rektor har god kontroll med kva som vert lagt inn i PAS når det gjeld fritak. Dette har vi meldt inn til direktoratet som har gjeve tilbakemelding på at dei vil sjå på saka.

Eksamen i grunnskulen

Sentral gitt eksamen

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Tilsaman 5837 elevar gjennomførte sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 108 sensorar.

Sensorskolering. Vi hadde ei dagsamling for faglærarar i matematikk i mars, der vi gjekk gjennom ny eksamensordning i faget. I tillegg hadde vi ei fagsamling for alle sensorane 3. juni. Det var godt frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på begge desse samlingane.

Lokalt gitt eksamen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket.

Vi fekk inn 10 klager på munnleg eksamen. Ni av desse fekk avslag, ei fekk medhald.

Eksamen i vidaregåande opplæring

Sentralgitt eksamen

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga, med unntak av norsk. Her brukar vi alle tilgjengelege sensorar.

Omfanget av sensorskolering var svært stort. Dette var positivt, men det var arbeidskrevjande å organisere og administrere reise og opphald for så mange sensorar. Her må ein finne ein meir rasjonell måte å arbeide på i samarbeidet mellom Utdanningsdirektoratet og fylkesmannen. Det er uheldig at nokre sensorar ikkje deltek på skoleringa. Vi ber direktoratet vurdere om dette kan gjerast obligatorisk.

### Lokalgitt eksamen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket. Fylkesmannen får mange spørsmål om gjennomføring av lokalgitt eksamen både frå skular og fylkeskommunen. Dette gjeld særleg tverrfagleg eksamen på yrkesfag og munnleg eksamen.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?		X	Informasjon frå nasjonale prøver og eksamen har ikkje vore relevant for våre tilsyn i 2009

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Gjennomsnittleg ligg skulane i Hordaland godt under landsgjennomsnittet for fritak i engelsk, lesing og rekning, både på 5. og 8. trinn. Fritak i Hordaland 5. trinn: - engelsk 2,8 - lesing 2,9 - rekning 2,0 Fritak i Hordaland på 8. trinn - engelsk 1,2 - lesing 1,3 - rekning 0,5	Vi ser store prosentvise variasjoner mellom kommunar i fylket når det gjeld fritak for nasjonale prøver.	Ein del av denne skilnaden skuldast at i små kommunar gjer fritak for nokre få elvar stort prosentvis utslag. Td. har ein kommune med ein skule fire elevar på 5. trinn, ein elev med fritak gjev ein fritaksprosent på 25 i denne kommunen.	Fylkesmannen har sendt ut brev til sju kommunar der vi ber om ei grunngeving/vurdering av kvifor fritaksprosenten ligg over landsgjennomsnittet i desse kommunane. Kommunane har fått frist til 15. februar med å koma med tilbakemelding på dette.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

Tilskot knytt til leirskuleopplæring, er forvalta etter føresetnadene frå sentralt hald. Oppgåvene er utførte jfr. oppdragsbrev.

Det er eiga rapportering på desse områda:

Del1-økonomirapportering/Del 2-tilskottsforvaltning. 3 tertialrapport er sendt Udir, jfr. fullmaktsbrev.

Vi har ikkje indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket, men det burde vore nytta meir tid til stikkprøvekontrollar. Dette er eit ressurs spørsmål.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

Arbeidet er utført i høve til oppdraget.

Det er verd å merka seg at på ein konferanse om tilsyn og kommunal eigenkontroll kom det fram at fleire kommunar ser lovlighet og kvalitet i samanheng. Dersom det blir trekt et skarpt skilje mellom lovlegkontroll og system for kvalitet, blir det vanskeleg for desse kommunane å ha vurderingane i eit og same system.

## 32.2 Kompetanseutvikling

### Kompetanseutvikling

I 2009 har to personar hatt ansvar for kompetanseutvikling fram til sommaren. Frå august har avdelinga hatt tre personar knytt til arbeidsområdet. Avdelinga har god kompetanse på området.

### **Fordeling av kompetanseutviklingsmidlar**

Fylkesmannen har informert skuleeigarane om strategien "Kompetanse for kvalitet" ved diverse samlingar, gjennom brev og ved å leggje ut informasjon på nettsidene våre. Eit viktig forum for drøfting av strategien er Samarbeidsgruppa for kompetanseutvikling, med medlemmar frå grunnskuleregionane, fylkeskommunen, universitetet, høgskulane, KS, Utdanningsforbundet og Statpedvest. Dette har medverka til eit godt regionalt samarbeid mellom partane.

#### **a) vidareutdanning**

Fylkesmannen har tildelt midlar til vidareutdanning etter dei retningslinene som Utdanningsdirektoratet ga i brev av 04.03.2009. Til dei statleg finansierte vidareutdanningsplassane kom det inn 115 søknader. Det blei tildelt støtte til 102 lærarar. I ettertid har tre trekt seg. Midlane for to av dei er etter avtale med Utdanningsdirektoratet overført til etterutdanning, medan ein kommune overfører midlane til 2010.

Til vidareutdanning på andre fagområde har vi tildelt midlar til 28 lærarar. Det kom inn 63 søknader.

#### **b) etterutdanning**

I Hordaland vart alle midlane tildelt skuleeigarane i juni 2009 etter dei retningslinene som vart gitt av direktoratet i brev av 20.03.2009. Tilleggsmidlar tildelt i brev frå Utdanningsdirektoratet av 08.09.2009 vart tildelt kommunar, privatskular og fylkeskommunen i september. Etter avtale med direktoratet er også Hordaland sitt restbeløp til vidareutdanning overført til etterutdanning og tildelt skuleeigarane.

I Fylkesmannen si tildeling var det særleg lagt vekt på dei fem prioriterte områda leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering og bruk av IKT i faga. Tilleggsmidlane til etterutdanning vart fordelt etter same prinsipp. I tillegg til dei 5 prioriterte områda som er rekna opp i tildelingsbrevet er følgjande tema høgst prioritert frå skuleeigarane: Spesialpedagogikk, klasseleiing og skuleleiing.

#### **c) etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa**

Alle midlane, inklusiv endringsfullmakt datert 08.09.2009, er tildelt Hordaland fylkeskommune etter søknad.

#### **d) rapportering på bruk av midlane til kompetanseutvikling**

Ikkje alle skuleeigarar rapporterte innan fristen 1. februar 2009. Det vart derfor ein del etterarbeid med purring og opprettingar. Fylkesmannen gjekk deretter gjennom rapportane for å kontrollere feil og manglar. Inntrykket vårt er at kvaliteten på tala blir noko betre for kvart år.

### **Vurdering**

Ordninga med støtte til vidareutdanning i prioriterte fag vart ganske positivt mottatt av dei ulike partane. Totalt i Hordaland fekk vi inn søknader frå 27 av 33 kommunar, åtte privatskular samt Statpedvest og Hordaland fylkeskommune. Fylkesmannen vurderer det slik at det var god oppslutning blant skuleeigarane om vidareutdanninga, sjølv om det var ein del kritiske merknader til kostnadene og til at det blir mindre pengar til etterutdanning.

Det er likevel knytt utfordringar til modellen innan ein del område. I 2009 kom prosessen seint i gong. Me reknar med at tidsspennet frå tilbod om vidareutdanning går ut til skuleeigarane og fram til søknadsfrist vert lenger i 2010. Dialogen mellom fylkesmannen, kommunane og kompetansetilbydarane bør hovudsakleg vera unnagjort før 1. juli. På grunn av ferieavvikling er det vanskeleg å gjennomføra konstruktiv informasjonsutveksling i juli og byrjinga av august. Dette inneber at opptak til vidareutdanninga bør flyttast fram i tid.

Det må koma tydeleg melding om kven som har ansvar for ulike oppgåver, kva rolle dei ulike aktørane skal ha og kva ansvar som ligg på kvart enkelt nivå.

Det inneber nokre utfordringar at det er få prioriterte fag. Dette gjeld særleg innan yrkesfaglege utdanningsprogram, der det er eit mangfald av behov når det gjeld spesifikk lærarkompetanse. Tilbodet om yrkesfagleg vidareutdanning omfatta berre eit av dei reine profesjonsutdanningane (bygg og anlegg). Det er vanskeleg å finna studietilbod i andre fag.

Ei anna utfordring med få prioriterte fag er at dei små utdanningsinstitusjonane

har for få fagfolk innan dei prioriterte områda.

Etterutdanning i lesing 2008/2009

1. Tal kommunar: 6

Lindås, Vaksdal, Samnanger, Osterøy, Austrheim, Øygarden

1. Tal skolar: 25

Dale barne og ungdomsskule, Eksingedalen skule, Stamnes skule, Stanghelle skule, Vaksdal skule

Kløvheim skule, Knarvik barneskule, Knarvik ungdomsskule, Leiknes skule, Lindås barneskule, Lindås ungdomsskule Ostereidet ungdomsskule,

Gjerde skule, Nordbygda skule

Hauge skule, Lonevåg skule, Osterøy ungdomsskule, Valestrand skule

Kaland barne og ungdomsskule, Årås barne og ungdomsskule

Bakken skule, Blomvågen skule, Rong skule, Toftøy skule, Øygarden ungdomsskule

1. Tal lærarar: 118

Vaksdal kommune: 29 deltakarar

Lindås kommune: 18 deltakarar

Samnanger kommune: 14 deltakarar

Osterøy kommune: 21 deltakarar

Austrheim kommune: 15 deltakarar

Øygarden kommune: 21 deltakarar

1. Tal lærarar som fullførte: Same tal som var påmeldt/deltok: 118

### 32.3 Skoleporten

Brukarstøtten har i hovudsak vore knytt til UBAS. Mange brukarar opplevde at dei var sette som inaktive og måtte får hjelp til å få status som aktive igjen, noko som i seg sjølve fortel at nettstaden har vore lite brukt i ein del kommunar. Men vi har og hjelpt kommunar som har ønskt ei opprydding i høve til personar og roller i UBAS fordi dei ønskjer ei meir medviten bruk av Skoleporten i arbeidet med kvalitetsvurdering. Det er likevel få som har vendt seg til Fylkesmannen for brukarstøtte i høve til sjølve bruken av opplysningane som ligg på Skoleporten. I den grad det er gjort, er det ofte fordi ein ikkje finn dei opplysningane ein forventar på Skoleporten.no.

Det er positive forventningar til Skoleporten frå kommunane med omsyn til raskare tilgjengelege data og til verkøy som til dømes Tilstandsrapporten. Dette er forbetringar som dei meiner er viktige for det lokale arbeidet

med kvalitetsvurdering.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Spesifiser dersom avvik	Øvrige kommentarer
1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?	X			
2. Benytter embetet Skoleporten på en formålstjenlig måte i tilsynsarbeidet?	X			Mest på området "Læringsmiljø" og "Resultater". Når det gjelder "Skolefakta" går vi rett til GSI som inneholder flere opplysninger som er relevante.
3. Brukes Skoleporten i lokal kvalitetsvurdering?	X			Noen kommunar meir enn andre.

#### 4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

Ferske data. Halde fram arbeidet med å utvikle verktøy som t.d. Tilstandsrapprtmalen.

### 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

Hordaland har vore eitt av to fylke som har deltatt i Utdanningsdirektoratet sitt prøveprosjektet om rettleiing av skolar og skoleeigarar. Vi har valt modell, kommunar og skolar. Etter kvart blei vi og førespurde om bistand til å finne fleire rettleiarar. Kontoret er og representert i ressursgruppa direktoratet oppretta i samband med prøveprosjektet.

Vi reknar med at vi saman med direktoratet vil evaluere denne delen av prøveprosjektet når det skal avsluttast.

### 32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning – kap 230.01

Fylkesmannen har ofte førespurnader knytt til tema spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp. Mykje av rettleiinga skjer pr. telefon, til både kommunar, skolar og føresette. Strategien til Utdanningsavdelinga er at større møter med informasjon og rettleiing om tema skjer regionsvis, det vil seie at vi møter representantar for 4-7 kommunar om gongen. Unntak frå dette er Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, som grunna storleiken har egne møter.

I 2009 har vi hatt mange eksterne oppdrag med informasjon om tema og om revidert Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Vi har særleg merka etterspurnad frå PP-tenestene, både hos store skoleeigarar (Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune) og hos små/mindre skoleeigarar. Det har også vore interesse frå høgskolane, og vi har vore gjesteforelesar både på Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund. Fylkesmannen, utdanningsavdelinga, har lagt vekt på å etterkomme førespurnadene så langt det er mogleg i høva anna arbeid.

Vi har gjennomført 1 tilsyn knytt til retten til spesialpedagogisk hjelp og statstilskottet til funksjonshemma barn i barnehage. Dette er i årsrapporten registret under barnehagområdet. Vidare har vi hatt 1 tilsyn grunnlag i Kap 5 i opplæringslova.

Oppgåver knytt til dette tema har høg prioritet på Utdanningsvadelinga.

### 32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen

Tre årsverk på kontoret er knytt til dette området. Eit av årsverka er eit engasjement som går ut 31.12.2010.

Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga. På dette området gjeld det administrasjon og oppfølging av tilskottsmidlane, fagleg/pedagogisk oppfølging og utviklingsarbeid og ein viss grad av internasjonal kontakt. Fylkesmannen er vidare delegert ansvaret for å følgje opp Plan for oppfølging av St.meld.nr. 27 (2004-2005).

#### Oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005):

Fylkesmannen i Hordaland har sett i gang følgjande på dette området:

**Realkompetansevurdering.** Eit nasjonalt 3-årig prosjekt om realkompetansevurdering som Fylkesmannen har

delegert til Vox blei avslutta 31.12.2009. Oxford Research AS evaluerer prosjektet. Arbeidet med vidare implementering av prosjektresultata starta hausten 2009 og blir avslutta desember 2011.

**IFI (Internett for innsette) - fjernundervisning/nettstøtta læring.** Fylkesmannen i Hordaland har eit prosjekt om nettstøtta læring i opne fengsel og ved oppfølgingsklassene. Oxford Research evaluerer prosjektet. Prosjektet blir avslutta 31.12.2010. Når det gjeld IFI løysinga har utdanningsstyresmaktene (Udir og FMHO) i samarbeid med kriminalomsorga (KSF – Kriminalomsorgens sentrale forvaltning, KITT – Kriminalomsorgens IT-teneste) utvikla ei nasjonal løysing med kontrollert tilgang til Internet. I samarbeid med KSF og KITT har vi arbeidd med å implementere løysinga i 2009. Arbeidet held fram i 2010 og då skal alle fengsla vera knytta opp mot denne løysinga.

**Opplæring gjennom heile året.** Fylkesmannen i Hordaland har hatt ei arbeidsgruppe med representantar for skolane som har fått i oppdrag å utarbeide ulike modellar for opplæring gjennom heile året. Arbeidet blei avslutta i januar 2009.

**Kartlegging av innsette sin utdanningsbakgrunn** Universitetet i Bergen har etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland gjennomført ei ny kartlegging av innsette sin utdanningsbakgrunn, behov, ønsker og arbeidssituasjon våren 2009.

**Språklege minoritetar.** Utdanningsdirektoratet har delegert til Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) eit prosjekt for å betre norskopplæringa for språklege minoritetar i norske fengsel. Det er laga eit [Idéhefte for opplæring av språklege minoritetar innanfor kriminalomsorga.](#)

**Høgare utdanning.** St.meld.nr.27 (2004-2005) gjekk inn for at *Fengsel, Aetat og skole må lokalt må finne frem til løysningar som i minst mulig grad skaper unødige praktiske hindringar, og som i størst mulig grad legger til rette for deltakelse i høgere utdanning.* Fylkesmannen gav Institutt for kriminologi, Uio og Grønland Voksenopplæringsssenter i oppdrag å kartlegge situasjonen for norske innsette som ønskjer å ta høgare utdanning. Denne kartlegginga ligg føre i rapporten ”*Fange og student?*” *Et utredningsprosjekt om universitets- og høyskoleutdanning i norske fengsler.*

### **Administrasjon av tilskottsmidlane. ”Bidra til at skoleeiere ivaretar sitt ansvar for innsatte i henhold til opplæringslova”**

I dette arbeidet har Fylkeskommunen kontakt med Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Justisdepartementet, dei seks kriminalomsorgsregionane, fengsels-og friomsorgskontor, alle fylkeskommunane, fylkesmennene og NAV-kontor. Strategiane vi nyttar i høve til dei ulike aktørane er tildelingsbrev, møte, fagsamlingar, prosjekt og vidare implementering av prosjektresultata.

I førebels tildelingsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane kvart år blir skoleeigar gjort merksam på dei overordna politiske styringsdokument som gjeld for dette området og for skoleverket generelt. I førebels tildelingsbrev for 2009 blei fylkeskommunane bedne om å lage ein ny plan for opplæringa innanfor kriminalomsorga med dei overordna politiske styringsdokumenta som rettesnor. I dette arbeidet blir fylkeskommunen beden om å ha med samarbeidspartar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar.

Fylkeskommunane, skolane, kriminalomsorga har blitt gjort særleg merksame på Rundskriv G-1/2008 frå Justis- og Kunnskapsdepartementet om *Forvaltningssamarbeid mellom Opplæringssektoren og Kriminalomsorgen*

Ved etablering av nye skoletilbod i fengsel er det alltid ei dagsamling der Fylkesmannen i Hordaland informerer om overordna politiske styringsdokument og politiske føringar på området. Med på desse møta er fylkeskommunen, kriminalomsorga, NAV og eventuelt andre aktuelle aktørar.

Fleire Fylkesmenn har gjennomført tilsyn med fylkeskommunen på dette området med særleg vekt på om dei innsette som har ein rett til opplæring, får retten sin innfridd.

### **Stimulere til samarbeid og nettverk tverrfaglig og tverretatlig mellom skoleeiere, universitet/høgskoler og andre aktuelle organisasjonar og fagmiljøer**

Fylkesmannen i Hordaland har gjennom tilbodsrunder og etter oppdrag engasjert fleire universitetsmiljø til å gjennomføre evaluering og kartlegging på dette området, til dømes: Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Oxford Research AS.



(Nordisk Ministerråd) Det er den første kartlegginga nokonsinne i nordisk samanheng som er gjennomført om innsette sin utdanningsbakgrunn. Initiativet til denne nordiske kartlegginga kom frå Nordisk nettverk for fengselsundervisning. Fylkesmannen i Hordaland har administrert prosjektet og den faglege koordineringa har vore lagt til Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen, i samarbeid med Eikeland forskning og undervisning. Cirus NordPlus Voksen har gitt økonomisk støtte til prosjektet. Denne rapporten blei med støtte frå Nordisk Ministerråd omsett til engelsk *Education in Nordic Prisons Prisoners' Educational Backgrounds, Preferences and Motivation* TemaNord2009:508. Med støtte frå dei nordiske kriminalomsorgs- og utdanningsstyresmaktene blei rapporten *Nordic Prison Education A Lifelong Learning Perspective* revidert og oppdatert i høve til forskning, kartlegging og utvikling i nordisk kriminalomsorg og fengselsundervisning TemaNord 2009:536.

Fylkesmannen i Hordaland er kontaktperson for Nordisk nettverk for fengselsundervisning.

I Koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga møter Kriminalomsorgens sentrale forvaltning og Fylkesmannen i Hordaland 3-4 gonger i året for å drøfte overordna problemstillingar innanfor området (tidlegare var også Utdanningsdirektoratet representert i Koordineringsgruppa).

I nokre kriminalomsorgsregionar innkallar regionen Fylkesmannen i Hordaland, fylkeskommunane og fylkesmennene for å drøfte opplæringstilboda i regionen. I tillegg er det i ein del fylkeskommunar eit Fagleg forum som drøftar opplæringstilboda i fylkeskommunen.

### **Videreføre KrAmi-prosjektet i henhold til prosjektplanen.**

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag å prøva ut ein ny modell for tilbakeføring av straffedømde som er etablert i Troms og i Rogaland – TUA (Tilbakeføring gjennom utdanning og arbeid. Det er vidareutvikling av KrAmiprojektet i Sverige). Prosjektet kom i gang hausten 2008 og etter godkjenning av styringsgruppa er prosjektperioden blitt forlenga med eitt år til 31.12.2011.

### **Relevante fagkonferansar som Fylkesmannen har hatt ansvar for eller vore med i planlegginga av:**

- Fagsamling. Målgruppe: Lærarar i opplæring innanfor kriminalomsorga
- Utrulling av IFI (Internett for innsette) Regionsamlingar. Målgruppe: fengselsleiarar, fengselspersonale, skoleleiarar og lærarar.
- Nordisk IKT møte: Målgruppe: Ansvarlege for skole, IKT og tryggleik i dei nordisk landa.
- Seminar om nettstøtta læring.
- Erfaringssamling for bruk av IKT/Internett: Fengsels- og skolepersonale i dei fengsla som har fått på plass IFI løysinga. I samarbeid med Kriminalomsorgens sentrale forvaltning.
- Baltisk/Nordisk seminar om fengselsundervisning i samarbeid med Justisdepartementet i Estland og Nordisk nettverk for fengselsundervisning
- EU kommisjonen har bede Fylkesmannen i Hordaland vera med i ei ekspertgruppe som har i oppgåve å planleggje ein europeisk konferanse om fengselsundervisning i februar 2010

Elles viser Fylkesmannen til eigen nasjonal rapport for området.

**Oppsummering.** Det er ein omfattande aktivitet på dette området. Regjeringa har sagt at det no er etablert opplæringstilbod i dei fengsla som skal ha skole. I 2010 blir Halden fengsel opna med eit omfattande opplæringstilbod. Vi har nytta ein metodikk og strategi for å nå resultatmåla på ein god måte og meiner det er samsvar mellom strategiane vi har nytta i høve til dei resultatmåla vi har nådd. Elles meiner vi at Fylkesmannen i Hordaland har eit team med god kompetanse som gjer at vi arbeider med dette området på ein fagleg forsvarleg måte i høve til overordna nasjonale måla. Området med klare krav til budsjetstyring, fagleg/pedagogisk utvikling, oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005) og internasjonal kontakt, krev fleire årsverk enn det som er tildelt.

## **Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltning på barnehageområdet**

Vi har hatt tre tilsyn på området, og merka ei auka i omfang av spørsmål frå kommuner, barnehagar og private når det gjeld lovtolking.

### **38.1 Tilskuddsforvaltning**

Hordaland er eit stort fylke med mange barnehagar. Arbeidet tar mykje tid, og utan ei særskild effektiv saksavvikling



hadde ikkje arbeidet latt seg gjera innanfor tilgjengelege ressursar.

## 38.2 Klagesaksbehandling

Saker om likeverdig behandling tar mykje tid. Kommunane spør ofte om det ligg føre rettleiingsskriv/erfaringsarkiv frå Kunnskapsdepartementet, ut over det årlege rundskivet. Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

		Type klage	Medhold/delvis medhold	Avslag
FMHO	Klage etter barnehageloven med forskrifter	Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til off. tilskudd, § 6	8	

## 38.3 Informasjon og veiledning

1. **Tiltak:** Nasjonal konfeanse om likestilling i barnehage og skule. **Dato:** 30.-31. mars. **Målgruppe:** tilsette i barnehage og skule og barnehage- og skuleansvarlege i kommunar og fylkeskommunar. **Omfang:** 2 dager **Antall deltakare:** 206

2. **Tiltak:** konferanse om kvalitet i i barnehagen. **Dato:** 8. juni **Målgruppe:** Barnehageansvarlege i kommunane **Omfang:** 5,5 timar **Antall deltakare:** 53

3. **Tiltak:** konferanse om språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen. **Dato:** 15. oktober **Målgruppe:** styrarar og barnehageansvarlege på kommunenivå **Omfang:** 6 timar **Antall deltakare:** 97

4. **Tiltak:** Konferanse om styringsutforminger i barnehagesektoren og om samarbeid mellom barnehage og barnevern **Dato:** 2. desember **Målgruppe:** ansvarlege for barnehagesektoren på kommunenivå **Omfang:** 5,5 timar **Antall deltakare:** 43

5. **Tiltak:** Fylkesmannen har kurs om tilsyn for kommunane i Sunnhordland **Dato:** 28. november **Målgruppe:** Dei i kommunane som utfører tilsyn **Omfang:** 3 timar **Antall deltakarar:** omlag 20

6. **Tiltak:** Fylkesmannen orienterer styrarane i region Voss/Hardanger om innhaldet i Stortingsmelding 41 **Dato:** 13. oktober **Målgruppe:** Styrarar **Omfang:** 2 timer **Antall deltakare:** omlag 100

7. **Tiltak:** Fylkesmannen orienterer styrarane i region Nordhordland om innhaldet i Stortingsmelding 41 **Dato:** 22. oktober **Målgruppe:** Styrarar **Omfang:** 3 timer **Antall deltakare:** omlag 60

8. **Tiltak:** Fylkesmannen orienterer region Nordhordland om regelverket om spesialpedagogisk hjelp og tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage **Dato:** 3. november **Målgruppe:** styrarane og leiarar i PPT **Omfang:** 6 timer **Antall deltakare:** omlag 60

9. **Tiltak:** Fylkesmannen orienterer om innhaldet i Stortingsmelding 41 i Askøy kommune **Dato:** 5. november **Målgruppe:** Styrarar **Omfang:** 3 timer **Antall deltakare:** 25

10. **Likeverdig behandling:** Det er halde kurs for kommunane i Hordaland og eit kurs for kommunane Nord-Trøndelag. Vi har nytta heimesidene til informasjonen. Det går mykje til med til å svara på telefonar og e-post.

**Kommentar om informasjon og veiledning:** Det er eit stort behov for rettleiing om lov om barnehagar. Fylkesmannen har i 2009 svart på 36 skriftlege henvendinger der om tolkning av innhaldet i lov om barnehagar. I tillegg besvarer ein mange spørsmål pr telefon. Det har vore stor auke av spørsmål knytt til retten til barnehageplass, samordna opptak i barnehagen og rammefinansiering. Fylkesmannen treng kompetanseauke for å besvare spørsmål om rammefinansiering.

## 38.4 Tilsyn

Tilsynsoversikt barnehageområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik/Funn	Frist for lukking av Pålegg	Merknad	Ressursbruk	Kom
--	---------------	---------------------	------------	-----------------------------	---------	-------------	-----

				avvik			
FMHO					■		
FMHO	Osterøy kommune	Kommunens tilsyn med og veiledning om bemanning	Det ble ikkje avdekka avvik under tilsynet		■		3 ukeverk
FMHO	Øygarden kommune	Kommunens tilsyn med og veiledning om bemanning	AVVIK 1 Øygarden kommune rettleier ikkje om, og fører ikkje tilsyn med at bemanninga i barnehagane er i samsvar med krava i barnehagelova. AVVIK 2 Øygarden kommune sikrar ikkje at vedtak om dispensasjonar frå utdanningskrava er i samsvar med krava i barnehagelova og forvaltningslova.	17.08.2009	■	MERKNAD Øygarden kommune bør vurdere om mangel på kvalifisert personale på sikt kan føre til at barnehagane ikkje blir drivne i samsvar med lov og regelverk for barnehagar. Kommunen bør òg vurdere kva tiltak den som barnehagemynde kan sette inn	3 ukeverk
FMHO	Lindås kommune	§ 5.7 og statstilskudd til tiltak med barn med nedsatt funksjonsevne i barnehage	Det ble ikkje avdekka avvik under tilsynet		■		3 ukeverk
FMHO	Alle kommunane i Hordaland	Kommunen sin sakshandsaming av dispensasjonar frå krav om utdanning	Nokre kommunar innhentar ikkje naudsynt informasjon om til dømes utlysning og tal på søkjarar. Dispensasjonar er og gitt til barnehagen og ikkje til navngjeven person slik regeverket krev. Avik blir tatt opp på møte med kommunane vår 2010		■		2 ukeverk

## Resultatområde 39 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

I 2009 nådde ein målet om full barnehagedekning. I kontakten med kommunane har ein satt fokus på krav til

kvalitet i barnehagane, jf Stortingsmelding, rammeplan og rettleiarar. Ein har også understreka ansvaret kommunane har som barnehagemynd.

Auka kvalitet på barnehagetilbodet har vore eit tema på alle samlingar med dei ansvarlege på området

### **39.1 Tilgjengelig barnehagetilbud**

Rettleiing mot alle kommunane pr telefon og epost om korleis den lovfesta retten til barnehageplass er å forstå. Den lovfesta retten til barnehageplass har og blitt drøfta på kontaktmøter med kommunane.

Månadleg rapportering til Kunnskapsdepartementet om kommunar som vart ansett som risikokommuner ved Barnehagekartmålingen i desember 08. I Hordaland var dette Bergen, Os, Voss og Askøy.

Rapportering frå kommunane per 1. september 2009 viste at alle barn i Hordaland med rett til barnehageplass fekk det innan utgangen av september

### **39.2 Kompetanseutvikling og rekruttering**

1. Fylkesmannen tildelte i 2009 i alt kr 3 391 195 til kompetansetiltak i kommunene. Alle kommunene i Hordaland søkte og mottok kompetansemidlar i 2009. 90% av midlane blei delt ut etter tal på barn i barnehage, og 10% blei delt likt mellom alle kommunane. Ein føresetnad for å få tildelt kompetansemidlar, er at kvar kommune utarbeidar ein kompetanseplan for sektoren. Fylkesmannen føreset at 30% av midlane vert brukte til lokalt utviklingsarbeid der alle barnehagar i kommunen kan søkje. Desse midlane kan og nyttast til støtte til vidareutdanning i pedagogisk utviklingsarbeid.

Kommunane hadde frist for å rapportere til fylkesmannen om bruk av midlane 20. januar. Rapporteringa for 2009 var elektronisk og etter ein fastsett mal. Rapporteringa fra kommunane visar at omlag 6000 barnehagetilsette har fått tilbod om kurs i 2009. Dette omfattar både assistentar, pedagogar og styrarar. 87 barnehagar søkte kommunane om stønad til lokalt utviklingsarbeid og 72 av dei ble tildelt stønad. 17 av kommunane svarer at dei har samarbeida med dei lokale høgskulane om kompetansearbeid i 2009. 22 av kommunane seier at dei har brukt andre eksterne kompetansetilbud i kompetansearbeidet.

2. Fylkesmannen løyva i 2009 kr 380 000 til 10 ulike prosjekt om fleirkulturell pedagogikk og kompetanseheving.

3. Fylkesmannen tildelte og kr 80 000 til prosjekt om likestilling i Bergen kommune.

### **39.3 Andre satsingsområder**

Fylkesmannen i Hordaland arrangere i mars 2009 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementetein ein nasjonal konferanse om likestilling i barnehage og skule. Utgangspunktet for konferansen var dei mål og tema som kjem fram i handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnsopplæring 2008 – 2009. Målgruppen var skule- og barnehagetilsette frå heile landet.

NAFO, Høgskolen i Bergen og Fylkesmannen i Hordaland har i fleire år samarbeidet om kompetanseutviklingsprosjekt "Språklig og kulturelt mangfold i barnehagen". Prosjektet er inne i sin siste fase, og om lag 35 barnehagar arbeidar no i nettverksgrupper saman med ein fagleg ansvarlig tilknytta høgskulen i Bergen. Vi har 3 nettverk i Hordaland, der møta blir arrangert på Stord, i Bergen og på Voss.

Embetet har og halde kurs om tilsyn for kommunane i Telemark

### **Ressursrapportering**

Vi har hatt sjukemelding tilsvarande eitt årsverk. Det har ikkje vore høve til å setje inn vikar.

Avdelinga har hatt som oppgåve å pilotera felles nasjonalt tilsyn 2010. Arbeidet starta i august og har teke tid. Overføring av tilsynsoppgaver på privatskulane til Direktoratet har ikkje minska arbeidet med informasjon og veiledning til desse skulane.

Vi har to tsette på rettsvilkårsavtalen. Det er ikkje mogeleg å nå krava i embetsoppdraget utan desse. Dersom ein trekk frå det landsdekkande området har avdelinga hatt 14 personar ( medrekna leing og merkantil) til å dekkja dei samla oppgåvene på utdannings og barnehageområdet. Dette er for lite når arbeidet har auka.

Resultatområde	FMHO		Sum	
	<b>1510 Fagdep.</b>		<b>1510 Fagdep.</b>	
Resultatområde 31	355	76	355	76
31.1 Tilsyn og opp	155	15	0	0
31.5 Eksamen og na	68		0	0
Resultatområde 32	45	32	45	32
32.2 Kompetanseutv	13	12	0	0
32.3 Skoleporten	3		0	0
Resultatområde 38	78		78	0
38.1 Tilskuddsforv	45		0	0
38.2 Klagesaksbeha			0	0
38.4 Tilsyn	8		0	0
Resultatområde 39	45		45	0
Landsdekkende oppgaver	50	92	50	92
Sum:	573	200	573	200

## **Barne- og likestillingsdepartementet**

### **Resultatområde 42 Familierett**

#### **42.5 Veiledning og informasjon**

Besvart mange henvendelser om separasjon og skilsmisser både over telefon og i resepsjon. Svart på mange telefonhenvendelser om barn. Kan i større grad vise til skjema og info på våre nettsider om sep./skilsmisser, men fortsatt mange henvendelser.

### **Resultatområde 44 Familievern**

Det er ført tilsyn i form av systemrevisjon med 6 av totalt 6 familievernkontor i Hordaland. Ingen avvik er gitt.

### **Resultatområde 45 Barnevern**

#### **45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten**

Det blir utarbeidd eigen årsrapport på området bygd på mal frå BLD

## 45.3 Kompetansetiltak/Informasjonsvirksomhet

Det vart i juni arrangert ein dagssamling for barneverntenestene i Hordaland med tema "Oppfølging av opplæring/tilrettelegging av skule for barn plassert utanfor heimen."

Fylkesmannen har delteke i og gitt tilskot til gjennomføring av seminarrekke i Fonnaområdet med tema: "Kunnskapsbasert undersøking i barnevernet - Eit felles ansvar" ved Øyvind Kvello

## Resultatområde 46 Universell utforming

I fylkesmannen sitt leiarmøte 29.09.09 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å følge opp regjeringa si handlingsplan *Norge Universelt utformet 2025*. Arbeidsgruppa har ikkje avslutta arbeidet sitt, men tek sikte på ferdigstilling av handlingsplan for fylkesmannen si oppfølging av universell utforming medio mars 2010. Arbeidsgruppa er avdelingsovergripande, og følgjande avdelingar er representerte: Helse, justis- og forvaltning, utdanning, kommunal- og samordning, administrasjon og miljøvernavingdelinga.

Som eit resultat av arbeidet har universell utforming i Statens Hus vore tema både i arbeidsmiljøutvalet i 2009 og i dialog med huseigaren Entra med sikte på gjennomføring av konkrete fysiske tiltak.

Fylkesmannen i Hordaland har ei leiande rolle i *Knutepunkt Hordaland – samfunnsansvar i offentlige anskaffelser*. Universell utforming er et av samfunnsområda som er aktuelt å knytte til offentlege anskaffingar. Prosjektet starta opp våren 2009 og er planlagt avslutta i desember 2011. I samband med opplæringsprogrammet for plandelen av ny plan- og bygningslov har det vore fokusert på universell utforming i formidling av lova mot kommunane og konsulentar.

Universell utforming vert diskutert jamleg i samband med innspel til kommunal planlegging, både i kommuneplanprosessar og i konkrete reguleringssaker. Fylkesmannen oppretta hausten 2009 eigen internettside om planlegging med diverse innfor og aktuelle saker. Her finn ein og eiga side om universell utforming med vidare lenkje til MD sine sider.

## Resultatområde 48 Likestilling

### Likestilling internt i embetet

Fylkesmannen er oppteken av at alle får same anledning til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbedisoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopprykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

Pr. 1.12.2009 hadde embetet 193 tilsette. Av desse var 102 kvinner ( 53 %) og 91 menn ( 47 %). Leiargruppa består av 17 personar, derav 6 kvinner (35 %) og 11 menn (65%). Kjønnfordelinga har vore stabil dei siste åra. Kvinner dominerer innafor konsulentkodene ( saksbehandlargruppe I), medan kjønnfordelinga i høgare saksbehandlargruppe er jamnare fordelt. Foruten stillingskode 1063 førstesekretær og 1065 konsulent ligg menn høgare plassert i løn enn kvinner. Forskjellen er likevel liten og ligg jamnt over på 1-2 lønnstrinn. Embetet har særkilt fokus på å rette opp eventuelle kjønnsbaserte forskjellar i høve til lokale lønnsforhandlingar. Mellom anna er ein obs på at dei som er i foreldrepermisjon og omsorgspermisjon skal ha like store sjansar for å nå fram med sine krav som andre.

Embetet utarbeider hvert år en personal- og likestillingsrapport.

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO	Sum	
	<b>1510</b>	<b>Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>
Resultatområde 42	150	150	0
Resultatområde 44	13	13	0
Resultatområde 45	212	212	0
45.1 Tilsyn med ba	70	0	0
Resultatområde 46 og 48		0	0
Sum:	375	0	375 0

## Justis- og politidepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.2 Vergemålsloven

Nettverk for overformynderiene i Norge har holdt kurs i vårt distrikt.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	17	0
<b>Sum</b>	<b>17</b>	<b>0</b>

### Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

#### 53.1 Oversikt over regionale samfunnsikkerhetsutfordringer

Intern og ekstern presentasjon av ny Plan- og bygningslov med spesielt konsekvensene av denne for samfunnsikkerhetsarbeid, bl.a. for å ivareta veilednings- og kontrollfunksjonen overfor kommunene.

FylkesROS Hordaland 2009 presentert oktober 2009 (m.a. med vektlegging av klimatiske utfordringer og sikring av kritisk infrastruktur. Pådrivarrolla og deltakar i fleire regionale fora og samarbeidsorgan (eksempelvis fylkesberedskapsrådet, statsetatsforum med fleire).

#### 53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

FylkesRos 2009 ferdigstilt i 3. kvartal med tema: Akutt ureining, Epidimiar, Opprett, Storulukker/samferdsel, Atom, Drikkevatt, Kritisk infrastruktur, Klimaendring/natur, Kjemikalier/farleg gods/brann/eksplosjon, IKT, Dambrot, Energiforsyning. Rutinar, prosedyre og forpliktande ansvarleggjering for konkret oppfølging av FylkesRos starta opp i 4. kvartal.

Ved beredskapstilsyn i kommuane er Ros/Bis prioriterte tema. I kommuneplan/del og einskildsaker er Ros eitt av fleire punkt som spesielt vert ettersett.

Fylkesmannen er og deltaktig i anna ROS frå Nasjonale/regionale fagetatar (eksempelvis oppstart ved revisjon av Transportberedskap Hordaland 2005).

#### 53.3 Arealplanlegging

Beredskapseininga deltek i dei faste interne planforum på embetet. I tillegg deltek eininga også i felles planforum med m.a. fylkeskommunen.

Beredskapseininga har også delteke og vore med i fleire KU prosessar spesielt innan større samferdsleprosjekt.

Oversikt skred og flaumutsette område inngår m.a. i revidert FylkesROS2009. Beredskapseininga har og tett kontakt til m.a. NVE i konkrete dam og flaumrelaterte hendingar og ordinære plansaker.

Beredskapseiinga har i 2009 kome med innspel til fleire motsegn i plansaker spesielt kva angår lokalisering og mangelfull ROS.

I samband med tilsyn i kommunane vert det og vektlagt prosessar og rutinar i den kommunale arealforvaltning.

### **53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene**

Beredskapseiinga deltek aktivt med innspel ved rullering av kommuneplanar, arealplanlegging, reguleringsplanar og bebyggelsesplanar.

Fylkesmannen har i sin informasjon og veiledning m.a. ytterlegare skjerpa krava til dei venta klimautfordringane.

I ulike samanhengar og ved samlingar med sakshandsamarar i kommunane deltek beredskapseiinga og yter veiledning/informasjon om m.a. auka bruk av ROSmetodikk og at det vert teke omsyn til utarbeidd aktuell ROS.

I 2009 er det ført systematisk tilsyn med beredskap og samfunnsikkerheit i 9 av 33 kommunar i Hordaland

(Austrheim, Bergen, Stord, Kvam, Os, Sund, Askøy, Vaksdal, Osterøy).

Tema ved tilsyna har vore: Målsetjing, ROS, BIS, Kriseplanar/Krisehandtering,

Kompetanseheving/Oplæring/Øvingar.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Beredskapsplaner innen samfunnsikkerhet**

Fylkesmannen får i hovudsak inn dei fleste overordna krise/beredskapsplanverk frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert og gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna.

Kontakt vedrørande skjermingsverdige objekt vert i hovudsak gjennomført med politiet, forsvaret og i noko grad objektigarar. I plan og utbyggingssaker vert det og gjort objektvurderingar i samråd med forsvaret og politiet.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk (SBS) delen har ikkje vore prioritert i 2009.

Samordning og regional krisehandtering har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet og det regionale atomberedskapsutvalet.

### **54.2 Kommuneøvelser**

Øving Hordaland vart gjennomført 22. og 23. september 2009. Øvinga var primert for Kommunalkriseleijing (KKL) der varslings og rapporteringsrutinar vast testa. I tillegg vart det i førekant av øvinga gjennomført 3 samlingar med personell frå kommuane der oppdatering av overordna planverk i kommuane vart prioriterte. I tillegg vart planverket for den kommunale atomberedaskapen oppdatert og øvd. I øvingsførebuingane/samlingar var og fleire av dei regionale fagorgana delaktige.

I tillegg er det og fleire kommunar som initierar eigne øvinigar eller er deltakande i redningsøvingar med politi/helse og brann.

Øving Hordaland 2009 vart og i omfang tilpassa ettersom den tidsmessig vart planlagt og gjennomført i den mest aktive tidsperioden for pandemihandteringa.

Pandemihandteringa har for kommunane i stor grad vore "eksamen" på den omfattande pandemiøvinga som fylkesmannen gjennomførte med kommunane i 2007.

Opplæring og øvingar er også tema for fylkesmannen sine beredskapstilsyn i kommunane.

Fylkesmannen har og delteke og vore aktivt med i øvingar spesielt i Bergen kommune i 2009 m.a. avdi Bergen kommune/Bergensområdet representerer omlag 3/4 av befolkninga i Hordaland.

### **54.3 Regional samordning – øvelse**

Embetet si leiargruppa var m.a. deltaktig i ei kriseøving med tema Atom/utslepp i England. Leiargruppa og deler av krisestaben var også trekt inn i mindre krisehandteringar/varslingar i 2009. Ikkje minst gjeld det Pandemi 2009 som er omhandla i andre resultatområde frå embetet.

Øving Hordaland 2009 (fellesøving med kommunane) vart gjennomført 22. og 23. september. I førekant av øvinga vart det og gjennomført fleire faglege samlingar med kommunane sine øvingskontaktar/planleggarar. Ved desse samlingane var også fleire regionale fagetar trekte med.

### **54.4 Havneberedskap – øvelse**

Hordaland og Sogn og Fjordane har gjennomført planlegging og andre førebingar til felles havneberedskapsøving i Måløy 29. og 30 september. Av budsjettmessige årsaker avlyste Kystverket samlinga/øvinga (avlyst 1.sept.)

### **54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse**

Fylkesmannen har i 2009 hatt fleire kontaktmøte/samlingar med forsvaret (og andre) bistandsmyndigheiter for m.a. å styrkja ei heilheitleg og samordna krisehandtering. Vektlegging av ei samtidig og eintydig innsyn i situasjonar for å kunna gje maksimal støtte/bistand til "kriseeigar".

Det har i 2009 ikkje vore gjennomført samøvingar med forsvaret utover øving i Atomberedskapsutvalet der forsvaret var delaktig.

Vidareføring av Samvirkeøvingar i Bergensområdet vart ikkje revurdert i 2009. Pandemiandteringa medverkande årsak til at dette måtte "tonast ned".

### **54.6 Regional samordning**

Atomberedskapsutvalet har i 2009 hatt ei dagssamling med fagleg opplæring og ei krisehandteringsøving (utslepp i England).

Fylkesmannen har i 2009 handtert mobfritaks saker for kommunar og prioriterte bedrifter. Fylkesmannen har vidare prioritert vernepliktsverket sitt krav til å redusera talet verksemder med fritak som ikkje er "viktige" ved ei mobilisering.

Frivillige organisasjonar har også i 2009 m.a. delteke i fylkesberedskapsrådet. Ved beredskapstilsyn i kommunane har det også vore fokusert på at kommunale beredskapsråd må ha ei breid samansetjing herunder at frivillige organisasjonar er representert.

### **54.7 Utvikling av nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE)**

Narre pilot i Hordaland. Det vart i 2009 m.a. gjennomført 3 møte/ samlingar med ulike aktørar (styringsgruppe og lokal brukargruppe).



Det har ikkje vore gjennomført brukaropplæring i 2009.

Nøkkelpersonell ved sivilforsvarddistriktet knytt til NARRE som slutta hausten 2008 var tilbake 1.11.2009.

Budsjettsituasjon for NARRE og andre føringar frå DSB har resultert i at NARRE har fått mindre prioritet i 2009. Oppdateringar av dei ulike aktørar har vore mindre god. Ved øving Hordaland 2009 vart NARRE i liten grad nytta eller oppdatert.

## **54.8 Felles digitalt nødnett**

Gjeld ikkje Hordaland 2009

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

### **55.1 Organisering for krisehåndtering**

Krisestaben (kjernestaben) er utpekt og deltek ved behov i krisehantering og øvingar. Staben vert utvida med ytterlegare personell frå embetet eller ekstrene alt etter kva situasjon som skal krisehanterast. Deler av staben har i 2009 m.a. delteke i varslings/rapporteringsøvingar og atomberedskapsutvalet sine samlingar og øving.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er kriseorganisasjon og krisehandtering tema. Kriseplanar frå kommunane som vert sendt inn til fylkesmannen vert og gjennomgått og det vert gjeve uttale/råd når ein finn det tenleg.

Embetet sine system for gradert meldingsformidling er operative og er testa/brukt i 2009.

Kryptokvalifisering/klarering av 2 nye personar er gjennomført i 2009. Vidare intern opplæring/innføring i kryptotenesta for nytt personell er og gjennomført i 2009.

### **55.2 Krisehåndtering**

Regional krisehandtering vert i hovedsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet og

Atomberedskapsutvalet i tillegg til fylkesmannen sin kjernestab.

Krisehandtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband øving Hordaland 22. og 23. septeber.

Utover dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel /meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

2009 vart det loggført 32 slike hendingar.

### **55.3 Evaluering**

Evaluering skjer i hovedsak etter øvingar og hendingar m.m.

I 2009 (desember) vart det gjennomført sluttevaluering etter øving Hordaland 2009.

I tillegg føl fylkesmannen ulike situasjonar som har eller kan ha potensiale for krisehandtering i mindre eller større omfang. Evaluering/gjennomgang i høve til embetet si evna til å gjennomføra varsling og rapportering samt ivareta fylkesmannen si rolle som regional samordningsmyndigheit.

Evaluering/gjennomgang av større hendingar vart og teke opp i fylkesberedskapsrådet sitt faste årlege møte (5. og 6. februar).

Evaluering og lærdom av hendingar utanfor fylket vert og presentert med tanke på om tilsvarande hendingar skulle skje i Hordaland.

Ved hendingar som utløyer rapportering vert det meldt på samordningskanal til DSB i tillegg til fagrapportering.

Fylkesmannen har og gjennomført rutinemessig fast rapportering til DSB med oppstart 1.9.2009.

## Ressursrapportering

Beredskap ligger ca 24 ukeverk over de fire årsverk enheten har. Dette skyldes bruk av ekstra mannskap i forbindelse med utarbeiding av ny fylkesROS

Resultatområde	FMHO	Sum
	<b>1510 Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>
Resultatområde 51		0 0
51.2 Vergemålslove 15		0 0
Resultatområde 52		0 0
52.1 Fri rettshjel 171		0 0
Resultatområde 53 130		130 0
Resultatområde 54 40		40 0
Resultatområde 55 30		30 0
Sum:	200 0	200 0

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2009 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Organiseringa av dette arbeidet fell på sett og vis til Kommunal- og Samordningseininga der to personar har samordning av statlege oppgåver og tilsyn som ein del av sine oppgåver, men dei einskilde fagavdelingar samordnar også praktisk innanfor sine felt.

Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var klimautfordringar, ny Fylkes-ROS, Svineinfluensa, ny plan- og bygningslov, ny Naturmangfaldslov, NAV og forvaltningsreforma blant tema til føredrag og debattar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, og for 2009 har vi fortsatt arbeidet med tema som barn- og unges oppvekstmiljø, samfunnssikkerheit og beredskap, samordna informasjonsstrategi og samordning innan plansaker nemnast. Kvar 14. dag blir det haldt internt møte med avdelingsleiarane – noko som bidrar til samordning innerter og utetter.

Embetet deltar på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar. Fylkesmannen deltar i regionstyret for Innovasjon Noreg, og deltek aktivt i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utviklingsplan og regional næringsutvikling.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte Fylkeskommunen og inviterte kommunar.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde.

Andre statsetatar deltar også der dette er teneleg.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KRD sine retningslinjer (rundskriv av 9. feb 2004 - publ. nr. H-2143). Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege områder for fylkesmannens samordningsansvar skal såleis vere ivaretatt. Fylkesmannen viser til diskusjon om fornying av retningslinjene, og kunne tenke seg ei nærara opprasjonalisering av same.

## **61.2 Omstiling og fornying i kommunene**

Fylkesmannein i Hordaland har lagt vekt på synleggjøring av den faktiske stoda i kommunane, enten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måte ønsker FM å kartlegge gtrongen til fornying. På det økonomiske område er bruken av KOSTRA sentral.

Fylkesmannen satt i 2009 av kr. 4,2,- mill frå ordinær skjønnsnett til prosjektskjønn. Interkommunale prosjekt vert prioritert. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsam for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvende sjølv.

For tilsynsarbeid vert det vist til eget ressursområde

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore velukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet. Fylkesmannen ser likevel at det er trong til ein endring i retning meir forpliktande § 28-samarbeid.

Kvalitetskommuneprosjektet blei også i 2009 støtta. Til saman seks kommunar fekk kr. 100.000,- kvar til prosjektet. Som tidligare stilte FM sin kompetanse og arbeidskraft til rådvelde, men som tidligare ønskte ikke KS assistanse - dette gjeld etter kva vi forstår dei fleste fylker.

## **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Avholdt 2 4-dagers kurs i systemrevisjon som tilsynsmetode i regi av Fylkesmannen i Troms, SFT og DN.

KOMSA (Kommunal- og Samordningseininga) har avholdt 3 møter i Tilsynsforum der aktuelle samordningsspørsmål vert drøfta. Det har og vore nedsatt ei gruppe ved emmbetet som skal syte for harmonisering av tilsynet og å klarleggje dei områda er samorning er vanskeleg. Rapport legg føre i februar 2010.

Det er innført rutiner for samordning av kommunetilsynet, bla. ved en ny utviklet kalender for planlagte tilsyn.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven**

FM går kvart år gjennom samlege 33 budsjett. Budsjett og økonomiplanane til ROBEK-kommunane vart prioritert først. Samlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan.

På denne måten kan FM skaffe seg god øversikt over stoda i kommunane (framoverretta i motsetning til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

FM har i 2009 godkjent 16 låneopptak (utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett)

FM har i 2009 godkjent 23 garantiar. Ingen vart avslått.

### **62.2 Økonomiforvaltning – veiledning**

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet ogkommuneproposisjonen så

snart dette vart offentleg. Samstundes blir ein enda meir detaljert informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgjevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare held fylkesmannen personleg innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse.

Vi har også i 2009 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEEK. Denne ressurskrevjande praksis gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket.

Embetsleiinga og økonomirådgjevarane møter ofte den einssilde kommune for ein gjennomgang av status og utfordringar. Fylkesmannen personleg har delteke på rundt 20 slike møter i 2009.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEEK eller som står i fare for å komme på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlate til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

I 2009 heldt vi tilbake 4,2 mill kroner som blei gitt til omstillingstiltak i kommunesektoren, hovudsakleg interkommunale tiltak. Seks av tildelingane gjekk til kvalitetskommuneprogrammet.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har i alle tilgjengelege fora, og pr. brev, oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Ved publisering av foreløpige tal har vi merka at nokre kommunar har vist mangelfull rapportering. Dette har vi påpeikt og følgd særskild opp. Resultatet er at medan 11 kommunar ikkje rapporterte førebelse resultat og balansetal for 2005, og talet for 2006 var tre, var vi i 2008 (2007-tal) nede i to. Dette vart noko svekka for 2008-tala (2009). Problemet her er sårbarheit på personalområdet. Ein sjukemelding eller skifte av ansatt i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har i år utarbeida samanfattande rapportarom den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar (førebelse og endelege tal).

Rapportane gjeld perioden 2004-2008. I tillegg er det lagt ut 2008-tal for den einssilde sektor i den einssilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA har vert nyttig for kvalitetssikring av tala.

FM har vert invitert til lokallag og kommunar i samband med budsjettprosessen for 2010 og har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2009 har Fylkesmannen fordelt ein skjønnsnett på kr. 132,4 mill. Av desse vart kr. 4,2 ,-mill gitt i prosjektskjønn.

Av ramma på kr. 140 mill. for 2010 er kr. 11,7 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane. Fylkesmannen har sett av kr. 4,5 mill. til prosjektskjønn. Resten av de ufordelte skjønnsmidlene blir fordelt mellom kommunene i juli eller august.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valg

### 63.1 Kommunalrett

Det har vore to saker om skulenedlegging. Sakene tek tid idet det gjerne ligg ved mykje dokumentasjon. Avgjerd om skulestruktur ligg til det kommunale sjølvstyre, men det er høve til å krevja lovlegkontroll på vanleg måte.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		

FMHO	8	6	2	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 63.2 Valg

FM arrangerte kurs for kommunane i samband med Stortingsvalet 2009. Fylkeskommunen i Hordaland var deltaktig og fagekspertise blei henta inn frå SSB og Bergen Kommune (praktisk valgjennomføring - vallokale etc).

Stortingsval fører med seg mindre for FM enn kommuneval og faktisk har den største delen av "val-relaterte" spørsmål vert knytt til endringar i formanskap/kommunestyre, likestilling etc.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har handsama 19 klagesaker etter offentleglova.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

1 sak om grensejustering, kommunane Vaksdal og Modalen. Innstilling sendt departementet.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen har oppfordra til Interkommunalt samarbeid. Det har vert skaffa til rådvelde ein oversikt over arbeidet frå dei forskjellige regionråd. Som eit døme kan det nemnast at Sunnhordlandskommunane deltek i over 60 ulike samarbeid i fylket eller mot Haugalandet.

Det som imidlertid er typisk er at det er tekniske tenester som det samarbeidast om og mye § 27. Fylkesmannen oppfordrar til meir samarbeid etter ny § 28.

I samband med tildeling av prosjektskjønn har vi som hovudregel at prosjekta må vere interkommunale (viktig unntak er stønad til Kvalitetskommuneprogrammet)

## Resultatområde 66. Bolig- og bygningsrett

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Til sammen 4 saker om ekspropriasjon.

En klagesak over kommunens vedtak om ikke å gi ekspropriasjonstillatelse etter Plan- og bygningsloven § 38. Stadfesting av kommunens avslag.

En sak i første instans etter Oreigningslova § 2 nr. 47. Vi avslo søknaden. Vedtaket er ikke påklaget.

To søknader om samtykke til forhåndstiltredelse etter Oreigningsloven § 25. Søknadene innvilget. Ingen av dem påklaget.

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	3	3	0	§ 6, 2. ledd, 2. pkt. § 6, 2. ledd, 3. pkt. § 6, 3. ledd
<b>Sum</b>	<b>3</b>	<b>3</b>		

## 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Ingen saker i 2009

### Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Innen 66.1 byggesaker har vi både hatt ekstra tilsatte over visse perioder, innleid hjelp fra FMSF og overtid for å kunne meste restansene i klagesaker og det store tilfanget her.

Resultatområde	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 61, 63, 64 og 65	82	82	0	0
Resultatområde 62	57	57	0	0
Resultatområde 66.	500	500	0	0
Sum:	639	0	639	0

## Arbeids- og inkluderingsdepartementet

### Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester

Etter at Fylkesmannen i Hordaland i 2008 mottok færre sosialklagesaker enn nokon gong etter at sosialtenestelova trådte i kraft, auka talet innkomne klagesaker i 2009 med 16 prosent, til 442 klagar i alt. Likevel er dette det nest lågaste klagetallet. Dei siste seks åra har talet innkomne sosialklagar utvikla seg slik i vårt fylke:

- 2004 584 - 45
- 2005 560 - 24
- 2006 523 - 37
- 2007 466 - 57
- 2008 380 - 86
- 2009 442 + 62

I alt behandla Fylkesmannen 384 sosialklagesaker i 2009, noko som er ein del færre enn vi fekk inn. Desse sakene fordeler seg slik på tema:

- Økonomisk sosialhjelp 234 klagar 61 %
- Sosiale tenester 130 klagar 34 %
- Andre sakstypar 20 klagar 5 %

Det var innan kapitlet om sosiale tenester at auken i klagar kom (+ 46 prosent), medan klagetallet på økonomisk sosialstønad var relativt stabilt stabilt (- 6 prosent). Under kategorien "Andre sakstypar" behandla Fylkesmannen i Hordaland i 2009 for første gong ei sak vedrørende den nye ordninga med kvalifiseringsstønad.

Dei 130 klagane på sosiale tenester fordeler seg slik på tenestetypen:

- Omsorgsløn 45
- Støttekontakt 30
- Avlastning 19
- Praktisk bistand/heimehjelp 16
- Brukarstyrt personleg assistanse 15
- Anna 5

Dei 234 klagane på økonomisk sosialhjelp fordeler seg slik:

- Økonomisk sosialstønad 214
- Refusjon i trygdeytning 13
- Stønadsform 4
- Bruk av vilkår 2
- Anna 1

Ved behandling av klagane endra Fylkesmannen i alt 27 av dei påklaga vedtaka til gunst for klagaren, medan 57 vedtak vart oppheva og sende attende til kommunen for ny behandling. Berre ei klagesak vart avvist, dvs. at saka av formelle årsaker vart avvist frå realitetsbehandling av klageinstansen.

Fylkesmannen skal behandla 90 prosent av sosialklagesakene innan tre månader, og dette kravet haldt vi i 2009, då vi behandla 92 prosent av klagane innan tre månader. Likevel auka behandlingstida i 2009: I alt 55 prosent av sakene hadde ei behandlingstid på meir enn to månader, mot berre 12 prosent i 2008.

### **73.2 Arbeids- og velferdsforvaltningen og sosiale tjenester -formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Fylkesmannen, KS Hordaland, Nav fylke og Bergen kommune har i fellesskap utarbeida eit program for kompetanseutvikling for Nav kontora og for tilsette i sosialtenesta og Nav stat som skal bli Nav kontor i 2009. Programmet tek opp i seg nærare 40 ulike kompetansetiltak som vert tilbydd målgruppa. Programmet er eit tilbod for kontora, og det vil vera den einskilde leiar, ut frå kontoret sine kompetansebehov, som avgjer om kontoret vil melda på deltakarar. Fleire av tiltaka er laga i samarbeid med ein eller fleire av samarbeidspartnarane, og nokon av tiltaka vert gjennomført av einskilde av samarbeidspartnarane. Vi tenkjer oss at arbeidet med ein felles plan for kompetansetiltak frå dei nemnde samarbeidspartnarane vil bli vidareført i 2010. Frå Fylkesmannen si side er kompetansetiltak knytt til resultatområde 73.2, 73.3, 73.4, 73.5 og 88.2 teke inn i programmet.

Det er etablert fire nettverk knytt til arbeidet med kvalifiseringsprogrammet. Nettverka er sett i saman geografisk, og det er nøkkelpersonell som arbeider med Kvp som deltek i nettverka. Nettverka har vore i gang halvtanna år, og det har vore fire samlingar i kvart av nettverka i 2009. Nettverka vil bli vidareført i 2010.

På rusområdet har det vore gjennomført satsingar lagt opp som prosessgrupper på tema knytt til m.a. og rus og psykiske lidningar og individuell plan. Gruppene har møtt over fleire samlingar, der det er omlag seks veker mellom kvar samling. Det har vore prosessleiarar som har følgd og leia arbeidet i gruppene, og det har vore trekt inn eksterne innleiarar i gruppene. Utviklingsarbeidet knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn som vart sett i gong seint på året i 2008 har vore vidareført i 2009. Det er etablert nettverk knytt til dette arbeidet som no pågår i sju kommunar / bydelar.

Det har vore invitert til to nettverkssamlingar for kommunar som har bustadsosiale prosjekt.

Likeverdige regional samarbeidsarena(Nav forum) har vore vidareført og det har vore faste møter kvar andre månad. Møta er lagt til Statens Hus og det er Fylkesmannen som ordnar med møteinnkalling og referat etter møta. Det kan t.d. nemnast at felles kompetanseprogram har vore ei sak som har vore handsama i Nav forum. Faste saker i Nav forum er gjensidig informasjonsutveksling, status på etablerings løp i Hordaland, og status på Kvp.

Det har vore invitert til fagsamlingar og leiarsamlingar for å gi status på arbeidet med Nav reforma og særskilt Kvp. Andre tema har vore erfaringsspreiing frå rusprosjekta i Hordaland.

Alle Nav kontor har fått tilbod om kompetansetiltak knytt til kvalifiseringsprogrammet. Det har vore gitt omfattande opplæring, rettleiing og nettverkssamlingar knytt til arbeidet med nytt kap 5a.

I november vart alle Nav kontora bede om å tilbakemelde på kontora sine kompetansebehov på det sosialfaglege området. Resultatet av kartegginga vil bli brukt i samband med utviklinga av kompetanse og utviklingstiltak for 2010.

**Avvik:**

Det har ikke vært avvik

### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Fylkesmannen har frikjøpt sju kompetanseretleiarar i ein stillingsbrøk på tilsaman 1,80% til å arbeide med den faglege implementeringa av Kvp i 2009. I tillegg har fylkesmannen sin koordinator arbeida 100% på dette området.

Fylkesmannen og kompetanseretleiarane har i fellesskap løyst oppgåvene knytt til implementeringa av Kvp, og arbeidet er gjort i samarbeide med Nav Hordaland.

I samband med gjennomføringa av arbeidet knytt til kvalifiseringsprogrammet(Kvp) har Fylkesmannen utarbeida ein handlingsplan som viser aktiviteten. Av handlingsplanen går følgjande fram om målsetnaden for arbeidet i 2009:

1. Gi alle tilsette i Nav kontora kunnskap om kvalifiseringsprogrammet.
2. Gi tilbod om fire nettverkssamlingar pr. år for etablerte Nav kontor, og dei som deltek i nettverk skal også få tilbod om ekstern fagleg rettleiing i grupper
3. Gi tilbod om saksrettleiing utover nettverkssamlingane til kontor som ynskjer dette.
4. Arbeidsmetoden AI = Appreciative inquiry, er en filosofi om kva som kjenneteiknar det gode liv i organisasjoner, team og prosjekt. Metoden ligg til grunn for arbeidet med kvalifiseringsprogrammet i Hordaland
5. Vi skal være rause i arbeidet med kvalifiseringsprogrammet og det skal leggjast til rette for å spreie glød – glede – og begeistring til tilsette og brukarar i Nav kontora.
6. Det er eit mål at 809 personar i Hordaland deltek i kvalifiseringsprogrammet innan årsskiftet.

Kompetanseretleiarane har vore på farten og operative, og har til saman vore 160 dagar ute i Nav kontora.

Samtlege kontor som vart etablert i 2009 har fått ei grundig innføring i sosialtenestelova sitt nye kap. 5a.

Fylkesmannen og Nav fylke har her inngått eit samarbeid, slik at det er dei kommunale kompetanseretleiarane som gjennomfører modul to i samband med etableringa av Nav kontor.

Forutan gjennomføringa av modul to opplæringa har kompetanseretleiarane vore ute og gitt rettleiing i einskilde kontor.

I løpet av året har dei også gjennomført fire nettverkssamlingar for alle etablerte Nav kontor. Det er laga fire nettverk ut frå geografiske tilhøve der alle har vore samla fire gonger. Nettverka blir vidareført i 2010.

Det har vore gitt tre opplæringsdagar i Sunnhordlandsregionen knytt til Kvp og arbeidsevnevurdering, lagt til datastova på Nav Stord.

Vidare vart det i mars måned invitert til ein fagdag om "Korleis komme raskt i gang med Kvp", der målgruppa var kontor som blei etablert i 2009.

Året igjennom har Fylkesmannen laga 24 nettoppslag knytt til KVP, og gir her informasjon om føringar og status på arbeidet også på denne måten. Her er lenke til oppslaga. <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=50995> Forutan modulopplæringa, rettleiing, fagdagar og nettverkssamlingar i regi av kompetanseretleiarane har fylkesmannen i løpet av året fått på plass 14 grupper med fagleg rettleiing(prosessrettleiing). Det er sju deltakarar i kvar gruppe som skal treffast 10 gonger. To av gruppene vart ferdige i 2009, og dei øvreste vil fortsetje i 2010 og blir ferdige før sommaren. Tilsaman 100 tilsette i Nav kontora deltek på rettleiinga.

I april har det vore leiarsamling for Sosial- og Nav leiarar, der den eine dagen var avsett til arbeidet med Kvp.

Vidare blei det gjennomført ei stor todagars samling med 140 deltakarar i månadskriftet september/ oktober der tema var Kvp, individuell plan og erfaringsspreiing frå rusprosjekt i Hordaland.

I januar og juni deltok omlag 50 tilsette i Nav kontora på AI opplæring med Bjørn Hauger. Tilsaman gjekk satsinga over tre dagar, der kompetanseretleiarane også deltok.

I november vart det sett i gong ei eiga satsing (prosjekt)knytt til å få rusavhengige til å betre kunna nyttiggjera seg kvalifiseringsprogrammet. Sju kommunar/ Nav kontor deltek i satsinga som blir vidareført i heile 2010 der deltakande kontor får fagleg rettleiing og blir tilført kompetanse knytt til gjennomføringa av prosjektet.

Kompetanseretleiarane samt Fylkesmannen sin tilsett på Kvp området har delteke på



siste prosessrettleiaropplæring i direktoratet sin regi i januar. Prosessleiaropplæringa har vore sers nyttig, og arbeidsmetoden er trekt med inn i arbeidet i dei lokale nettverka som er etablert. Vidare har to av kompetanserettleiarene i haust delteke på direktoratet sitt fag og metodeutviklings program over ni dagar. Derneft har det året igjennom vore åtte møter og samlingar mellom Fylkesmannen og kompetanserettleiarane. Både for å planleggje og evaluere innsatsen vår igjennom året.

**Avvik:**

Det har ikke vært avvik

### 73.4 Økonomisk rådgivning

Økonomisk rådgjeving var også i 2009 eit satsingsområde frå Arbeids- og velferdsdirektoratet si side. Fylkesmannen i Hordaland er eit av tre embete som fekk tilført stillingsressursar for å stø dei andre fylkesmannsembeta med kompetansehevande tiltak og generell rettleiing. Fylkesmannen i Hordaland har regionsansvar for Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust Agder.

Fylkesmannen deltok i fleire møter i Nasjonal arbeidsgruppe for økonomisk rådgjeving i kommunar og NAV kontor(NAG) og ei eiga kompetansegruppe i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

I Hordaland vart det arrangert vidaregåande kurs første halvår, samt grunnkurs i haustsemesteret. I tillegg vart det i vårsemesteret også arrangert to dagars kurs for nyttilsette i Bergen kommune der også tilsette i NAV/sosialtenester utanfor Bergen kommune vart invitert til å delta. Det er etablert eit samarbeidsforum i Bergen for økonomiske rådgjevarar i fylket. Samarbeidsforumet hadde 6 samlingar i meldingsåret. Lokalt samarbeidsforum for økonomirådgjevarar i Hardangerregionen hadde ikkje aktivitet i meldingsåret.

Regionansvarleg var førelesar på fire grunnkurs og to vidaregåande kurs utanfor Hordaland. Kursverksemd og andre kompetansefremmande tiltak er halde i samsvar med dei rammer som er utarbeidd i NAG og etter dei behov som er meldt inn i frå fylkesmennene i regionen og kommunane i Hordaland.

Det vart nytt i overkant av ei stilling på ressursområdet. Det vil ikkje vere unaturlig å auke ressursbruken ved fortsett opptrapping av arbeidet med økonomisk rådgjeving i 2010.

### 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen i Hordaland har i 2009 tildelt i alt 3 980 078 kr til sju bustadsosiale prosjekt i fem kommunar.

Tildelinga er i samsvar med fullmakt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, og vart betalt ut over statsbudsjettet kapittel 0621.63 som eit ledd i kampen mot fattigdom. Tilskota er slik fordelt på kommunar:

- Odda 950 000 kr
- Os 950 000 kr
- Bergen 857 461 kr
- Askøy 742 617 kr
- Øygarden 480 000 kr
- **I alt 3 980 078 kr**

Bergen har fått tilskot til tre bustadsosiale prosjekt, medan dei fire andre kommunane har eitt prosjekt kvar.

Saman med Husbankens regionkontor har Fylkesmannen i 2009 gjennomført eit større fagseminar og to nettverkssamlingar med kommunane for å følgja opp og vidareutvikla det strategiske arbeidet. Fylkesmannen arrangerte 13. november 2009 ei dagssamling for dei som er leiarar for og som arbeider med utviklingsoppgåver ved sosialtenestene/NAV-kontora i fylket, for å oppdatera dei på statlege satsingar på rus/sosial-området i 2010, og informera om kva statlege ordningar som kommunane kan få løyvingar frå i 2010.

Fylkesmannen har bistått Arbeids- og velferdsdirektoratet med gjennomføringa av pilotprosjekt ”frå mellombels til varig bustad”, og i denne samanheng deltatt på nettverkssamlingane knytta til satsinga for alle prosjektkommunene, aktuelle fylkesmenn, brukerorganisasjonar og Arbeids- og velferdsdirektoratet (NDU) i Trondheim i mai 2009 og i Asker i november. I tillegg har vi bidratt ved prosjektleiarsamling i Fjell kommune i mars og i referansegruppa sentralt juni. I Hordaland hadde vi i 2009 to prosjekt som vi gav tilskot til:

- Bergen 2 140 000 kr
- Fjell 840 000 kr

## Resultatområde 78 Innvandring og integrering

### 78.1 Statsborgersaker

Også i året som gikk vart deltakinga auka. For 2009 vart resultatkravet endra frå "40%" til at andelen som deltok skulle auke. Resultatkravet er såleis innfridd sjølv om auken ikkje var stor. Ser vi på gjennomsnitt av seremoniane er auken enda mindre (talet på førre side syner påmelding i prosent av inviterte totalt for året).

Dersom vi ser på dei to seremoniane, så var seremonien 7. juni betre vitja enn den 22. november. Nær 28 % stilte på den fyste, mens 23,7 stilte på den andre. 28 % er den beste deltakinga vi har hatt. Vi har ikkje nokon forklaring på variasjonane. Tilsvarande nedgong frå vår til høst så vi i 2007, mens det i 2008 var motsatt.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	26
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

### 78.2 Bosetting av flyktninger

Fylkesmanneh har dialog mot kommunane knytt til Husbankens virkemidler

### 78.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje gjort vedtak etter introduksjonslova i 2009. Fylkesmannen fekk inn fire klagar før årsskiftet, men desse vart ikkje ferdigbehandla i 2009.

### 78.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Dei ulike tilskota er utbetalt til kommunane etter at søknadene er komne inn til Fylkesmannen. Dette gjeld både for overgangsordninga på grunnlag av rapportering i GSI og dei tilskota som er registrerte i NIR. For forbruket i 2009 har IMDI fått eigne rapportar.

I samarbeid med VOX og IMDI har Fylkesmannen i Hordaland arrangert kurs for lærarar og leiarar i samband med undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Fylkesmannen har vore med på IMDI sitt informasjonsmøte i høve NIR / Jira, og i tillegg har det blitt gjeve mykje rettleiing over telefon til dei ulike kommunane.

## Ressursrapportering

Tilskot til Norsk med samfunnskunnskap mv blir handsama på Udanningsavdelinga. Her er det to personar som vert finansiert på eige kapittel. I tillegg nyttar vi en person til å administrera overangsordninga

Resultatområde	FMHO	Sum
	<b>1510 Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>
Resultatområde 73	203	77
73.3 Kvalifisering	3	77
Resultatområde 78	4	23
Resultatområde 79		0
Sum:	207	100

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

#### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Ved årsskiftet 2008/2009 var det ni personar under 50 år med nedsett funksjonsevne som hadde fast plass i sjukeheim. Kommunane har vurdert alternativ buform for samtlege. Ein av dei ni har sagt han ønskjer anna buform. Då opplysningane vart innhenta var det fire som hadde individuell plan og for ein av bebuarane var slik plan under utarbeiding.

### Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

#### 76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten

Vi er kjende med samarbeidsavtaler som er inngått mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Vi følgjer med på korleis samarbeidet fungerer og støttar opp under arbeidet med å vidareutvikle dette. Fylkesmannen har og gitt skjønsmidlar til fleire samhandlingsprosjekt. Prosjekta er tilpassa lokale behov og rammevilkår.

#### 76.2 Individuell plan

Informasjon og rettleiing til kommunae om individuell plan er gitt i tilknytning til enkeltsaker. Individuell plan var og tema i fleire møte og i nettverksamlingar med kommunane og spesialisthelsetenesta. Det er også tidlegare år gitt opplæring, rettleiing og informasjon om rettleiarar frå Helsedirektoratet.

Ved kartlegging våren 2009 fekk vi svar frå 26 kommunar og fem av bydelane i Bergen. Om lag 2/3 av dei opplyste at koordinerande eining har systemansvar for individuell plan og sektorovergripande ansvar for skriftlege prosedyrar for individuell plan og for opplæring av personell. I enkelte kommunar er ansvaret for individuell plan; prosedyrar, opplæring av personell og utpeiking av koordinatorar lagt til fleire einingar.

Resultat frå kartlegginga er formidla til kommunane. Forventing er at dei uavhengig av organisering sørgjer for at tenestemottakarar får informasjon om individuell plan, og at det er eit tverrfagleg og tverretatleg samarbeid ved utarbeiding og oppfølging av individuelle planar.

#### 76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Helseavdelingahar gitt informasjon om IS 1162 og IS 1502 i møte for helsepersonell i kommune og

spesialisthelsetenesta, til dømes haustmøtet 2009 og møte for leiarar og tilsette i kommunane og spesialisthelsetenesta om Omsorgsplan 2015. I samarbeid med Kunnskapssenteret gjennomfører vi læringsnettverk for tilsette ved helsestasjonane i dei åtte bydelane i Bergen. Nettverket blir avslutta i 2010. Vi organiserer halvårlege møte for sjukeheimslegar, og vi har og sett igang arbeid med å lage rettleiing for smittevern i omsorgsbustader.

Kvalitetsforbetring er del av føremålet med alle møte, kurs og samlingar som vi gjennomfører, jf. kurskalenderen 2009 på nettsida til Fylkesmannen i Hordaland. Kvalitetsforbetring har vore tema i 39 foredrag.

## 76.5 Felles digitalt nødnett

Helseavdelinga har følgd opp dei oppdraga vi har fått. Vi har informert om felles digitalt naudnett og førebuing til innføring av dette.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Helseavdelinga har saman med beredskapseiinga oversikt over kommunane og helseføretaka sine planar for beredskap medrekna smittevernplanar. Vi har oppdatert oversikt over kommuneoverlege og smittevernlegar. I samband med arbeid med influensapandemien, blei alle beredskapsplanar og smittevernplanar oppdaterte m.o.t. namn og telefonnummer. Kommunane har rapportert og følgd opp arbeidet i denne beredskapssituasjonen på ein god måte. Sjølv om det er noko variasjon, er vi nøgde med talet på vaksinerte personar i kommunane. Det er grunn til å framheva Bergen kommune og måten dei gjennomførte massevaksinasjonstilbodet på. Det er liten tvil om at både fylkesmannen og kommunane i denne gjennomføringa har hatt stor nytte av beredskapsøvinga for to år sidan som nettopp var ei pandemiøving. Vi har hatt eit godt samarbeid med kommunane.

Helseavdelinga har deltatt i arbeidet med fylkes-ROS som no ligg føre. Vi har deltatt i styringsgruppa og i fleire av arbeidsgruppene, mellom anna om smittevern og epidemiar. Arbeidet var organisert som prosjekt. Det har deltatt ca 100 personar frå dei fleste aktuelle deltakarar i fylkesberedskapen. Vi viser her og til rapportering under kap 2.6.

Etter Vest Tank ulykka har helseavdelinga vore aktive i førebuing og i gjennomføring av helseundersøkinga som no pågår i regi av Haukeland Universitetssjukehus. Vi er i styringsgruppa for denne.

Det blei og gjennomført ei beredskapsøving i 2009, sjå kap 2.6

Vi deltek i møter i fylkesberedskapsrådet to gonger i året og i atomberedskapsutvalet som har hatt ei øving i 2009.

### 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Det er spesielt to av dei 18 sakene som trekkjer opp saksbehandlingstid, her var saksbehandlingstida høvesvis 91 og 63 dagar. Dei to sakene kom inn før sommarferien, og rettsforhandlingane var beramma til hausten. Dette var såleis ikkje saker som hasta.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	18	15
<b>Sum</b>	<b>18</b>	

### 77.3 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	177	29
<b>Sum</b>	<b>177</b>	

## 77.4 Førerkortsaker

Dei 1378 som det vart treft vedtak i fordelte seg slik:

Dispensasjonssaker 714.

Tilråding om inndraging 511

Råd og rettleiing 34

Melding om bruk av optisk korreksjon 28

Retur av saker/andre 91

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dispensasjonssaker der søknaden var tilstrekkeleg opplyst var 11,1 dagar. I saker det det var nødvendig å innhente tilleggsopplysningar var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 36,1 dagar. Saksbehandlingstid i avdelinga i desse sakene var 12,7 dagar.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	1378	
<b>Sum</b>	<b>1378</b>	

## 77.5 Pasientjournaler

Vi mottok etter avtale eit journalarkiv til mellombels oppbevaring i seks til åtte månader.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMHO	1
<b>Sum</b>	<b>1</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Folkehelseperspektivet er vurdert i alle relevante planprogram og høyringar av kommuneplanar som har kome inn til Fylkesmannen i Hordaland i 2009, i alt 11 planprogram og fire høyringar. Basis for rådgjevinga til kommunane er strategiane for nedbygging av sosiale helseskilnader, universell utforming og nasjonale mål for fysisk aktivitet, kosthald og tobakksførebygging. Folkehelsemåla er gjennomgåande svakt konkretiserte i planprogramma, men dei er likevel med i fleire planprogram no enn tidlegare år. Dette siste året har vi og hatt fleire planar på høyring som har ivareteke folkehelsemåla på ein god måte.

Det blir vist til Kommunehelseprofilar i alle uttalar til planprogram og verktøyet blir ofte demonstrert i planforum. Utskrift av kommunebarometeret for aktuell kommune blir lagt ved planuttalen frå Fylkesmannen til kommunen. Parnarskap for folkehelse har skipa til konferanse for folkehelsekoordinatorar og kommunelegar om kommunehelseprofilar og helse i plan i 2009. Andre verkty som systematisk blir tilrådde i planuttalane, er Vestfold fylkeskommune sin rettleiar om helse i plan og Barnetrakk. Fylkesmannen i Hordaland er partnar i partnarskap for folkehelse i Hordaland og deltek fast i arbeidsutvalet og folkehelsegruppa.

## Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### 83.2 Miljørettet helsevern

Ei av klagesakene som vi behandla i 2009 tok meir enn 8 veker.

Resultat frå den nasjonale kartlegginga om miljøretta helsevern er formidla til kommunane, mellom anna i det årlege møtet for kommuneoverlegar og andre legar i samfunnsmedisinske stillingar.

Vi kartla om barnehagar og skolar i kommunane var godkjende i samsvar med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar rett før den nasjonale kartlegginga. Rapporten og våre vurderingaer er formidla til kommunane. Hovudintrykket frå kartlegginga er at kommunane er kjenner til bygningsmessige tilhøve og eventuelle manglar ved ute- og innemiljø, men at det hittil ikkje har vore prioritert å utbetre tilhøva. Bergen kommune har mange skolar som treng opprusting. Kommunen har utarbeidd eigen plan for dette arbeidet.

### 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

Nasjonale mål for fysisk aktivitet, kosthald og tobakksførebygging er tema i alle uttalar til samfunnsdelen av kommuneplanen (planprogrammet) frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunane blir bedne om å leggje til rette for at både barn og vaksne får tilstrekkeleg dagleg fysisk aktivitet. Tilrettelegginga går m.a. ut på å prioritere uteareala i skular og barnehagar, bygge ut samanhengande gang og sykkelvegnett og prioritere areal for barn i og rundt skular og bustadområde. Aktivitetsmidlane til fysisk aktivitet, kosthald og tobakksførebygging blei fordelte til til 31 ulike prosjekt.

Kosthald i samband med røykesluttarbeid har og vore tema i tobakksnettverket. Det same har tannhelse og tobakksbruk. Den offentlege tannhelsetenesta deltek i tobakksnettverket.

Aktivitetshandboka er gjort kjent på nettet og i aktuelle konferansar. Boka var tema på det årlege møtet som Fylkesmannen har med kommuneoverlegane.

### 83.5 Forebygging av uønsket svangerskap og abort

Tilskotsordninga blei lyst ut på Fylkesmannen sin nettstad og ti prosjekt i fem kommunar fekk i alt 450 000 kr til gjennomføring av omsøkte prosjekt.

Fylkesmannen i Hordaland arrangerte og ein dagskonferanse om reproduktiv helse 2009. Målgruppe var helsepersonell og tilsette i skulen. Innleiingsvis fekk vi ein historisk gjennomgang av den politiske meiningsbrytinga fram mot lova om sjølvbestemt abort. Hovudtema var dei to nye handlingsplanane mot uønskte svangerskap og hiv. Tema elles var moderne samlivsundervisning i skulen og helsetenester på nett i vidaregåande skule.

### 83.6 Smittevern

Helseavdelinga arrangerte smittevernkonferanse i mars 2009. Tema var HPV-vaksine, BCG-vaksine, vaksinasjon av barn frå ikkje-vestlege land og SYSVAK. Vi følgjer med på og har oversikt over arbeidet med smittevern i kommunane. I to av kommunane er planane under revisjon. Smittevernplanen i ein kommune er for gamal, men pandemiplan og tuberkulosekontrollprogrammet er oppdatert. Dei andre (30) har oppdaterte smittevernplanar.

Oppdatert oversikt over smittevernlegar er lett tilgjengeleg på nettsida vår. Denne informasjonen blir oppdatert kvart år.

Helseavdelinga samarbeider med Regionalt kompetansesenter i smittevern, Haukeland universitetssjukehus og to kommunar om utarbeiding av rettleiar i smittevern i omsorgsbustader. Rettleiaren blir ferdigstilt våren 2010 og formidla til kommunane, mellom anna i smittevernkonferanse. Vi fekk ingen søknader om dispensasjonar frå

forskrift om smittevern i helsetjenesten, eller klager etter forskrift om tuberkulosekontroll og forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hullvirksomhet i 2009.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Vi fekk ingen søknader om dispensasjon frå fastlegeforskrifta § 17 i 2009.

Aktivitet i LSU varierer.

Siste året har fleire kommunar søkt om å få godkjent fleire fastlegeheimlar grunna liten kapasitet mål i form av ledig kapasitet på listene til legane. Alle søknadene inneheld og offentlege legeoppgåver. Det er framleis for lite legetid i sjukeheimane, sjølv etter at kommunane har auka tenestene etter oppmodinga frå Helsedirektoratet.

Vi har hatt møte over to dagar for kommunelegar og andre legar i samfunnsmedisinske stillingar. Tema var mellom anna: sosial ulikhet, miljøretta helsevern, slagbehandling og rehabilitering, beredskap, smittevern, samhandling, kommunelegefunksjonen. Vi har og hatt foredrag for almennelegar om forskrivning av vanedannande legemiddel, om førerkort mv.

### 84.3 Lov om helsetjenesten i kommunene/ Pasientrettighetsloven, klagesaksbehandling

I 2009 behandla vi 14 saker etter kommunehelsetenestelova og pasientrettslova. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 56 dagar.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	14	56
Sum	14	

### 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Bergen kommune har ansvaret for fengselshelsetenesta i Bergen fengsel. Kommunen har avtale med Helse Bergen. Retten til individuell plan for dei som ønskjer det, er kjent. Fylkesmannen har ofte og jamleg kontakt med helsetenesta i fengselet og innsette som tek kontakt. Dette dreier seg om ulike forhold som for eksempel pasientrettar, forskrivning av legemiddel, behandlingstilbod, og samarbeid med kommunar og fastleger om utskriving.

Helseavdelinga har spesielt diskutert med fengselshelsetenesta problem som følgjer av at fastlegar til dei innsette ikkje får godtgjort medgått tid til å planlegge utskrivinga av dei innsette. Dette har vi tatt opp i eige brev til HOD hausten 2008. Vi har ikkje fått svar på brevet enno.

Ei anna sak som er diskutert med fengselshelsetenesta, er journalsystemet kommunen bruker. Det systemet som er valdt, er lite tenleg for denne tenesta. Saka er under behandling i kommunen.

### 84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger og innvandrere

Smittevernkonferanse vart gjennomført i mars 2009, sjå nærare omtale på resultatområde 83.6.

Revidert versjon av rettleiar IS-1022 kom ikkje i 2009. Det er tidlegare år gitt informasjon om rettleiaren frå 2003 til alle kommunane.

Ved kontakt med helsesystre i kommunane som har mottak, opplyser alle at dei følgjer rettleiaren "Helsetjenestetilbud til asylsøkere og flyktninger." Fire av fem seier dei gjerne skulle hatt meir tid til

oppgåvene. Organiseringa helsetenestene til personar i mottak er forskjellig. To kommunar har egne tenestetilbod, lege og helsesystemer. Dei andre brukar fastlege. I eit mottak har driftsoperatør tilsett helsesystemer og i ein kommune finansierer driftsoperatør og kommunen stilling. Helsesystemene seier dette er eit godt tilbod.

I dei kommunane som bruker fastlege er vår vurdering at samarbeidet mellom helsesystemer som gir helsehjelp til personar i mottak og fastlege kan verte meir systematisk. Det gjeld samarbeid i samband med helseundersøkingane og oppfølging av asylsøklarar som treng det, og rutinar for informasjonsformidling. Samarbeid mellom mottak og helsetenesta kan også utviklast vidare. Lita tid avsett til oppgåvene helsesystemene skal utføre medfører i periodar at akutte problem må prioriterast og at ventetida på førstegongs helseundersøking vert lang, spesielt for somme dei asylsøklarane som sjølve ikkje etterspør samtale/kontakt med helsetenesta. Ventetid på overføring til forsterka mottak og avslag på søknader om overføring krev i periodar stor innsats frå helsepersonell.

## **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Helseavdelinga gjennomførte ikkje særskilte tiltak eller registreringar, men har lyfta fram temaet i rettleiing til planarbeid og på kurs og konferansar.

## **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner**

To valdtekstmottak gir tilbod til kommunane i Hordaland:

Valdtekstmottaket ved Haugesund sjukehus HF gir tilbod til dei ti Helse-Fonna-kommunane i sør. Valdtekstmottaket ved Bergen legevakt gir tilbod til resten av kommunane. Alle unntatt ein kommune har avtale. Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin, RVTS-vest og Bergen legevakt har i 2009 halde konferansar for tilsette i valdtekstmottak og kommunar.

Bergen legevakt, Barneklubben og Kvinneklubben i Helse Bergen har felles prosedyre for mottak, utgreiing og oppfølging av barn som er utsette for seksuelle overgrep.

## **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

Haustmøtet for helsepersonell hadde barn og unges levekår og helse, sosial inkludering og likeverdige og rettferdige helsetenester som tema i 2009.

Nye faglege retningslinjer er gjort kjent ved nettoppslag og gjennom kontakten med kommunane.

Innhald og prioritering i helsestasjons- og skulehelsetenesta blir vektlagt i Fylkesmannen sine uttalar til samfunnsdelen av kommuneplanprogramma.

Ei kartlegging av helsestasjons- og skulehelsetenesta sitt samarbeid med andre, som blei utsett på grunn av pandemivaksineringa, er igangsett no. Vi hadde ei rundspørjing til helsestasjonane om utdeling av gratis vitamin D til innvandarbarn under seks månader med ikkjevestleg bakgrunn. Av dei 14 kommunane og tre bydelane som svarte, er det sju som tilbyr gratis D-vitamin, sju gir ikkje dette tilbodet, fem av dei hadde barn i målgruppa på helsestasjonen i 2009. Tre tilbyr gratis tran.

## **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Fylkesmannen følgjer med på situasjonen i kommunane og har dette året ikkje fått meldingar om kapasitetsproblem. Bergen kommune har eit samarbeid med Kvinneklubben om Jordmor Heim-prosjekt. Fleire kommunar vil starte slikt tilbod.

## **84.10 Kjønnslemlestelse**



Saman med ressurscenteret om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging og BUF-etat i Hordaland gjennomførte vi det andre av tre seminar om helseskadelege tradisjonar (kjønnslemlesting og tvangsgifte) i november 2009. Mens vi i 2008 la mest vekt på å gjere avverjeplikta kjend og opplyste om tilbod om behandling av omskorne i Helse Bergen, valde vi i 2009 å leggje meir vekt på erfaringsutveksling og foreldrerettlegg. På neste års seminar vil vi truleg fokusere på tiltak mot kjønnslemlesting som del av arbeidet med vald mot barn i nære relasjonar.

Det var lite interesse for å søkje midlar til lokale tiltak, men vi løyvde 20 000 kroner til helsestasjonsarbeid mot kjønnslemlesting på Askøy.

### 84.11 Tannhelse

Den offentlege tannhelsetenesta deltek i tobakksnettverket som Fylkesmannen organiserer. Tannhelsetenesta deltek og i partnerskap for folkehelse med ½ stilling.

## Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

### 85.3 Lov om transplantasjon

Vi mottok ingen saker i 2009

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Vi har behandla 442 søknader om spesielt løyve til å rekvirere sentralstimulerande legemiddel, av desse vart to avslått.

Vi har behandla 31 søknader om generelt løyve, av desse vart to avslått.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	473	4
Sum	473	

### 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Vi mottok ingen søknader i 2009

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	
Sum	0	

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

### 86.1 Omsorgsplan 2015

Eigen årsrapport 2008 på delplanar og tiltak i Omsorgsplan 2015 vart send til Helsedirektoratet 21. juli 2009.

Hovudaktiviteter for å bidra til realisering av målsettingar i Omsorgsplan 2015 er informasjonsformidling (skriftleg og i møte), fortløpande rettleiing, initiativ til og støtte til prosjekt med relevans for realisering av

delplanar og samarbeid med etablerte fagmiljø.

Dei framtidige utfordringane for kommunane er noko ulike og arbeidet i høve til dei ulike delplanane er framleis i ein tidleg fase. Arbeidet med å kvalifisere og rekruttere personell til helse og omsorgstenestene er høgt prioritert. Alle kommunane som søkte, fekk tilskot over Kompetanseløftet 2015. Reduksjon i midlar til fordeling, slik som for Hordaland i 2009, er uheldig når aktiviteten i kommunane aukar. Ei lite føreseieleg tilskotsordning kan ha uheldige verknader på gjennomføring av tiltak det enkelte året og den samla måloppnåinga. I 2009 var det ikkje nok søkjarar til å opprette ordinære klassar ved fagskuleutdanningane ved Fitjar og Fusa vidaregåande skular.

Søknader om investeringstilskot vart behandla fortløpande. Vi gav tilråding om tilskot til 17 prosjekt i 10 kommunar.

Kartlegging av særskilt tilrettelagte dagtilbod for personar med demenssjukdom i kommunane viser ei lita endring samanlikna med den landsomfattande kartlegginga Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse gjorde i 2007. Kapasiteten i desse dagtilboda er for liten. Oppsummering av kartlegginga er tilgjengelege på nettsida til Fylkesmannen i Hordaland.

Friviljuge organisasjonar gjev ei rekkje tilbod til eldre og deira pårørande. Vi har oversikt over tilbod frå Nasjonalforeningen for folkehelsen, men ikkje samla oversikt over aktivitetstilbod frå alle friviljuge organisasjonar.

## 86.2 Demensplan 2015

Informasjonsarbeid om behova for meir fagleg kompetanse, tilrettelagte tenester, tidleg utgreiing og forsvarleg oppfølging av personar med demens, er vidareført i 2009. Informasjon og konkrete døme på god praksis er gitt i fleire møte, på nettsida og i ulike skriv, mellom anna i helse- og sosialmeldinga. Tilbod til personar med demens var også tema ved planlagte tilsyn i 2009. Undervisning, rettleiing og kontroll av vedtak er ikkje aktivitetar som direkte høyrer til Demensplan 2015, men like fullt viktige for kvaliteten på tenestetilboda og rettstryggleiken til personar med demens som ikkje har samtykkekompetanse og motset seg helsehjelp.

Fylkesmannen samarbeider Løvåsen undervisningssykehjem og NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus om styrking av tilbod til personar med demens. NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus har i mange år fått tilskot til å gi opplæringstilbod og drive nettverk for kommunane i fylket. I nettverkssamlingane deira er det informert om Demensomsorgens ABC og kommunane er oppmoda om å setje igang studiegrupper. Pr dd har 5 kommunar sett igang slike grupper. Siste året har også Bjørgene undervisningssykehjem oppretta nettverk for kommunane i opptaksområdet til Helse Fonna.

Ei kartlegging vi gjorde hausten 2009 viser at 12 av 33 kommunar i Hordaland har særskilt tilrettelagte (eigne) dagtilbod for personar med demens og at 11 har planar om å opprette slike tilbod. Fleire kommunar gir dagtilbod til personar med demens saman med andre tenestemottakarar. Enkelte av dei mindre kommunane har få tenestemottakarar med demens. Ved behov for dagtilbod, finn dei individuelle løysningar.

Kapasiteten i dagtilboda er for liten i høve til behov for slikt tilbod i fleire kommunar. Bergen er den einaste kommunen som har egne dagtilbod for yngre personar med demens.

Av alle kommunane i fylket har 22 oppretta demensteam. Åtte av kommunane har planar om å opprette slikt team. Med unntak av ein kommune samarbeider teama med fastlegane om utgreiing av personar med demens. Alle kommunane nyttar utgreiingsverktøyet frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Fleire opplyser at samarbeidet med fastlegane er godt, men kartlegginga viser og at dette samarbeidet kan betrast i fleire av kommunane. For utfyllande informasjon viser vi til eigen oppsummeringsrapport på nettsida til Fylkesmannen i Hordaland.

## 86.3 Kompetanseløftet 2015

Rapporteringane til Helsedirektoratet vart sende i brev av 23. mars og 17. juli 2009.

Med unntak av Modalen, søkte og fekk dei andre kommunane i fylket tilskot over Kompetanseløftet 2015. Samla har kommunane i fylket litt færre personell utan helse- og sosialfagleg utdanning i pleie- og omsorgstenestene enn landsgjennomsnittet. Difor er det prioritert å gje tilskot til kvalifisering av ufaglærde. Plantala for dei komande åra er usikre. Vi meiner det er behov for fleire nye årsverk enn dei som går fram av

innrapporteringane frå kommunane. Det er viktig å få større breidde i personellsamansetjinga i pleie- og omsorgstenestene, fleire søkjarar til helsearbeidarfaget og til fagskuleutdanningane ved vidaregåande skular i fylket.

Hausten 2009 var det ikkje nok søkjarar til oppstart av ordinære klassar ved fagskulen i psykisk helsearbeid ved Fusa vidaregåande og fagskulen i eldreomsorg ved Fitjar vidaregåande. Etter initiativ frå Bergen kommune oppretta dei to vidaregåande skulane filialar i Bergen for tilsette i kommunen, 24 på vidareutdanning i psykisk helsearbeid og 15 i eldreomsorg.

## **86.4 Investeringsstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger**

Søknader om tilskot vart vurderte fortløpande og prioriterte i høve til kunnskapen vi til ei kvar tid har om noverande dekningsgrad og framtidige behov i aktuelle kommuner. Det kom noko færre søknader i 2009 enn kva vi kunne vente ut frå svar på kartlegginga av byggeplanar i kommunane som vi gjorde i 2008. Sidan tilskotsordninga medfører at kommunane må dekkje ein relativt stor del av kostnadene sjølve, kan det vere at den økonomiske situasjonen i 2009 gjorde at fleire valde å revurdere, eventuelt utsetje, byggeplanar.

I 2009 gav vi tilråding om tilskot til 17 prosjekt i ti kommunar, 173 sjukeheimplassar, ein barnebustad med ti einingar og 75 omsorgsbustader.

Universell utforming, omsorgsteknologi og tilrettelegging av bustader og omgjevander for personar med demens har vore tema i møte for kommunane i 2008 og 2009. Informasjon er og formidla på nettsida til fylkesmannen. Kommunane har fått tilsendt informasjonsmateriell om tilrettelegging av bustader for personar med demens.

## **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Fylkesmannen nyttar ulike verkemiddel for å bidra til forbetring i tenestene. Vi har oppretta eige nettside til formidling av informasjon om Omsorgsplan 2015. Førespurnader frå kommunane vert fortløpande følgde opp. Informasjon om satsingsområde og utfordringar er tekne opp i fleire møte/kurs for leiararar og tilsette. Vi har også sendt informasjonsmateriell om demens og tilrettelegging av bustader til kommunane. Det er gjennomført saksbehandlingskurs, temadag om IPLOS og bruk av IPLOS-data lokalt, og det er arrangert fagdag om alderspsykiatri. Helseavdelinga har prioritert å gi undervisning om ulike tema etter førespurnad frå kommunane. Vi har gitt tilskot til prosjekt for utprøving av dagtilbod på gardsbruk til yngre personar med demens, fallførebyggjande arbeid hos eldre og til eit prosjekt innan musikkterapi.

Kommunane som ikkje sende inn vedtak om lokal norm for legetenester i sjukeheimar er følgde opp og vi følgjer med på utvikling/endringar i legetid på sjukeheimane. I 2009 oppretta vi nettvrk for sjukeheimslegar i Hordaland, inntil vidare med ei samling kvart halvår. Det er stor interesse for å delta og ønskje om å utvide nettverket til også å omfatte spesialisthelsetenesta. Vi meiner det er bruk for meir legetid i sjukeheimane og nærare samarbeid mellom fastlegane og heimesjukepleia.

## **86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester**

Vi har utført oppdrag som omtalt i embetsoppdraget 2009.

I samarbeid med Løvåsen undervisningssykehjem gjennomførte vi eit dagskurs om ernæring til eldre. Dette var det siste i ei kursrekke frå 2008.

I samarbeid med undervisningssykehjemmet arrangerte vi åtte kurs om pasientrettslova kapittel 4 A. Det eine kurset var særskilt tilrettelagt for sjukeheimslegar.

Søknadene om å verte undervisningsheimetenester vart vurderte og tilråding sendt til Helsedirektoratet innan den fastsette tidsfristen.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Fylkesmannen har i fleire år halde kurs for tilsette i kommunane. I 2009 hadde vi eit kurs vår og haust om saksbehandling og tildeling av tenester etter kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova kapittel 4. Det er elles gitt rettleiing på førespurnad og i samband med behandling av enkeltsaker.

Fagdag med introduksjon av oppdatert versjon av IPLOS vart gjennomført i samarbeid med Helsedirektoratet. Vi arrangerte også ein særskilt fagdag om IPLOS i oktober.

I 2009 gav vi også mykje opplæring om pasientrettslova kapittel 4A og saksbehandling i samband med vedtak om helsehjelp.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming**

Fylkesmannen i Hordland gjennomførte fagsamling for alle overordna faglege ansvarlege i kommunane for sosialtenestelova kapittel 4A 2. oktober 2009. Fagsamlinga vart evaluert som særskilt vellukka.

Fylkesmannen i Hordaland gjekk i nokre høve ut over sakshandsamingstida på tre månader hausten 2009. Dette gjeld i ca 16 saker av 130.

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Rettleiing til kommunane blir gitt fortløpande. Vi samarbeidde med Helsedirektoratet om samling for kommunane våren 2009 og arrangerte oppfølgingsdag i oktober. IPLOS er tema i saksbehandlingskurs, jf. 86.7. Helseavdelinga spør etter IPLOS-registreringar i samband med behandling av klager, og når det høver med tema for tilsynet, ved planlagte tilsyn med kommunale helsetenester. Nettsida blir brukt til å vidareformidle informasjon frå Helsedirektoratet. Kartlegging av informasjonstryggleik og personvern er gjennomført. 24 av 33 kommunar i fylket svara. Hovudinntrykket er at regelverket ikkje er godt nok kjent. Styringssystem (internkontroll) for personvern og informasjonstryggleik synest å vere ufullstendige. Den skriftlege dokumentasjonen av internkontrollen er mangelfull eller ikkje oppdatert, og mange medarbeidarar har ikkje fått opplæring. I enkelte kommunar er det uklare ansvarsforhold og meldeplikta til Datatilsynet synest og å vere for lite kjend. Somme kommunar manglar rutinar for å informere tenestemottakarane om retten til innsyn og rutinar for å gi innsyn. Oppsummeringa er sendt til Helsedirektoratet.

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

### **87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene**

Rapportering om bruken av øymerka tilskot til kommunane for 2009 vart sendt.

Vi har innhenta opplysingar frå kommunane ved kontaktpersonane for psykisk helse. I følgje deira opplysningar er det store utfordringar knytt til oppfølging av tenestemottakarar med alvorleg sjukdom, samhandling og samordning av tenester, spesielt til personar med psykisk sjukdom og rusproblem. I høve til sistnemnde er det bruk for styrkje den faglege kompetansen, kapasiteten og kvaliteten i tenestene. I fleire kommunar er det behov for å styrkje tenestetilbod og samarbeid om tenester til utsette barn og unge.

I samarbeid med NAV og NAPHA arrangerte vi nettverksmøte for kommunane og spesialisthelsetenesta. Det ser ut til at NAPHA treng noko tid til å etablere verksemda si. Vi har delteke i arbeidsgruppe med NAPHA om kartlegging av personar med alvorlege psykiske lidningar og behov for tilrettelagte tilbod. Rapporten frå NAPHA vart sendt til Helsedirektoratet i oktober 2009. Etter dette er det ikkje kome melding frå direktoratet og av den grunn, er kartlegginga ikkje utført.

Vi har behandla søknader om tilskot til vidareutdanning i psykisk helsearbeid for vaksne og psykososialt arbeid med barn og unge. Det er mange som søker om tilskot og det er behov for den faglege kompetansen som utdanningane gjev. Tilskotet for 2009 gav i liten grad rom for å prioritere nye søknader. Vi gav i hovudsak tilskot til dei som allereie var i gang med utdanning.

Vi meiner det framleis er viktig å stimulere til utvikling og betring av tilbod i kommunane og at det er behov for å få stilt økonomiske midlar til disposisjon til slike tiltak.

## 87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Fylkesmannen i Hordaland behandlar etter avtale med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Rogaland også saker som gjeld heimsending/heimhenting i desse fylka. . Det I 2009 behandla vi seks saker, ei i Rogaland, to i Sogn og Fjordane og tre i Hordaland. Ei sak vart avslegen og ein av dei innvilga transportane vart ikkje gjennomført. Tre saker gjaldt heimsending til utlandet, og tre saker gjaldt heimhenting til Noreg.

Førespurnader blir følge opp så snart dei kjem. Vår erfaring er sakene er ulike og at det er mange vanskelege spørsmål som må avklarast. Rettleiari IS-1560 er i fleire tilfelle ikkje tydeleg nok. Vi har etter kvart opparbeidd erfaring med mange ulike problemstillingar, og hatt god nytte av drøfting av enkeltsaker med Helsedirektoratet. Vi meiner likevel revisjon av rettleiaren kan vere nyttig, ikkje minst for å bidra til mest mogeleg lik behandling av sakene i fylka. Vi ønsker ei nærare presisering av kva reglar som gjeld i følgjande tilfelle:

a) Når pasienten er eit barn

b) Kor grensa går (kor mange år) for at ein person med medlemskap i norsk folketrygd, midlertidig busett i utlandet, kan bli rekna som buande i Noreg

c) I kva tilfelle forsikring gjeld. Slik rettleiaren kan oppfattast, kan det sjå ut som om det er opp til forsikringsselskapa om dei vil dekkje pasienten sin heimtransport. Vi saknar ei presisering av framgangsmåte der det er usemje med omsyn til om forsikringsordninga gjeld. Ved eventuelle krav mot eit forsikringsselskap om dekning av utgifter i ettertid, er det Fylkesmannen eller Helsedirektoratet som skal fremje eit slikt krav?

d) I kva tilfelle må sjukehuset sjølv dekkje kostnadane for heimtransport

a) Vi ønskjer ei presisering av i kva tilfelle politiet skal dekkje kostnadane for heimtransport

e) Vi ønskjer ei oppstilling av i kva for tilfelle ordninga ikkje gjeld. Dette opplever vi ikkje går klart fram av rettleiaren

Vi trur det er nyttig med ei sentral samling for saksbehandlarane.

## Resultatområde 88 Rusområdet

### 88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen, KS Hordaland, NAV-fylke og Bergen kommune har i fellesskap utarbeida eit program for kompetanseutvikling for NAV-kontora og for tilsette i sosialtenesta og NAV-stat som skal bli NAV-kontor i 2008 og 2009. Programmet tek opp i seg 38 ulike kompetansetiltak som vert tilbydd målgruppa Fylkesmannen har bidratt til at kunnskaps- og kompetansetiltakene på fagområdet er forankret i kommunenes planar ved at dokumentet om dei 38 ulike kompetansetiltaka blei sendt ut til dei lokale kontora ultimo mars. To av tiltaka i programmet er spesifikt knytt til rusoppdraget, og dei er utvikla og gjennomført i saman med Stiftelsen Bergensklinikkane, Kompetansesenteret.

Tilsette både i stat og kommune har vore invitert til desse tiltaka. Dei to tiltaka har vore på hovudtema: Individuell plan, rus og psykiske lidningar. Til saman 100 personar har delteke på desse tiltaka. Eit av tiltaka har vore over tre dagar, og eit har vore over to dagar.

Knytt til hovudtema nemnd ovanfor har følgjande tema vore oppe på dei ulike fagsamlingane:

Relasjonskompetanse, analyser m.m.. knytt til personar med rusproblem og med psykiske lidningar, teoretiske

tilnærmingar og bruk i praksis, kva er endring, samtalen og kommunikasjon, rusmiddelbruk i Noreg, behandlingssprinsipp, kliniske erfaringar med behandlingsmodellar, nytteverdi av utredningsperspektiv, kartlegging av rusmiddelbruken, AD/HD og rus, Tverrfaglig samarbeid, utvikling av personligheitspatologi, personligheit forstyrningar/ diagnoser, Ruslidingar og avhengigheit med fokus på avhengigheitens dynamikk. Ungdom med ruslidingar, kva karakteriserer denne gruppa og viktige behandlingssmessige konsekvensar.

Det har vore omlag 4 veker mellom kvar samling, slik at det har vore rom for lokale prosessar knytt til opplærings dagane.

Hausten 2007 vart det sett i gong eit samarbeide med fylkesmannen og kompetansesenteret for rus der vi inviterte kommunane til å delta i eit arbeid for å få utarbeida rusmiddelpolitiske handlingsplanar. Det var laga til eit opplegg med fleire dags samlingar, der siste samlinga var i februar 2008. Til saman 9 kommunar følgde dette tiltaket. Dette vart vidareført i 2009 med same opplegg og siste samling var i desember 2009. 7 kommunar følgde tiltaket.

Seint på året i 2008 vart det sett i gong eit større utviklingsarbeid knytt til arbeidet med tidlig intervensjon overfor risikoutsette barn. Det vil bli etablert nettverk knytt til dette arbeidet som nyleg er sett i gong i sju kommunar / bydelar. Dette arbeidet gjekk i heile 2009.

Bergen kommune er i tillegg løyvd tilskot til å vidareføre eit kompetanseutviklingsprogram knytt til arbeidet med barn som veks opp med foreldre som misbruker rusmidlar. Det vil bli invitert til fire fagdagar på tema: rusmiddelforståing, lovgrunnlag, den viktige samtalen og tverrfaglig samarbeid. Bergen kommune fekk midlar til dette i 2008 og skal no slutføre dette for dei resterande bydelar.

I oktober og november blei det gjennomført fagsamling på tema Individuell Plan med om lag 50 deltakarar hovudsakleg får NAV-kontor og sosialtenesta. Forutan innleiing frå Kompetansesenter Rus region vest og Fylkesmannen deltok repr, for Arendal kommune som viste korleis kommunen har teke arbeidet med individuell plan i bruk knytt til rusklientar. Brukarorganisasjonen RIO hadde og innlegg på samlinga.

Fylkesmannen arrangerte 13. november 2009 ei dagssamling for dei som er leiarar for og som arbeider med utviklingsoppgåver ved sosialtenestene/NAV-kontora i fylket, for å oppdatere dei på statlege satsingar på rus/sosial-området i 2010, og informera om kva statlege ordningar som kommunane kan få løyvingar frå i 2010.

Det er godt over tredve prosjekt i gong i Hordaland fordelt på dei fire tilskuddsordningane: LAV(lavterskel helse) LAR(legemiddelassistert rehabilitering), KO(koordinerande tillitsperson) og STYRK(styring av de kommunale tenestene). I Hordaland er det tre kommunar; Lindås, Stord og Bergen som har fått løyvd tilskot til ordninga med KO. I september 2009, saman med FM Rogaland og FM Sogn og Fjordane, blei KTP samla til dagsmøte i Bergen for å utveksla erfaringar m.m. dette vil bli ei fast samling to gongar i året i Bergen for desse prosjekta.

Utan å ha gjort noko systematisk kartlegging er det eit inntrykk at de fleste kommunane og NAV-kontora har brukarmedverknad på individnivå. På systemnivå kjenner vi til at Bergen kommune har etablert brukarpanel, men manglar kjennskap til korleis dette ser ut på systemnivå for fylket som heilskap. Fylkesmannen manglar oversikt over kor mange brukarar det er som har individuell plan i den einskilde kommune. Kartlegging knytt til kvalifiseringsprogrammet fortel at 1/ 3 av NAV-kontora er kome i gang med individuell plan, og at det er mange av de mindre kontora som er kome kortast i dette arbeidet.

I arbeidet på rusfeltet har det i 2009 vore ein klar målsetjing å se det kommunale rusarbeidet i samheng med Kvalifiseringsprogrammet. Det har difor vore arrangert ei stor samling for tilsette i NAV kontora over to dagar i månadskiftet september/oktober kor tema var kvalifiseringsprogrammet, individuell plan og erfaringspreiing fra rusprosjekt i Hordaland. Det var omlag 140 deltakarar. Samlinga var lagt opp som ein erfaringskonferanse og var i samarbeid med kompetansesenter for rus Region vest og Bergen kommune.

I november vart det sett i gong ei eiga satsing (prosjekt)knytt til å få rusavhengige til å betre kunna nyttiggjera seg kvalifiseringsprogrammet. Sju kommunar/ Nav kontor deltek i satsinga som blir vidareført i heile 2010 der deltakande kontor får fagleg rettleiing og blir tilført kompetanse knytt til gjennomføringa av prosjektet. Gjennom 2009 har fylkesmannen delteke på samlinger i regi av Helsedirektoratet knytt til tilskuddsordningane på rus, KTP og LAV, og dei felles rådgiversamlingane på psykisk helse og rus. Fylkesmannen har også delteke på helsedirektoratets årlege kompetansesentersamling, samt helsedirektoratets pårørendekonferanse i november 2009.

### **Statlege tilskot til kommunal rusomsorg 2009**

Fylkesmannen har i år betalt ut meir enn 23 millionar kroner til tolv kommunar i Hordaland for å støtta kommunane si satsing på betre tenester for personar med rusproblem. I tillegg har Helsedirektoratet ytt vel

8,25 millionar til akuttmottak i Bergen.

Dette er midlar som Fylkesmannen har fått overført frå Helsedirektoratet til vidarefordeling til kommunal rusomsorg i fylket. Løyvingane er delt slik på kommunane:

Bergen

13 293 211 kr

Stord

2 655 000 kr

Os

1 575 000 kr

Lindås

1 495 000 kr

Odda

1 480 000 kr

Øygarden

668 000 kr

Meland

590 000 kr

Sund

480 000 kr

Vaksdal

480 000 kr

Kvinnherad

452 731 kr

Kvam

385 952 kr

Askøy

64 200 kr

**I alt**

**23 619 094 kr**

Løyvingane er delt slik på tiltak:

**Tiltak**

**Løyving**

Styrking av heilskaplege oppfølgingstenester til rusmiddelmissbrukarar (STYRK)

---

9 358 956 kr

Oppfølgingstenester til personar i legemiddelassistert rehabilitering (LAR)

7 745 152 kr

Lågterskel helsetiltak for rusmiddelmissbrukarar, herunder tannhelsetenester (LAV)

5 274 986 kr

Forsøk med bruk av tillitspersonar og samordning av psykososialt arbeid (Tillit)

1 240 000 kr

**Tilskot til kommunale oppfølgingstenester til rusmiddelmissbrukarar i alt**

**23 619 094 kr**

I tillegg har som nemnd Helsedirektoratet gitt ei direkte løyving på 8 250 000 kr til akuttmottak i Bergen kommune. Ein del prosjekt har fått overføra ubrukte løyvinger frå 2008 til 2009, slik at det i røynda er enno meir statlege midlar til disposisjon for kommunane no i 2009.

Løyvingane for 2009 er delt slik på tiltakstype per kommune:

## **STYRK**

Bergen

4 543 225 kr

Odda

950 000 kr

Lindås

715 000 kr

Øygarden

668 000 kr

Meland

590 000 kr

Stord

480 000 kr

Sund

480 000 kr

Vaksdal

480 000 kr

Kvinnherad

452 731 kr

**I alt**



**9 358 956 kr**

**LAR**

Bergen

5 480 000 kr

Stord

1 100 000 kr

Os

715 000 kr

Kvam

385 952 kr

Askøy

64 200 kr

**I alt**

**7 745 152 kr**

**LAV**

Bergen

3 269 986 kr

Os

860 000 kr

Stord

615 000 kr

Odda

530 000 kr

**I alt**

**5 274 986 kr**

**Tillitsperson**

Lindås

780 000 kr

Stord

460 000 kr

**I alt**

**1 240 000 kr**

Fylkesmannen har også fått tildelt tilskot til vidare-/ etterutdanning på rusfeltet over statsbudsjettet kapittel 0761 post 21 med kr 980 000 til fordeling. Etter utlysning og invitasjon til å søke ble det tildelt kr 681 597 til dette formålet. Av midlane som var til rest fekk tre bydelar i Bergen ei løyving på kr 100 000 kvar som skulle nyttast til kompetansehevande tiltak på rusfeltet. Dette etter avtale med Helsedirektoratet.

## Ressursrapportering

Område 86.9 tvang overfor psykisj utviklingshemmete har vi et merforbruk i forhold til bevilling på omlag kr. 410.000 pga manglende kompensasjon for lønns- og prisstigning. Det er rapportert om dette og vi går i underskudd.

Resultatområde	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.		
Resultatområde 75 og 86	52	71	52	71
Resultatområde 76 og 77	272	0	272	0
Resultatområde 81	180		180	0
Resultatområde 82	583		583	0
Resultatområde 83	50		50	0
Resultatområde 84 og 85	48		48	0
Resultatområde 87 og 88	110	198	110	198
Sum:	1295	269	1295	269

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

#### 81.1 Planlagte tilsyn

Det er gjennomført 15 systemrevisjoner i 2009 fordelt på temaene tvang og makt (sosialtjenesteloven kap. 4a), helse-, sosial-, og barneverntjenester til risikoutsatte barn, barne- og avlastningsboliger, saksbehandling og økonomisk rådgivning. Avvik er gitt i 10 av kommunene innenfor alle temaområdene.

#### 81.2 Områdeovervåking

Det er foretatt kartlegging av barne- og avlastningsboliger samt antall psykiske utviklingshemmete med tjenester i kommunene.

#### 81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Etter at Fylkesmannen i Hordaland i 2008 mottok færre sosialklagesaker enn nokon gong etter at sosialtjenestelova trådde i kraft, auka talet innkomne klagesaker i 2009 med 16 prosent, til 442 klagar i alt. Likevel er dette det nest lågaste klagetallet. Dei siste seks åra har talet innkomne sosialklagar utvikla seg slik i vårt fylke:

- 2004 584 - 45
- 2005 560 - 24
- 2006 523 - 37
- 2007 466 - 57

- 2008 380 - 86
- 2009 442 + 62

I alt behandla Fylkesmannen 384 sosialklagesaker i 2009, noko som er ein del færre enn vi fekk inn. Desse sakene fordeler seg slik på tema:

- Økonomisk sosialhjelp 234 klagar 61 %
- Sosiale tenester 130 klagar 34 %
- Andre sakstypar 20 klagar 5 %

Det var innan kapitlet om sosiale tenester at auken i klagar kom (+ 46 prosent), medan klageetalet på økonomisk sosialstønad var relativt stabilt stabilt (- 6 prosent). Under kategorien "Andre sakstypar" behandla Fylkesmannen i Hordaland i 2009 for første gong ei sak vedrørande den nye ordninga med kvalifiseringsstønad.

Dei 130 klagane på sosiale tenester fordeler seg slik på tenestetypen:

- Omsorgsløn 45
- Støttekontakt 30
- Avlastning 19
- Praktisk bistand/heimhjelp 16
- Brukarstyrt personleg assistanse 15
- Anna 5

Dei 234 klagane på økonomisk sosialhjelp fordeler seg slik:

- Økonomisk sosialstønad 214
- Refusjon i trygdeytning 13
- Stønadsform 4
- Bruk av vilkår 2
- Anna 1

Ved behandling av klagane endra Fylkesmannen i alt 27 av dei påklaga vedtaka til gunst for klagaren, medan 57 vedtak vart oppheva og sende attende til kommunen for ny behandling. Berre ei klagesak vart avvist, dvs. at saka av formelle årsaker vart avvist frå realitetsbehandling av klageinstansen.

Fylkesmannen skal behandla 90 prosent av sosialklagesakene innan tre månader, og dette kravet haldt vi i 2009, då vi behandla 92 prosent av klagane innan tre månader. Likevel auka behandlingstida i 2009: I alt 55 prosent av sakene hadde ei behandlingstid på meir enn to månader, mot berre 12 prosent i 2008.

## 81.4 Spesielle oppgaver etter sosialtjenesteloven kap. 4A

Fylkesmannen mottok 579 enkeltmeldingar om bruk av tvang/makt i naudsituasjonare etter sosialtenestelova § 4A-5 tredje ledd bokstav a. Desse omfatta i alt 145 personar.

Fylkesmannen i Hordaland overprøvde og godkjende 130 vedtak om bruk av tvang/makt etter sosialtenestelova § 4A-5 tredje ledd bokstav b og c. Dette omfatta i alt 188 ulike tiltak mot 110 personar. Fylkesmannen gjekk ut over sakshandsamingstida på 3 mnd i ca 16 av dei 130 sakene.

Det vart gjennomført 41 stadlege tilsyn. I tillegg foretok Fylkesmannen 20 tilsyn i brevs form, der kommunane har måtta gjort greie for ulike forhold.

Det vart funne avvik i ca 2/3 delar av dei stadlege tilsyna.

Fylkesmannen gjennomførte fagsamling for dei overordna faglege ansvarlege for sosialtenestelova kapittel 4A i kommunane.

## 81.5 Andre oppdrag

Helsetilsynet i Hordaland har delteke på samling om tilsyn med helsetenester til eldre. Helsetilsynet i Hordaland gjorde risikovurderingane av tenestene til eldre i samarbeid med Helsetilsynet i Sogn og Fjordane og

Helsetilsynet i Rogaland. Våre felles vurderingar vart sende til Statens helsetilsyn innan oppgitte tidsfristar.

## 81.6 Hendelsesbasert tilsyn

14 saker er behandlert som hendelsesbasert tilsyn i 2009.

## Resultatområde 82 tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

I 2009 mottok Helsetilsynet i Hordaland 245 nye saker og behandla 243 saker kategoriserte som tilsynssaker i Regrot, inklusive 25 saker som vart avviste.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida er 161 dagar, median er 121 dagar. Rapporteringar er sende til Statens helsetilsyn i samsvar med oppdraget.

Det kom førespurnad om politietterforsking i 2 saker. Vi gav ikkje tilråding om politietterforsking. Den eine saka blir følgd opp som tilsynssak.

Vi har ikkje meldt sak til politiet i 2009.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Rapportering til Statens helsetilsyn er gjennomført i samsvar med embetsoppdraget. Vi gjennomførte 21 planlagte tilsyn med verksemder. Det er to færre enn resultatkravet. Årsak til manglande resultatoppgåing er ledige stillingar og uføresette endringar i personellsituasjonen.

Rapportane frå tilsyn blir lagt ut på nettsida og i tilsynsdatenbanken. Ved det landsomfattande tilsynet ved distriktpsykiatriske senter (DPS) er det påpeika utforsvarleg verksemd ved eit DPS og for lite spesialistkompetanse i form av lege- og/eller psykologspesialistar ved fleire. I region vest vart det i perioden 2008 - 2009 gjennomført tilsyn ved ni DPS. Fleire av dei tilbyr ikkje tenester i samsvar med DPS-rettleiaren frå Helsedepartementet. Manglande tenestetilbod og manglande spesialistkompetanse og mange vikarar fører til liten kontinuitet i behandlinga. Fleire DPS hadde sett i verk kompenserte tiltak, men tilhøva medfører likevel at tilbodet ikkje har ønskt kvalitet alle stader og at tenestetilbodet i realiteten ikkje er så desentralisert som det er lagt opp til frå nasjonalt hald.

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Hordaland gjennomførte tilsyn med kommunale helse- og sosialtenester til barn i barne- og avlastingsbustader. Tilsyna viste at kommunane ikkje har god nok styring og kontroll med at barna får tenester som dei har behov for.

### 82.3 Områdeovervåking

I 2009 fekk vi 92 meldingar etter spesialisthelsetenestelova § 3-3. Ved årsskiftet var 89 av dei lagt inn i Meldesentralen. På bakgrunn av meldingar oppretta vi sju tilsynssaker. Talet på meldingar er gått ned dei siste åra, men meldingane som vi får, er meir alvorlege. Endring i meldefrekvens er teken opp i fleire møte med spesialisthelsetenesta. Vi deltek i pilotprosjektet med elektronisk saksbehandling e-MeSS.

### 82.4 Klager etter helsetjenestelovgivningen

Helsetilsynet i Hordaland mottok 173 kopiar av vedtak etter pasientrettslova kapittel 4 A. Av desse var det ein klage på vedtak. Vedtaket vart ikkje endra.

## 82.5 Andre oppdrag

Helsetilsynet i Hordaland har rapportert i samsvar med embetsoppdraget. Vi har delteke i arbeidet med å førebu tilsynet med kommunale helse- og sosialetenester til eldre.

Helsetilsynet i Hordaland har kontaktfylkeslegefunksjon i region vest og har utført oppgåvene som følger med denne funksjonen i samarbeid med Helsetilsynet i Sogn og Fjordane og Helsetilsynet i Rogaland. Det er gjennomført felles møte vår og haust. Det er også gjennomført møte med regionalt helseforetak vår og haust.

Helsetilsyna i dei tre fylka gjennomførte felles risikovurdering av område med størst risiko for svikt i dei kommunale helsetenestene og i spesialisthelsetenesta. Vurderingane vart sende til Helsetilsynet innan 1. november 2009.

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Avkjørselssaker etter vegloven

#### Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 91 og 92	6		6	0
Sum:	6	0	6	0

## Utenriksdepartementet

### Resultatområde 93 Apostiller

Fylkesmannen har behandla 4353 apostiller i 2009.

### Resultatområde 94 Forberedelse av saker om honorære konsuler

#### Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 93 og 94	15	0	15	0
Sum:	15	0	15	0

## Kultur- og kirkedepartementet

### Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskott for trdomssamfunn i 2009.

Det er utbetalt støtte for 10.245 medlemmar.

Vi har registrert 3 nye trdomssamfunn i 2009.

Vi viser ellers til eigen årsrapport som er sendt til Kultur- og kyrkjedepartementet.

### Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen fatta i 2009 57 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. Det vart innvilga 45 løyve til oskespreiing. Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

### Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi avgjorde 2 søknader om dispensasjon i 2009. Begge vart avslått.

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO	Sum
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 95, 96 og 97	18	18
Sum:	18	18

## Fornyings- og administrasjonsdepartementet

### Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

#### 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

*Innvandrarbakgrunn:*

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. Frå 1. januar 2008 til 1. januar 2009 har talet på tilsette med innvandrarbakgrunn auka med 1. I 2009 vart det ikkje tilsett nokon med innvandrarbakgrunn. I samband med utlysing av ledige stillingar, vert alltid personar med innvandrarbakgrunn oppmoda om å søkje. Til tross for dette er det få søkjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar hos oss. Søkjarar med innvandrarbakgrunn vert alltid innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte. I 2009 har to personar med innvandrarbakgrunn vore kalla inn til intervju.

*Nedsett funksjonsevne:*

I samband med delmål 2 i IA-avtalen (rekrutterepersonar med nedsett funksjonsevne) har embetet i samarbeid med nav gjennom fleier år hatt personar med nedsett funksjonsevne i arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne o.l. I løpet av 2009 har totalt 4 personar hatt arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne hos fylkesmannen. Søkjarar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje ledige stillingar, og minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne skal kallast inn til intervju under føresetnad av at formelle kvalifikasjonskrav er oppfylde. Det er likevel få søkjarar som tilkjennegir at dei har nedsett funksjonsevne. I 2009 var 3 personar med nedsett funksjonsevne kalle inn til intervju. Ein av desse vart tilsett.

Embetet har kontinuerleg fokus på Universell utforming, og ser dette som eit viktig virkemiddel for å kunne rekruttere og beholde medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Embetet har eigen handlingsplan på området og har sett i verk fleire tiltak.

#### *Seniorpolitikk:*

Fylkesmannen er oppteken av at vi skal leggje forholda til rette for å beholde seniorane våre så lenge som råd. I 2007 vart embetet valgt ut av FAD til å delta i seniorforsøket med redusert arbeidstid for tilsette over 62 år. 9 tilsette deltok i forsøket som vart avvikla per 1. august 2009. pr. 1. desember 2009 var 31 prosent av dei tilsette i aldersgruppa 60-69 år. Dette tilsvarar 16 % av dei tilsette.

Fylkesmannen var i oktober 2009 med på å arrangere samarbeidskonferanse ( jfr. HTA 5.6.1) der tema var Mangfold.

#### *Oppfølging IA*

*Fylkesmannen har eit stabilt lågt sjukefråvær. Totalt sjukefråvær i 2009 var på 4,7 prosent. Det har vore ein svak auke frå 2008 då sjukefråværet var p 4,3 %. Vi reknar med at auken skuldast pandemien som råka hausten 2009. Fylkesmannen har som mål å hindre at einge tilsette fell ut av arbeidslivet og vert uføretrygda. Som forebyggjande tiltak har embetet i samarbeid med bedriftshelsetjenesta arrangert rygg- og nakkeskule. Det har og vore gitt instruksjonar i trening med "terapimaster". Embetet har kjøpt inn treningsstrikk, balanseputar og dagslyslampar som forebyggjande tiltak mot sjukefråvær. I tillegg har vi lav terskel for å gjennomføre arbeidsplassvurderingar med fysioterapeut. Fylkesmannen vil ha fokus på sjukefråvær framover.*

*Det har vore møte med arbeidslivssenteret for å diskutere virkemidler med sikte på oppfylling av delmål 2 og 3.*

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2008	% 2008	Antall 2009	% 2009
FMHO	3	1,5	4	2
<b>Sum</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>4</b>	<b>2</b>

## 98.2 Kompetanseutvikling

Medarbeidersamtalar og virksomhetsplanar skal danne grunnlag for fordeling av kompetansemidlar ved embetet. På bakgrunn av dette vert det utarbeidd ein opplæringsplan kvart år. Dei tilsette skal sikrast fagleg påfyll og få dekt kompetansebehovet sitt i høve til dei arbeidsoppgåvene dei har. Fylkesmannen er opptatt av at det skal gis lik mulighet til karriereutvikling og personlig utvikling uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn.

I 2009 hadde embetet felles opplæringstiltak innan offentleglova og nynorskkompetanse.

Vi ser at det er alders- og kjønnsmessige forskjellar når det gjelder deltaking i kompetanseøkende tiltak. Vi ser at det er fleire under 50 år som ønskjer å delta på kurs og liknande. Vi ser og at kvinner har hatt ein lavare

deltakingsgrad enn menn det siste året. Ein mogleg forklaringsårsak til dette kan vere at det er fleire kvinner enn menn som har forpliktelser og omsorgsoppgåver i heimen.

Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMHO	3	33	67	6	11

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMHO	39	61	85	15

### 98.3 Medvirkning

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad for dei tilsette og organisasjonane deira. Kontakten mellom leiinga og organisasjonane er god og prega av tillit. Embetet har utarbeida strategiar for å sikre medbestemmelse og medverknad for dei tilsette og organisasjonane deira, retta både mot avdelingsnivå og på embetsnivå.

Fylkesmannen ser viktigheten av å ha ein god og tett dialog med organisasjonane. Foruten fire faste samarbeidsmøte mellom embetsleiinga og organisasjonane kvart år, vert det halde møte i samband med budsjett og lokale forhandlingar. Det er nedfelt i lokal tilpasningsavtale at samarbeidsmøte og skal avholdast dersom ein av partane finn det naudsynt.

På embetsnivå handsamast saker som omfattar heile embetet og som er avdelingsoverskridande. Aktuelle saker i 2009 har vore budsjettsaker, lønns- og rekrutteringsproblematikk, utarbeiding av ny tilpasningsavtale og løpande orientering om forvaltningsreforma. Organisasjonane vert informert om ledige stillingar/stillingsannonser via e-post/evt. møter, og har reell medverknad både på stillingsinnhald/kompetansekrav og lønnsalternativ.

På avdelingsnivå vert dei tilsette og organisasjonane informerte om saker som vedkjem eiga avdeling. Når det gjeld forvaltningsreforma har berørte avdelingar i særleg grad blitt løpande orienterte.

Ein tilstreber å sikre deltaking frå organisasjonane i interne råd og arbeidsgrupper.

Administrasjonssjef ved embetet leiar Nettverksgruppa for Vestlandet (samarbeid og medbestemmelse i arbeidslivet, hta 5.6.1). I 2009 vart det arrangert to konferansar, og begge konferansane gjekk over 2 dagar. Målgruppa var tillitsvalde og leiarar i statlege etatar, og føremålet er å sikre medbestemmelse og samarbeid mellom partane og å auke samarbeidskompetansen i arbeidslivet.

### 98.4 Likestilling og likeverd

**Likestilling:** Av personalplan for Fylkesmannen i Hordaland går det fram at personalpolitikken ved embetet skal bygge på likestilling mellom kvinner og menn innafor ulike nivå ved embetet. Fylkesmannen er oppteken av at alle får samme anledning til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbeidsoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopprykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

Pr. 1.12.2009 hadde embetet 193 tilsette. Av desse var 102 kvinner ( 53 %) og 91 menn ( 47 %). Leiargruppa består av 17 personar, derav 6 kvinner (35 %) og 11 menn (65%). Kjønnfordelinga har vore stabil dei siste åra. Kvinner dominerer innafor konsulentkodene ( saksbehandlargruppe I), medan kjønnfordelinga i høgare saksbehandlargruppe er jamnare fordelt. Foruten stillingskode 1063 førstesekretær og 1065 konsulent ligg menn høgare plassert i løn enn kvinner. Forskjellen er likevel liten og ligg jamnt over på 1-2 lønstrinn. Embetet har særkilt fokus på å rette opp eventuelle kjønnsbaserte forskjellar i høve til lokale lønnsforhandlingar. Mellom anna er ein obs på at dei som er i foreldrepermisjon og omsorgspermisjon skal ha like store sjansar for å nå fram med sine krav som andre.

Embetet utarbeider hvert år en personal- og likestillingsrapport.



## Utdrag fra likestillingsrapport for 2009:

**Gjennomsnittleg lønsplassering (lønnstrinn) avdelingsvis for kvinner og menn i saksbehandlarstilling I (førstesekr., konsulent 1064 og 1065, avd.ing 1084: Lønngjennomsnittet for kvinner er ltr. 41 og lønngjennomsnittet for menn er ltr. 41.**

Lønngjennomsnitt i lederstillinger er for kvinner ltr. 71, mens gjennomsnittet for menn er ltr. 70. ( Fylkesmann og assisterende fylkesmann er ikke tatt med i denne sammenhengen).

**Alder og kjønn pr. 1.12.2009:** Aldersfordelingen viser at 8 % av de tilsette er i aldersgruppa 20-296 år. 16 prosent av dei tilsette er i aldersgruppa 60-69 år. Den største gruppa av tilsette tilhører aldersgruppa 40-49 år ( 30 %). Dette syner at embetet har ein god alderfordeling blant sine tilsette.

**Aktuelle dokument:** Tilpasningsavtale, personlaplan, lønnspolitiske retningslinjer.

**Universell Utforming:** I 2009 har Fylkesmannen hatt eit særskilt fokus på universell utforming. Dette gjeld både internt og eksternt. Embetet har hyra inn Hjelpemiddelsentralen for å gå gjennom av Statens Hus og avdekke forbetringpunkt i høve universell utforming. Gjennomgangen omfatta både ute- og inneareal med tanke på både alle brukarar av huset, både tilsette, kundar og gjester. Rapporten frå denne gjennomgangen har saman med resultat frå intern arbeidsgruppa danna grunnlag for ein Handlingsplan for universell utforming. Handlingsplanen inneheld konkrete tiltak, og fleire av desse er alt sett i verk. Arbeidet med universell utforming har krevd samarbeid mellom huseigar, arbeidsmiljøutval, hjelpemiddelsentralen og avdelings- og embetsleiing. Organisasjonane ved embetet har blitt fortløpande orienterte om status for arbeid med universell utforming.

Der tilsette har behov for tilrettelegging vert dette vurdert individuelt. Mellom anna vert døråpnarar monterte etter behov, og ein har fokus på toaletttilhøva med tanke på rullestolbrukarar. Fylkesmannen samarbeider med bedriftshelsetjenesten Hjelp 24 om individuelle arbeidsplassvurderingar og tilrettelegging. Dette har i 2009 mellom anna medført ergonomiske tiltak og innkjøp av nye kontormøblar. Det går fram av handlingsplan for Arbeidsmiljøutvalet at ein skal foreta arbeidsplassvurderingar med fysioterapeut etter behov. Dette skjer kontinuerleg gjennom året.

**Aktuelle dokument:** Tilpasningsavtale, Handlingsplan for universell utforming, Handlingsplan for Arbeidsmiljøutvalget.

**Fylkesmannen tar likestillingsarbeidet på alvor og vil halde fram arbeidet for å sikre likebehandling uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, legning og funksjonsevne.**

## 98.5 Føringer på IKT-området

Innan IKT arbeide vi i 2009 mykje med den tekniske konfigurasjonen av systemet. Oppsettet er no slik at det i all hovudsak følgjer anbefalingane i Informasjonssikkerhetspolicy for Fylkesmannen. Det er innført ein instruks for brukarar som gjev føringar for korleis dei tilsette skal oppføre seg ved bruka av IKT-systemet.

Det er ikkje oppdaga/registrert at informasjon unnateke offentleg innsyn har kome på avvege i 2009.

Embetet har i samsvar med resultatkrav sendt rapportering til FAD pr. brev.

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det bli lagt ut data på fylkesmannen.no innan 1.5.2009 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMHO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 99	4	0	4	0
Sum:	4	0	4	0